

TA VORE PÅ FRAMTIDA

ARBEIDSPROGRAM 2017-2021

Innleiring	3
Vårt livsgrunnlag	6
Demokrati og deltaking	16
Grøn økonomi	23
Grønt næringsliv	31
Areal og transport	42
Utdanning og kompetanse	50
Arbeid og velferd	56
Helse og omsorg	61
Fridom og mangfold	67
Kultur	71
Justis og beredskap	76
Noreg i verda	80

Ved tvil om meiningsinnhaldet er det bokmålsversjonen som gjeld.

INNLEIING

Miljøpartiet Dei Grøne sitt mål er eit medmenneskeleg samfunn i økologisk bålanse. Økonomien skal vere underordna sunne økologiske prinsipp og fremje fred og rettferd både lokalt og globalt. Livskraftige lokalsamfunn, i hovudsak basert på lokale ressursar, er ein føresetnad for å nå målet. Vi tek mål av oss til å utforme ein heilskapleg politikk for notid og framtid, basert på tre grunnleggande solidaritetsprinsipp: solidaritet med andre menneske, solidaritet med framtidige generasjonar og solidaritet med dyr og natur.

Frå Miljøpartiet Dei Grøne sitt prinsippsprogram

Miljøpartiet Dei Grøne går til val på å gjennomføre eit grønt skifte i Noreg. Vårt program peiker ut ei ny økologisk, berekraftig og framtidsretta samfunnsutvikling. Det er ei utvikling der velferd og livskvalitet vert skapt innafor rammene av økosistema sine tålegrenser og ut frå omsynet til menneske, dyr og framtidige generasjonar.

Vi lever i eit trygt og velståande samfunn. Dette takk vere rørsler som har samla folk om det som i utgangspunktet framsto som utopiar. I dag er dette realitetar i form av allmenn stemmerett, arbeidstakarrettar og menneskerettar. Vi kan vanskeleg sjå for oss notida utan framstega som mellom andre arbeidarrørsla, kvinnerørsla og menneskerettsrørsla har sørga for.

Vår generasjon står overfor det neste, store fellesprosjektet. Det er å skape eit grønt samfunn med økologisk og sosial berekraft som ramme. Dei Grøne er ein del av ei global, grøn rørsle som vil mobilisere heile menneskeheita sin viljestyrke, optimisme og framtidstry for å ta vare på naturen og livet på jorda.

Det grøne skiftet er eit skifte frå førestillinga om at vi kan bruke uavgrensa av jordas ressursar til ei erkjenning av at ressursane vi har på vår felles jordklode er avgrensa. Om vi skal skape ei verd i varig økologisk balanse, må vi også endre dei strukturane og verdiene som utgjer den grunnleggjande årsaka til vår tids øydelegging av livsgrunnlaget.

Menneska er avhengige av naturen og dermed av mangfaldet av ulike livsformer på jorda. Denne erkjenninga ligg til grunn for all vår politikk. I jakta på evig vekst har vi ureina og konsumert oss til fårlege klimaendringar og tap av biologisk mangfald. Dei Grøne sitt program viser korleis vi kan starte overgangen til ein meir berekraftig økonomi, der økologisk og sosial berekraft er rammene for samfunnsutviklinga.

EIT EKTE GRØNT SKIFTE

Vi lever i ei avgjerande tid for verda, i eit land med fantastiske moglegheiter til å gjere ein skilnad. Dei Grøne vil bruke dette handlingsrommet og gjennomføre eit ekte grønt skifte i Noreg. Det er no vi har tid, pengar og kompetanse til å ta ansvar for våre velferden til barnebarna og framtida til verda. Det er no vi har rom til å starte ei gradvis omlegging frå ein oljeøkonomi til eit mangfaldig og fornybart næringsliv. I dette programmet viser vi i praksis korleis Noreg kan mobilisere skaparkraft og engasjement til å gjennomføre eit grønt skifte i alle deler av samfunnet. Dette er avgjerande for å oppnå varig velferd og verdiskaping innenfor naturens tålegrenser. Gjennomføringa av dette skiftet vil vise verda at ei grøn framtid er mulig. På den måten kan Noreg igjen vere eit føregangsland og ein pådriver i miljøsaker internasjonalt.

MEIR DEMOKRATI OG DELTAKING

Høg tillit mellom enkeltmenneske, og til fellesskapet, har sørga for velferd og livskvalitet for nordmenn i mange generasjonar. I åra som kjem står demokratiet ovefor den største oppgåva si nokosinne. Det er ikkje lenger nok å løyse dei nære og kortsiktige problema. Om livsgrunnlaget skal reddast må vi skape eit samfunn der alle ser nytta av å engasjere seg for fellesskapet si framtid. Dei Grøne er overtydde om at den beste grobotnen for dette er auka deltaking, meir medverknad, involvering og ansvar.

Demokrati er meir enn stemmerett. Dei Grøne vil difor styrke lokaldemokratiet, sivilsamfunnet og frivillige organisasjonar, og sørge for åpne og inkluderande demokratiske prosessar. Vi meiner at eit sterkt demokrati føreset rettferdig fordeling av kapital, makt og muligheter og stor personleg fridom, der den trygge fellesskapet og individet sitt identitetsuttrykk er gjensidig rause med, og avhengige av, kvarandre.

EIT VARMARE OG MEIR INKLUDERANDE SAMFUNN

Arbeidsprogram
2017-2021

Vi vil skape ei framtid der mindre stress, forbruks- og prestasjonsjag gir meir rom for eit rikare og betre liv. I eit grønt samfunn har vi meir tid til kvarandre, og auka fridom til å leve meiningsfulle, mangfaldige liv. Ved å dele på arbeidet sikrar vi ein betre balanse mellom arbeid og fritid. Samtidig vil vi styrke frivillig sektor der vi kan vise skaparkraft og omsorg, og satse på kultur og friluftsliv som kjelde til meistring og opplevelingar.

I tillegg til dei store, radikale endringane i klima- og miljøpolitikken, vil Dei Grøne styrke velferdssamfunnet vårt til å bli meir inkluderande og berekraftig. Heile samfunnet, med helsevesenet og skulen i spissen, må fremje gode liv og moglegheiter for alle. Dei Grøne vil gjennomføre ei rusreform og satse målretta på psykisk helse, livsmeistring og tidleg innsats. Vårt mål er at alle menneske skal få moglegheit til å realisere sitt fulle potensial.

SOLIDARITET PÅ TVERS AV LANDEGRENSER OG GENERASJONAR

Heilt sentralt i den grøne rørsla ligg erkjenninga av at utfordringane vi står overfor er globale. Vegvala som må takast av vår generasjon gjeld menneska i fellesskap. Derfor må lojaliteten rettast mot den globale fellesskapen, framfor smale, nasjonale interesser. Eit effektivt og varig samarbeid om globale miljøutfordringar føreset at vi utviklar ein solidaritet som grip djupt, på tvers av landegrenser og generasjoner.

For Dei Grøne er det eit mål i seg sjølv at ressursane på jorda vert rettvist fordelt mellom alle menneske, og forvalta slik at framtidige generasjoner har like gode moglegheiter som oss. Difor høyrer ein ansvarleg klima- og miljøpolitikk, auka bistand og innsats for sosial rettferd, internasjonalt fredsarbeid og nedrusting uløyseleg saman. Dette programmet er eit uttrykk for Dei Grøne sitt utvida solidaritetsomgrep: solidaritet med andre menneske, solidaritet med framtidige generasjoner og solidaritet med dyr og natur.

VÅRT LIVSGRUNNLAG

Arbeidsprogram
2017-2021

Menneska har eit ansvar som strekker seg langt ut over eigen person, nasjon og generasjon. Våre liv er innvevd i økosystem og syklusar i naturen, gjennom vårt forbruk av mat, vatn, energi, material og kjemikalium. Vårt grunnsyn er at menneska er djupt knytte til, og avhengige av, velfungerande økosystem. Å bry oss om desse, er å bry oss om oss sjølv. Menneska sine moglegheiter til liv vert avgjort av kor godt vi lærer oss å leve i samspel med naturen. Difor set Dei Grøne naturen sistålegrense som ramme for all politikk.

Naturen fungerer i krinslaup som menneska er ein del av, og som vi må må tilpasse oss. Menneskelig aktivitet er hovuddrivkrafta bak dramatiske endringar i livsmiljøet. Det skuldast at vi bryt med naturen sinestålegrensene. Vi tømer lagera med avgrensa naturressursar som jorda har brukt millionar av år på å bygge opp. Vi øydelegg den skjøre og livsviktige balansen i klimaet på jorda. Vi er også i ferd med å utløyse den sjette masseutryddinga av artane som lever på jorda. Vi uroar krinslaupa for stoff som nitrogen og fosfor, tømer lagera av grunnvatn og spreier miljøgifter i mat, jord og vatn utan å kjenne konsekvensane. På sikt kan vi øydelegge sjølve føresetnaden forlivet på jorda.

Dei Grøne går til val på eit paradigmeskifte i norsk miljøpolitikk. I mange generasjonar har naturen sistålegrense blitt oversett og forsømt. Nå treng verda målretta og handlekraftig politikk som viser omsorg for framtidige generasjonar. Vi vil føre ein ansvarleg og radikal miljøpolitikk forankra i vitskapleg dokumentasjon om kloda sin tilstand og føre-var-prinsippet. Vi vil ta dei reelle konsekvensane av Paris-avtalen og FN sitt berekraftsmål. Vi treng ei systematisk omstilling som set i verk tiltak på alle område der livsmiljøet er trua.

Ei grunnsøyle i den grøne ideologien er kunnskapen om at menneska er avhengige av, og lever i samspele med økosystema. Vårt engasjement for naturen kjem ut frå opplevinga av tilhøyre, glede, og kjærleik til naturen. Det vert forsterka av den djupt alvorlege erkjenninga av at øydelegginga av natur truer menneska si velferd og sin tryggleik.

Livet på jorda er fantastisk rikt og mangfaldig og har utvikla seg gjennom mange millionar år. I dag forsvinn dette mangfaldet meir enn tusen gongar raskare enn det som er naturleg. Talet på ville dyr på landjorda og talet på fisk og sjøfugl i hava er halvert dei siste 40 åra. Utviklinga fører til kollaps i økosystema, truer matforsyninga og gjer at vi mister økosystemfunksjonar som pollinering av avlingar og rensing av luft og vatn.

I Noreg er kvar femte art enten sårbar eller trua av utsynning. Vi vil gjere disse artane livskraftige. Det vil vi gjere ved å kombinere forsvarleg bruk av natur og kulturlandskap med utvida vern mot inngrep. Gamalskog, våtmarker og store urørde område er ekstra viktige å ta vare på. I tillegg vil vi starte arbeidet med å restaurere natur, mellom anna ved å retablere artsrike skogar, våtmarks- og vassdragsnatur, og ved å bygge opp svekka bestandar av mellom anna fisk og rovdyr.

Kvar einaste dag er naturen kjelde til folkehelse, livskvalitet og opplevingar for hundretusen av menneske. Om våre barnebarns barnebarn skal ha same tilgang som oss til natur, må grøne lunger, bymarker og friluftsområde få sterkare vern.

Dei Grøne vil:

- Innføre ei lov om nærnatur som gir varig vern av område som er viktige for friluftsliv og naturopplevingar for mange menneske.
- Redusere presset på naturen ved å gjere livskvalitet innanfor naturen sistålegrens til målet for den økonomiske politikken, ikkje stadig høgare produksjon og materielt forbruk.
- Utvide statsbudsjettet med forpliktande mål og budsjett for økologisk berekraft for å unngå rovdrift på norske naturressursar.
- Verne Noregs siste villmarksområde for å verne sårbar natur og sikre at framtidige generasjonar også kan oppleve store samanhengande område med vill og urørt natur i Noreg.
- Etablere eit program for restaurering og retablering av våtmarker, naturskog og andre viktige naturtyper, og ha som mål at 15 prosent av svekka økosystem blir restaurert innan 10 år.
- Trappe opp arbeidet med kartlegging av norsk natur, og fullføre eit økologisk grunnkart for Noreg innan ti år.
- Etablere Østmarka og Preikestolen nasjonalpark, utvide Jotunheimen nasjonalpark og ta initiativ til ein plan for nye nasjonalparkar med særleg vekt på lavlandsområde og kystr natur.
- Tredoble vernet av verdifull skog i Noreg ved å verne minst 10 prosent av den produktive skogen vår innan 2027.
- Stanse hogst av dei gjenverande områda med gamalskog i Noreg.
- Trappe opp Noregs innsats for å bevare regnskog ved å auke støtta til regnskogbevaring, trekke oljefondet ut av investeringar som fører til tap av regnskog og unngå import av varer som bidreg til øydelegging av regnskog.
- Retablere samanhengande inngrepsfrie naturområde som er viktige for å gjenopprette store samanhengande trekkruter for villrein.
- Etablere større, samanhengande nasjonalparkar og verneområde på tvers av lande-

grensene i Norden, særleg på Nordkalotten.

- Reversere lovendringa som har åpna for fornøyelseskøyring med snøscooter i norsk natur, og bruk av vannscooter, og seie nei til forslag som fører til auka motorisert ferdsel i naturen.
- Stanse miljøskadelege subsidiar som bidreg til hogst av gammalkog eller inngrep i urørt natur.
- Jobbe aktivt for å beskytte og bygge opp igjen bestandar av artar som er trua av utrydding, blant anna ved å mangedoble talet på prioriterte artar og auke talet på utvalde naturtypar.
- Sikre levedyktige bestandar av alle rovdyr og rovfuglar som hører heime i norsk natur.
- Etablere Noreg sin første nasjonalpark med eit heilskapleg økosystem som inkluderer rovdyr.
- Fremje ein konfliktdempande dialog i rovdrysaker og søke løysingar i samarbeid med dei råka.
- Føre ei aktiv, kunnskapsbasert forvaltning som, i tillegg til fagleg funderte bestandsmål og rovdyra sin økologiske funksjon, også tar omsyn til beitenæring, busetting og bruk av naturen.
- Ha minimum 8-10 heilnorske ynglingar av ulv.
- Supplere verneplanen for vassdrag med fleire vassdrag og legge spesielt vekt på å verne mykje kystrør vassdragsnatur i stortingsperioda.
- Styrke arbeidet for å beskytte og styrke norske villaks- og aurebestandar.
- Bygge fleire viltoverganger over vegar, toglinjer og andre barrierer, og sette i verk tiltak for å fjerne farlege og unødvendige menneskeskapte hinder som gjerde, piggtråd og liknande.
- Stå for ein aktiv føre-var-politikk for bruk av genteknologi som legg vekt på miljø, helse og sosiale forhold, og vidareføre genteknologilova og dagens restriktive praksis med strenge krav til økologisk og sosial berekraft.
- Hindre nye, framande artar i å etablere seg i Noreg og lage handlingsplanar for å bekjempe dei mest skadelege svartelista artane.
- Lage eit sterkare lovverk for å beskytte naturen, blant annet ved å gi heimel for bindande miljøkvalitetsnormer i naturmangfaldlova.
- Utvikle retningsliner for berekraftig bruk av biomasse, som sikrar at produksjon og bruk av biodrivstoff ikkje legg beslag på matjord eller fortrenger regnskog.
- Skjerpe krava til berekraftig skogsdrift og gi sterkare incentiv til skogeigarar som ønsker å gå over til ei meir skånsom skogsdrift der omsynet til miljøet blir tatt i vare.
- Føre ein langt meir aktiv politikk for å ta vare på artsrike kulturlandskap som slåtteenger og beitemarker.
- Auke talet på utvalde kulturlandskap til 100 innan 2021.
- Slå ring om allemannsretten og høve til å hauste av levande naturressursar i Noreg.

Les meir om korleis Dei Grøne vil gjere arealforvaltninga berekraftig i kapittelet "Areal og transport".

LIVET I HAVET

Hava dekker meir enn to tredeler av jordoverflata. Dei rommer rike og avanserte økosystem med eit enormt artsmangfald. Vi har hittil kartlagt berre ein liten del av dei livsmiljøene som finst der. No kan mange av artane i havet bli utrydda før vi rekk å dokumentere at dei nokosin har eksistert. Menneskeleg aktivitet har ført til utrydding av livet i havet som er like dramatisk som utrydding av livet på land. Tallet på fisk, sjøfugl, kval og

andre dyr i havet er blitt halvert dei siste 40 åra. For kvart tiår som går blir hava fattigare og tommare.

Den kritiske situasjonen for havet skuldast blant anna klimaendringar og havforsuring, overfiske, oppdrett, turisme og råstoffutvinning av olje og mineralar. Eit av dei raskast veksande problema er forsøplinga av verdshava og kysten. Om dagens utvikling held fram, vil det vere meir plast enn fisk i havet innan 2050. I tiåra som kjem må alle verdas kystnasjonar ta ansvar for å snu utviklinga i sine område, i tillegg til å jobbe saman for internasjonale avtalar.

Noreg er ein stor hav- og kystnasjon som forvaltar enorme naturverdiar i Nordsjøen, Norskehavet, Barentshavet og langs heile kysten. Råderetten over desse områda gir oss eit stort ansvar. Det gir oss også eit godt høve til å vise at den negative utviklinga kan snuast. Noreg har lukkast med god forvaltning av mange fiskebestandar, mens andre er svært sårbare. I tillegg utgjer oppdrettsnæringa, marin forsøpling, petroleumsverksemid og dumping av gruveavfall kritiske miljøutfordringar langs kysten. Dei Grøne meiner at alle desse utfordringane må møtast med kraftfulle mottiltak i den komande stortingsperioda.

Dei Grøne vil:

- Utarbeide ein marin verneplan innan utgangen av 2018 med mål om at ti prosent av havareala innenfor territorialgrensa blir verna før 2027.
- Styrke naturmangfaldlova ved å gjere områdevern, utvalde naturtyper og prioriterte artar gjeldande for alle norske havområde.
- Initiere ei eiga lov om heilsapelege forvaltningsplanar for havområda, for å sikre ei økosystembasert forvaltning av havressursane.
- Gjennomføre ei omfattande omstilling av oppdrettsnæringa ved at nye konsesjonar berre blir gitt til lukka oppdrettsanlegg, og innføre krav om lukka teknologi på alle eksisterande anlegg innan 2025.
- Ta initiativ til eit internasjonalt belønningssystem for vern av viktige havområde og stans av overfiske etter modell frå den norske regnskogsatsinga.
- Etablere ein eigen handlingsplan for å gjenetablere øydelagd tareskog og verne oppvekstområde for yngel og ungfisk.
- Starte eit landsdekkande oppryddingsprosjekt av spøkelsesgarn og tapte ruser, teiner og liner.
- Støtte utvikling av selektive og sjølvoppløysende redskap for å redusere uønska bifangst og stoppe spøkelsesfiske.
- Styrke innsatsen for giftopprydding i fjordar, elvar og hamner for å sikre trygg, norsk sjømat og rein natur.
- Oppskalere innsatsen mot marin forsøpling kraftig ved å styrke tilskuddsordninga for tiltak mot marin forsøpling, etablere ei skjergardsteneste langs heile kysten og etablere mottaksanlegg for marint avfall.
- Jobbe for å stanse deponering av gruveavfall i Førdefjorden og Repparfjorden og forby sjødeponi av gruveavfall.
- Sørge for eit permanent vern mot petroleumsaktivitet i særleg verdifulle og sårbare havområde, som Lofoten, Vesterålen og Senja, iskantsonen, polarfronten i Barentshavet og Norskehavet, havområdet rundt Jan Mayen, Mørebankane, Iverøygen og Skagerrak.
- Sikre korallrev, ålegrasenger og andre sårbare naturtyper som gyte- og oppvekstområde for fisk og skaldyr ved å etablere fredingsområde og oppdrettsfrie soner.
- Styrke vern av korallrev og andre viktige marine leveområde som ligg i vårt territorialfarvatn.
- Bygge opp bestandar av trua artar, og sikre at hausting av marine artar skjer i tråd med forskingsbaserte råd.

- Etablere ein eigen handlingsplan for å betre situasjonen for sjøfuglar.
- Arbeide internasjonalt mot overhausting av fisk og andre marine artar.
- Ta initiativ til eit internasjonalt forbod mot utkasting av fisk.
- Styrke fiskerioppsynet, som må vere til stades lokalt langs heile kysten, og trappe opp arbeidet med å førebygge ulovleg fiske.
- Forby botntråling.
- Gjere «Fishing for litter» til ei permanent og landsdekkande ordning der både fiskarar og folk flest kan levere inn marint avfall og få vrakpant for avfallet.
- Innføre forbod mot å skifte ballastvatn eller töme kjemikaliar frå lusebehandling i sårbare område, og avvikle bruk av kitinhemmarar i oppdrettsnæringa.
- Styrke og utvide ordninga med nasjonale laksefjordar og utgreie ei tilsvarende ordning for andre sårbare fiskebestandar som fjordtorsk.

Les meir om Dei Grøne sine forslag til ein berekraftig havbruks- og fiskeripolitikk i kapitla "Fiskeri" og "Oppdrettsindustrien".

KLIMAET PÅ JORDA

Dagens barn må rekne med å bli gamle i ei verd som ser heilt annleis ut enn den dei vaks opp i. Klimaendringane truar med å utløyse grunnleggande endringar i det livsmiljøet som har vore grunnlaget for sivilisasjonen vår. Både matforsyning, artsmangfald, økonomi og overlevinga til lokalsamfunn, byar og hele land står på spel. Auka havnivå, ekstremvær, tørke og varige endringar i været og naturen vil skape utfordingar som er uråd å sjå føre seg i dag. Dei neste fem til ti åra er kanskje vårt siste høve til å stanse utviklinga. Klimapolitikken som blir ført i desse åra blir avgjerande for levekåra til framtidige generasjonar. Difor kjempar grøne parti over heile verda for å samle verdssamfunnet om ei radikal omstilling av økonomien. Dei Grøne vil føre ein klimapolitikk som skaper eit betre samfunn med auka livskvalitet for menneske, og som er i økologisk balanse. Dette er eit stort samfunnsprosjekt som berre kan lukkast i eit tett samarbeid mellom innbyggjarar, organisjonar, næringsliv og det offentlege.

Den viktigaste årsaka til klimaendringane er brenning av kol, olje og gass. For kvart einaste tonn som vert brent blir klimaendringane farligare. Difor vil Dei Grøne avvikle bruk av fossil energi så raskt som råd. I tillegg har vi eit spesielt ansvar for å sørge for at dei klimaskadelege ressursane som Noreg har råderett over, blir liggande i bakken. Samtidig må vi rette langt større merksemd mot andre utsleppskjelder, som kjøtforbruk og avskoging.

Paris-avtalen sin ambisjon om å avgrense den globale oppvarminga til 1,5 grader er eit ambisiøst mål som Dei Grøne sluttar seg til. Men avtalen blir eit slag i lufta uten umiddelbare og omfattande tiltak. Dei Grøne vil gjennomføre desse tiltaka i Noreg ved å gjere utsleppskutt til ein del av lovverket, fase ut petroleumsnæringa og gjere Noreg til verdens første fossilfrie velferdsland. Med ei høgt kompetent befolkning, eit innovativt næringsliv og mykje kapital kan Noreg gjennomføre ein fornybarrevolusjon som kan vise veg for resten av verda.

Dei Grøne vil:

- Stanse opning av nye olje- og gassfelt på norsk sokkel og starte ei gradvis og planmessig utfasing av petroleumsverksemd over ei 15-årsperiode.
- Redusere klimagassutsleppa frå norsk territorium med 60 prosent innan 2030.

- Innføre årlege sektorvise klimabudsjett som ein del av statsbudsjettet frå 2018, som forpliktar norske styresmakter til å gjennomføre utsleppskutt og omstille Noreg til eit lavutsleppssamfunn.
- Gi gode skattevilkår til grøne næringar inspirert av dagens fordelar til oljenæringa.
- Fjerne alle skattefordelar og subsidiar til petroleumsverksemd og avskaffe TFO-ordninga.
- Gjere Statens pensjonsfond utland til ein motor for det grøne skiftet internasjonalt, og innføre ein klimaprosent der Noreg set av ein prosent av nasjonalinntekta kvart år til internasjonal klimaomstilling via oljefondet.
- Tredoble støtta til klimaomstilling i norske kommuner gjennom "Klimasats-ordninga" innan 2021.
- Sette i verk ei storsatsing på klima- og miljørådgivarar i kommunene.
- Innføre ei ordning med klimabelønning der inntektene frå enkelte miljøavgifter, som til dømes auka bensinavgift blir delt direkte ut igjen til innbyggjarane.
- Arbeide for ein raskare reduksjon i talet på klimakovter enn det til no er lagt opp til.
- Fase ut sal av nye fossile personbilar innan 2020, og fossile varebilar og bussar innan 2025.
- Etablere eit CO₂-fond for raskt å fase inn nullutsleppsteknologi for tungtransport, varebilar og bussar.
- Redusere biltrafikken i norske byområde for å redusere klimagassutslepp, luftureining og kø, og skape rom for en massiv utbygging av god kollektivtransport og sykkelvegar.
- Gjennomføre ei storstilt satsing på karbonfangst (CCS) i industrien, med minst tre anlegg etablert i løpet av stortingsperioden, og krav om rensing av alle store punktutslepp innan 2030.
- Auke miljøavgifta på ureinande flyreiser, differensiert ut frå tilgangen til alternative reisemåtar, og stimulere til utvikling av utsleppsfree løysingar.
- Redusere flytrafikken ved å bygge ut gode alternative kollektivløysingar og stanse planar om utbygging av nye rullebaner.
- Starte utfasing av alle typer fossil energibruk i Noreg i løpet av stortingsperioda ved å gjere det gradvis dyrare å ureine og støtte investeringar og bruk av nye fornybare løysingar.
- Følge opp stortingsvedtaket om å overføre gods frå veg til bane og sjø, og satse på utsleppsfree fartøy i skipsfartsnæringa.
- Legge fram ei stortingsmelding med forslag til satsing på karbonnegative prosjekt og teknologiar og ein strategi for korleis Noreg kan bli eit karbonnegativt samfunn.
- Stimulere til eit meir vegetarisk kosthald og redusere kjøtforbruket gjennom tiltak som både vil gagne miljøet og folkehelsa, og som legg til rette for betre dyrevelferd i landbruket.
- Forby nydyrkning, drenering og øydelegging av myr for å hindre utslepp av klimaskadeleg CO₂ og lystgass frå myr.
- Stille krav om elektrifisering av nye oljefelt som allereie har fått løyve til utbygging, og som ikkje kan stansast.
- Erstatte kolldrifa på Svalbard med satsing på nye næringsvegar som fornybar energi, forsking og reiseliv.
- Redusere det materielle forbruket, fordi dette bidreg til store klimagassutslepp i produksjonslandet, og legge til rette for gjenbruk, deling og meir fritid framfor stadig høgare forbruk.
- Skyte fart i overgangen til ein ressurseffektiv krinslaupsøkonomi ved å bruke avgiftssystemet, forskingsmidlar, offentlege innkjøp, innovasjonsstøtte og risikokapital til bedrifter.

Les også kapitla "Grøn økonomi", "Grønt næringsliv" og "Areal og transport" for fleire klimaløysingar.

TIKPASSING TIL KLIMAENDRINGAR

Arbeidsprogram
2017-2021

For å avgrense farlege klimaendringar er det heilt avgjerande å raskt redusere klimagassutslippa. Samtidig må vi også innsjå at klimaendringane allereie er i gang. I Noreg opplever vi meir ekstremvær og fleire ras. Det gir store utfordringar for enkeltmenneske, næringslivet og samfunnet. I andre land og regionar er problema mange gongar større, med flaum, tørke, ekstremvær, sviktande avlingar og svolt. Dette gjer omfattande investeringar i klimaførebygging tvingande nødvendig.

Den store klimarekninga for staten, regionar og kommuner er i ferd med å bli synleg i form av kostnadar for å tilpasse vegar, jernbane, avløpssystem, busetnad og infrastruktur til eit endra klima. For å sikre at omsyn til klimaendringar kjem inn i all planlegging, treng vi eit løft for kompetanse og kapasitet på klimatilpassing i kommunene. Tiltak som grøne tak, åpning av bekkar og vassdrag, og fleire grøntareal som bidreg til fordryging er viktig i tettbygde strok. Samtidig treng vi meir kunnskap om korleis klimaendringar vil påvirke matproduksjon og biologisk mangfald på land og i havet.

Noreg er eit rikt og stabilt land, som har tent store summar på eksport av fossil energi. Vi har difor eit moralsk ansvar for å også bidra til å hjelpe andre land med å omstille seg til utsleppsfree energi og tilpasse seg til ei varmere verd. Dette er samtidig ei investering i ei meir stabil verd. Dei Grøne vil bruke Statens pensjonsfond utland som ein motor for det grøne skiftet internasjonalt.

Dei Grøne vil:

- Sikre at storsamfunnet stiller betre opp for lokalsamfunn som opplever ekstremvær og ras gjennom auka støtte til opprydding og førebygging av nye hendingar.
- Utarbeide ein nasjonal klimatilpassingsplan for å ta vare på naturmangfald i eit endra klima, med tiltak for landbruk, fiskeri og oppdrettsnæringa.
- Ta omsyn til aktuelle klimaendringar i areal- og ressursforvaltninga, og auke innsatsen for klimatilpassing innan infrastruktur, matproduksjon og generell beredskap.
- Styrke beredskapen for handtering av skred, flaum og andre naturfarer, og tydelig gjere ansvaret til kvar enkelt beredskapsinstans.
- Arbeide for å hente inn vedlikehaldsetterslep og oppgradere infrastruktur i møte med klimaendringane, retta mot vegar, jernbane, offentlege bygg og avlaupsnett.
- Auke støtta til kommuner som vil gjennomføre prosjekt for grøne nærområde med auka biologisk mangfold, fleire grøntområde og attraktive sosiale byrom og møteplassar.
- Gi lokale styresmakter høve til å pålegge grøne tak, solenergiløysingar eller andre miljøvennlege løysingar der det er formålstenleg.
- Stimulere til utvikling og deling av kunnskap om klimatilpassing, og ha lav terskel for å prøve ut nye løsningar.
- Styrke kommunane si evne til å tilpasse seg ekstremvær og andre klimaendringar gjennom ei storsatsing på klima- og miljørådgjevarar.
- Innføre ein klimaprosent der Noreg set av ein prosent av nasjonalinntekta kvart år til internasjonal klimaomstilling, via oljefondet.
- Auke sjølvforsyningsgrada og styrke mattryggleiken gjennom å føre ein aktiv landbrukspolitikk.
- Styrke samarbeid og koordinering mellom staten og kommunane rundt klimatilpassing.
- gjere Statens pensjonsfond utland til ein motor for det grøne skiftet internasjonalt.

Les meir om korleis Dei Grøne vil styrke beredskapen i møte med klimaendringane i kapittelet "Beredskap".

UREINING OG MILJØGIFTER

Arbeidsprogram
2017-2021

Miljøgifter, menneskeskapt ureining og forsøpling vert i dag spreidd over hele jordkloda og kan føre til irreversible skader på miljøet og helsa vår. Verken menneske, dyr eller økosystem er tilpassa ei verd der plastureining og mikroplast fyller hava, og skadelege stoff spreier seg til jord, vatn og mat. For 60 år siden kunne det vere seks-sju ulike skadelege miljøgifter i menneskekroppen. I dag finn vi mellom 200 og 400. Ikke alle stoffa er farlege kvar for seg, men summen av stoffa kan gi dramatiske konsekvensar. Vi har framleis avgrensa kunnskap om langtidsverknadane, men veit at barn er spesielt sårbare. Barn som veks opp i dag vert eksponert for langt fleire miljøgifter enn dei som vaks opp for ein eller to generasjonar sidan.

Dei Grøne sin hovudstrategi for å stanse forsøpling, ureining og spreiling av miljøgifter er å erstatte dagens bruk og kast-økonomi med ein krinslaupsøkonomi der materialar, avfall og søppel blir resirkulert. I tillegg må både det offentlege og næringslivet ta langt større ansvar for å verne menneske, natur og dyreliv mot farlege giftstoff, skadeleg forsøpling og ureining.

I kystlandet Noreg må kampen mot marin forsøpling bli ei sentral miljøsak i neste stortingsperiode. I byane er kampen mot helsefarleg luftureining ei hovudsak for Dei Grøne. I tillegg er nye og gamle utslepp frå industri, gruveavfall og oppdrettsverksemnd også kjelder til ureining som må stansast.

Dei Grøne vil:

- Jobbe for at alle klede, mat, leiker, emballasje og andre forbruksprodukt som vert selde i Noreg skal vere trygge og giftfrie.
- Sørge for trygg og rein luft i norske byar ved å jobbe for betre kollektivløysningar, stimulere til utskifting til reintbrennande vedovnar og gi lokalpolitikarane betre høve til å innføre miljødifferensiering i biltrafikken.
- Bruke offentlege innkjøp aktivt for å avgrense bruk av miljøgifter og andre skadelege kjemikaliar ved å spørre etter miljømerka produkt.
- Få på plass trygge løysingar for lagring av alle typer farleg avfall, inkludert det norske atomavfallet, og sørge for forsvarleg drift og avfallshandtering ved norske atomreaktorar så lenge dei er i drift.
- Stramme inn vilkåra for å få utsleppsløyve etter ureiningslova, og skjerpe straffereaksjonane ved brot på lova.
- Skjerpe krava til luftkvalitet slik at dei er i tråd med Folkehelseinstituttet si tilråding.
- Hindre plastforsøpling ved å redusere bruken av plastemballasje og plastprodukt.
- Redusere bruken av unødvendig plastemballasje og plastprodukt ved å innføre ei miljøavgift på bruk av fossil plast.
- Iverksette tiltak for å sikre minst 70 prosent resirkulering av plast i Noreg innan 2025.
- Redusere bruk og spreiling av helse- og miljøskadeleg mikroplast frå kjelder som bidekk, tekstilar, måling, hudpleieprodukt og vaskemidlar, og fase ut gummigranulat på kunstgrasbaner i samarbeid med næringslivet og idretten.
- Innføre ei avgift på deponering av gruveavfall for å stimulere til auka gjenfylling og gjenbruk av avfallet.
- Kreve full openheit om kva miljøgifter eit produkt inneheld og styrke merkeordningar som gjer det enkelt å finne ut om produkta inneheld stoff som kan skade helse og miljø.
- Avgrense lysureining og jobbe for å sertifisere norske nasjonalparkar som "International Dark Sky Park"
- Ta støyureining på alvor i all samfunnsplanlegging og avgrense støy som skadar

- livskvalitet og helse.
- Gjeninnføre forbudet mot bruk av blyhagl til jakt.
- Styrke norsk forsking på miljøgifter og ureining, inkludert forsking på cocktail-effekten, hormonforstyrrende stoff, miljøgifter sin effekt på barn og på miljøverknadane av såkalla nanoformer av stoff.
- Jobbe for eit globalt forbod mot dei farlegaste miljøgiftene, og styrke det europeiske kjemikalieregelverket REACH.
- Redusere bruken av veisalt.
- Jobbe for internasjonale avtalar om å stanse plastforureining og spreiling av mikroplast både i hav og på land.
- Merke produkt som inneholder mikroplast.
- Forby ikkje-nedbrytbar eingangsplast, plastposar og eingangsbestikk der det finst miljøvennlege alternativ.

Les meir om Dei Grøne sine tiltak for å avgrense ureining av kyst og hav under kapittelet "Livet i havet" og "Oppdrettsindustrien".

DYREVELFERD

Den grøne rørsla bygger sin politikk på ein grunnleggande respekt for alt liv. Menneska er knytte til, og avhengige av naturen og dermed av mangfaldet av ulike livsformer på jorda. Difor jobbar Miljøpartiet Dei Grøne for eit samfunn der solidariteten vert utvida til å omfatte dyr og natur. Vi vil føre ein miljøpolitikk som bevarer og reparerer leveområda for ville dyr og ein dyrevelferdspolitikk der husdyr og kjæledyr vert behandla på ein anstendig og respektfull måte. Vi er overbeviste om at det er ein sterk samanheng mellom vår respekt og omsorg for dyr og vår respekt og omsorg for kvarandre.

I dag lever fleire hundre millionar dyr i norske fjøs, oppdrettsmerder og som familiedyr og sportsdyr. Dei Grøne meiner at alle disse dyra har eigenverdi. Eigenverdi betyr at dyra sine liv har verdi i seg sjølv, utanom den nyta dei har for oss menneske. Dyr som er i fangenskap av menneske skal ha høve til å utfalde si naturlege aferd, inkludert kvile, rørsle og stimulerande aktivitetar, vere utandørs i blant, og få dekka sosiale behov.

Dei Grøne meiner dyrevelferd fortener ein langt større plass i den norske politiske debatten. Dersom dyra sine rettar skal respekterast, er det behov for ei reform av mange typer dyrehald i Noreg og ei langt strengare handheving av den norske dyrevelferdslova. Enkelte former for dyrehald, som pelsdyroppdrett, er ikkje i samsvar med god dyrevelferd og må avviklast så raskt som råd.

Dei Grøne vil:

- Gå gjennom alle forskrifter som regulerer dyrehald, jakt og fangstmetodar for å styrke krav til dyrevelferd og oppdatere reglane i tråd med dyrevelferdslova sitt vern om dyra sine artstypiske og individuelle behov.
- Forby pelsdyroppdrett og import av produkt frå pelsdyroppdrett.
- Omstille norsk kyllingproduksjon ved å kreve sunnare raser, og sikre meir plass til kyllingane, naturlige stimuli, betre luft og tilgang på dagslys.
- Jobbe for å ha like høge krav til dyrevelferd for norske og importerte varer.
- Forebygge dyretragedier og därleg dyrevelferd ved å auke ressursane til tilsyn med dyrehald og opprette eit eige dyretilsyn under Klima- og miljødepartementet.
- Forbyavl og import av dyreraser som genetisk fører til store helsekader eller lidningar

for dyra.

- Inkludere dyrekunnskap i naturfag og etikkundervisninga i grunnskulen for å fremje innsikt i etisk behandling av tamme og ville dyr.
- Fremje alternativ til dyreforsøk og stramme inn regelverket for å hindre dyreforsøk som fører til smerte, stress og angst.
- Vidareføre prøveprosjektet med dyrepoliti og utvide dette til resten av landet.
- Framskynde lausdriftskravet for kyr til 2024, og tilby investeringsstøtte til små- og mellomstore fjøs som må byggast om.
- Innføre lavere maksimumsgrenser for antall fisk i ei merd, støtte stressreduserande tiltak og dyrevennlege metoder for fjerning av lakselus.
- Skjerpe regelverket for å hindre at dyr vert utnytta i underhaldning.
- Stille krav om kortare dyretransportar og legge til rette for auka bruk av lokale gards-slakteri og mobile slakteri.
- Forebygge skader på ville dyr og beitedyr grunna menneskeleg aktivitet, til dømes i samband med vegtrafikk, jernbane og slått.
- Styrke forskinga på dyr, fuglar og fisk sine artstypiske behov og evne til å føle frykt og smerte.
- Vidareutvikle økologisk jordbruk som spydspiss for dyrevelferd i landbruket ved å styrke dyrevelferda i det økologiske regelverket.
- Etablere og støtte senter for heimlause dyr, som skal drive omplassering, informasjonsarbeid og støtte frivillige initiativ.
- Støtte ID-merking av kjæledyr/familiedyr.
- Gjennomføre prøveprosjekt med førebyggande tiltak mot rovdyrskader og støtte tiltak som bidreg til at skadde dyr på beite vert oppdaga tidlegare.
- Auke kontroll og tilsyn med dyr i dyrebutikkar.
- Sørge for at husdyr får hyppigare tilsyn frå veterinær.

Les meir om Dei Grøne sine tiltak for å betre dyrevelferd i sjø og på land i kapitla "Opp-drettsnæringa" og "Berekraftig jordbruk".

DEMOKRATI OG DELTAKING

Alle menneske er likeverdige. Dei Grøne har ein grunnleggjande tillit til menneska sin vilje og evne til å ta ansvar for framtida til seg sjøl og fellesskapet. Om alle ser nytta av å engasjere seg, skaper vi meir samkjensle og betre avgjerder både lokalt, nasjonalt og globalt.

Demokratiet står no overfor si største oppgåve nokosinne. Det er ikkje nok å løyse dei nære og kortsiktige problema. Dersom livsgrunnlaget skal reddast må vi vise langt meir omtanke for framtidige generasjonar og det globale fellesskapet. Vegen mot eit samfunn i økologisk balanse går gjennom djup solidaritet og ansvar på tvers av landegrenser og generasjonar. Dei Grøne er overtydd om at den beste grobotn for dette er auka deltaking, meir medverknad, involvering og ansvar.

Noreg er eit land med sterke demokratiske tradisjonar. I mange generasjonar har høg tillit mellom enkeltmenneske og til fellesskapet skapt velferd og livskvalitet. Men folkestyre er ikkje noko som oppstår eller eksisterer av seg sjøl. Demokratiet vårt må heile tida forsvaret og fornyast. I dag er tilliten til demokratiet, og dermed fellesskapet, under press. Ulikskapane aukar, globalisering, auka migrasjon og meir fragmentert offentlegheit gjer at stadig fleire føler seg tilsidesatt og framande frå offentlegeita og dei demokratiske prosessane. Dei Grøne vil gjennomføre ei demokratreform som sikrar meir inkludering og eit demokrati som er i stand til å møte nye utfordringar.

Demokrati er meir enn stemmerett. Det krev spreiing av makt i heile samfunnet. Makt vert utøvd ved ytringar, organisasjonsliv og økonomiske strukturar. Dei Grøne vil bekjempe maktkonsentrasjon ved å styrke lokaldemokratiet, sivilsamfunnet, og dele ressursar og kapital jamnare. Det er og avgjerande å styrke innflytelsen til dei gruppene som er svakt representert i demokratiet.

Politiske parti har eit stort ansvar for å bidra til en faktaorientert og inkluderande politisk debatt. Politikarar er viktige premissleverandørar i samfunnet. Måten dei snakker på har stor innverknad på korleis den politiske debatten foregår. Dei Grøne ønsker å bidra til ein mangfoldig offentleg debatt, der fleire kan kjenne seg att og bli inkludert. Vi vil base re oss på kunnskap og alltid sette sak og klart språk framfor personangrep og fåkeprat. Vi vil ha ein open debatt, både i partiet, på Stortinget og i regjeringa. Det skal vere enkelt å kritisere oss og å påverke oss. Vi vil vere eit mangfoldig og representativt parti som ikkje er redd for å lytte eller ombestemme oss når det er gode grunnar til det.

FOLKESTYRE I DET 21. ÅRHUNDRE

Arbeidsprogram
2017-2021

I fleire andre land ser vi ein framvekst av folkeleg motstand mot den økonomiske og strukturelle politikken som har vore ført. Noreg er eit velfungerande demokrati med kort veg til politisk påverknad, men demokratiet må uansett stadig fornyast og utviklast for å sikre legitimitet og brei deltaking blant innbyggjarane. Det er spesielt viktig å engasjere ungdom i demokratiet.

Heldigvis har høve til openheit og deltaking aldri vore større. Det ligg eit stort ansvar i å nytte disse moglegheitene til å styrke den enkelte og fellesskapet sine mogleheter og ansvar. Alt kan ikkje løysast gjennom vedtak og lover, men ved å skape ein kultur der vi viser ansvar og tillit. Dei Grøne vil legge til rette for nye arenaer for deltaking, og styrke innsyn og openheit rundt politiske vedtak og bidra til ei sunn, inviterande og sakleg offentlegheit.

Dei Grøne vil:

- Sette i gang ei større offentleg utgreiing om ei demokratireform som skal gi auka maktspreiing og ruste demokratiet for det 21. hundreåret.
- Arbeide for å auke valdeltakinga ved nasjonale og lokale val.
- Delta i den offentlege debatten på ein sakleg og inkluderande måte, og sørge for at det er mogleg å gå etter og vurdere dei påstandane vi kjem med.
- Arbeide for at det skal vere mogleg og interessant å delta i politiske prosessar og debattar også for dei som ikkje har lang fartstid i partipolitikk og offentleg forvaltning.
- Innføre nasjonal forslagsrett, der borgarar kan få ei sak handsama på Stortinget etter eit tilstrekkeleg tal underskrifter.
- Gi veljarane større påverknad over kven som vert valde inn på Stortinget ved at dei kan kumulere stortingskandidatar når dei røyster.
- Sikre føreseieleg støtte til frivillige organisasjoner.
- I større grad nytte folkerøyting og innbyggjarhøyring for at kvar borgar skal kunne ta del i viktige avgjerder.
- Opprette eit ope tilgjengeleg lobbyregister for Stortinget.
- Arbeide for at folkevalde organ reflekterer mangfaldet i befolkninga best muleg.
- Sikre folk med nedsatt funksjonsevne høve til å delta i samfunnsliv og demokratiske arenaer.
- Gjere stemmegiving av politikarar i kommunestyre og fylkesting enkelt tilgjengeleg på nett, og i maskinlesbart format.
- Ta initiativ til sterkare globalt samarbeid om mogleheter og etiske eller demokratiske problemstillingar knytt til kunstig intelligens.
- Etablere ein ombodsperson for framtidige generasjonar.
- Senke stemmerettsalderen til 16 år.
- Utarbeide nasjonale retningslinjer som sikrar at barne- og ungdomsråd får reell og meiningsfull innverknad.
- At barn og unge skal ha rett til medbestemmelse etter evne i alle samanhengar som gjeld dei.
- Styrke satsinga på klart språk i det offentlege.

Les meir om Dei Grøne sine tiltak for å sikre deltaking og fridom for alle i kapittelet "Fridom og mangfold".

For å sikre demokratisk engasjement og deltaking bør beslutningsmyndigheita som hovudregel ligge på det lågaste utøvande nivået. Dei Grøne vil styrke det regionale nivået for å ta betre vare på oppgåver som går på tvers av kommuner. Kommunane sine frie inntekter må halde tritt med oppgåvene, slik at lokale prioriteringar faktisk kan avgjerast lokalt. Kommunesamanslåingar kan bidra til å styrke lokaldemokrati og velferd, men det føreset lokal oppslutnad og eigarskap til prosessen, og medverknad til oppgåve som hører til i lokalsamfunna.

Norske kommuner har innverknad på en tredel av norske klimagassutslepp. Dei Grøne vil styrke arbeidet med å redusere utslepp i kommunene og vil stille strengare krav til å gjennomføre lokale klimatiltak. Vi er avhengige av heile landet i det grøne skiftet. Vi må redusere presset på matjord, utmark og anna areal og bidra til at distrikta ikkje vert avfolka og at presset på storbyane ikkje aukar. Dei Grøne vil nytte høva til ny, grøn næringsutvikling og grøne lokalsamfunn over heile landet.

Dei Grøne vil:

- Sikre at regionnivået blir eit sterkt folkevald nivå, med større ansvar for arealforvalting, transport og næringsutvikling.
- At endringar i kommunestruktur og -finansiering skal ha som mål å styrke demokratiet og sikre betre tenestetilbod for innbyggjarane, og at kommunesamanslåing uansett skal vere frivillig og dermed avgjerast lokalt.
- Stille krav til kommunar og fylkeskommunar om miljøstandard og strengare miljøkrav i innkjøp.
- Innføre krav om klimabudsjett og -rekneskap i alle kommunar, fylkeskommunar og statlege departement.
- Plassere fleire nye statlege arbeidsplassar utanfor Oslo for å bidra til regional utvikling i heile landet.
- Sørge for gode medverknadsprosessar ved flytting av statlege arbeidsplassar.
- Bidra til å bygge lokale fagmiljø og klynger med utgangspunkt i lokale behov og moglegheiter.
- Føre ein aktiv næringspolitikk for heile landet med statlege midlar til lokal og regional omstilling.
- Auke kommunane sitt økonomiske handlingsrom og grensene for kommunane sine eigne skatteinntekter.
- Sikre tilgang til breiband over heile landet.
- Tredoble støtte til klimaomstilling i norske kommuner gjennom "Klimasats-ordninga" og iverksette ei storsatsing på klima- og miljørådgjevarar i kommunene.
- Greie ut ei belønningsordning for kommunar, grunneigarar og andre som restaurerer verdfull natur.
- Talfeste, og gjere tilgjengeleg, kommunal og fylkeskommunal naturpåverknad og klimagassutslepp i berekninga av nasjonal økologisk berekraft.
- Auke støtta til kommunale prosjekt for grøne nærområde med auka biologisk mangfald, fleire grøntområde og attraktive sosiale byrom og møteplassar.
- Auke dei regionale utviklingsmidla og øyremerke auken til grøne innovasjonsprosjekt.

Les meir om Dei Grøne sine tiltak for levande lokalsamfunn under "Grønt næringsliv".

URFOLK OG NASJONALE MINORITETAR

Arbeidsprogram
2017-2021

Staten Noreg er tufta på områda til to folk, det norske og det samiske. Samisk kultur har difor ein viktig plass både i norsk kulturarv og i vår eiga samtid. Noreg har klare plikter til å ivareta den samiske befolkninga sine rettar, inkludert sjølvråderett. Historisk har den samiske befolkninga og minoritetsgrupper i Noreg lidd betydeleg urett, ikkje minst gjennom ein brutal fornorskingspolitikk som blant anna har gått ut over språka som kulturerarar. Også i dag er kunnskapen om samisk historie, språk og kultur begrensa i store deler av det norske folket, og samer opplever framleis diskriminering.

Fem folkegrupper har status som nasjonale minoritetar i Noreg: jødar, kvenar, rom, romani og skogfinnar. Dei Grøne ønsker ein aktiv politikk for å ta vare på denne delen av den mangfoldige norske kulturarven. Vi vil arbeide for styrka kjennskap til urfolk og minoritetar sine vilkår, både hos styresmaktene og i befolkninga.

Dei Grøne vil:

- Vere pådrivar for ein nordisk samekonvensjon for å lette samhandling og styrke samisk kultur på tvers av landegrensene.
- Støtte og vidareutvikle Sametinget som det viktigaste verktøyet for sjølvråderett for det samiske folket.
- Styrke og lovfeste konsultasjonsordninga mellom Staten og Sametinget.
- Arbeide for at samiske språk vert styrka, blant anna ved etablering av fleire språksenter, og auka støtte til omsetjing av litteratur og film, særleg for barn.
- Gi støtte til styrking av kvensk, lulesamisk og pitesamisk språk.
- Opprette ein sannings- og forsoningskommisjon for å granske konsekvensane av fornorskingspolitikken retta mot samane og nasjonale minoritetar.
- Sørge for tilstrekkeleg finansiering til etablering av Skogfinsk Museum.
- Støtte arbeid som set søkelys på romanifolket og romfolket si historie og kultur i Noreg, inkludert språka romanes og skandoromani.
- Bidra til at det norske romfolket sin kultur blir ivaretatt og ført vidare.
- Innføre prosedyrer for føreseileg økonomi for Sametinget og andre samiske budsjettområde, til dømes ved at det kvart år vert lagt fram ein stortingsproposisjon om satsingsområde og prioriteringar i samepolitikken.
- Sette i gang igjen prosessen etter Samerettsutvalet II, som handlar om retten til land og vatn i tradisjonelle samiske område frå og med Troms fylke og sørover.
- Gjere samefolket sin dag til ein offisiell fridag i hele Noreg.
- Etablere eit forskings- og formidlingsprogram for eit samla samisk historieverk, der fornorskingshistoria er eitt av fleire tema.
- Styrke forsking og formidling av samisk historie, språk og kultur, i universitet, museum og kulturinstitusjonar.

SIVILSAMFUNN OG FRIVILLIG INNSATS

Frivillig innsats og sivilsamfunnet samlar folk, knyter band mellom menneske, og er eit viktig bidrag til livskvalitet og kunnskap. Frivillige og ideelle organisasjonar er dessutan ein viktig del av velferda. Frivillig innsats i Noreg er ein enorm ressurs for samfunnet og demokratiet, som Dei Grøne vil støtte opp om, og styrke.

Større tillit til sivilsamfunnet betyr desentralisering av makt frå staten til kommunene, og

frå kommunene til bydelar, nærmiljø og grender. Dei Grøne vil jobbe for at fleire engasjerer seg frivillig, sikre gode arbeidsvilkår for dei frivillige organisasjonane, og samtidig sikre at dei held fram med å vere uavhengige av staten.

Dei Grøne vil:

- Vere pådrivar for at det frivillige arbeidet og sivilsamfunnet har gode og føreseiele-ge vilkår.
- Satse meir på frivillig innsats og samarbeid mellom det offentlege og sivilsamfunnet for å supplere og styrke kulturtilbod og velferd.
- Sikre meir langsiktig støtte til sivilsamfunnsorganisasjonar og redusere statlege føringar på kva pengane skal brukast til, og reversere krav til høgare eigendel ved prosjektstøtte.
- Sikre lokale og regionale organisasjonar betre høve til å påverke Stortinget sine beslutningar i relevante saker.
- Gi frivillige organisasjonar fullt frådrag for meirverdiavgift.
- Auke skattefrådraget for gåver til frivillige organisasjonar.
- Forenkle lover, reglar og krav til rapportering, som gjeld frivillig innsats.
- Utvide ordninga med tilskot til organisasjonar som bidreg til integrering i kommunene.
- Legge til rette for frivillige og ideelle aktørar i offentlege anbodsprosessar.
- Stimulere til fleire innovasjonssenter ved universiteta, som kan samarbeide med lokale og regionale aktørar om sosialt og grønt entreprenørskap.

MEDIER OG OFFENTLEGHEIT

Frie, uavhengige media og opplyst offentleg debatt, er avgjerande for eit velfungerande demokrati. Mediebransjen er i endring som følge av ny teknologi og nye bruksmönster. Dette byr på utfordringar, men også store moglegheiter for å styrke den offentlege debatten.

Offentlegheita blir meir fragmentert. Enkeltmenneske og miljø kan i større og større grad isolere seg frå meiningsmotstand og andre perspektiv. Media og plattformer der ytringsansvaret ikkje finst, trugar no både ytringsfridom og tilgang til sikker informasjon. Det gir spelerom for retorikk og argumentasjon som spelar på frykt, spekulasjon og motsetningar. For Dei Grøne ligg det eit sjølv sagt ansvar hos kvar enkelt av oss, og som parti, å skape ein debatt som er opplysende, konstruktiv og inviterande.

Dei Grøne vil:

- Vere pådrivar for ein sakleg, vitenskapsbasert debatt som inviterer til samarbeid og felles ansvar for samfunnet.
- Vidareføre mediestøtta som sikrar mangfold av utgåver lokalt, regionalt og nasjonalt, og gradvis vri støtta over til digitale kanalar.
- Opprette ei innovasjonsordning der deler av mediestøtta vert brukt til å stimulere nyskaping, eit mer variert nyhendebilete og bruk av ny teknologi.
- Utvide kjeldevernet og vurdere strafferettsleg eineansvar for redaktørar heimla i ei ny medieansvarslov.
- Utvide dagens fritak for meirverdiavgift for digitale nyheitstenester til også å omfatte aktualitetssaker og enkeltartiklar.
- Styrke vern av varsalarar, slik at det blir enklare å avsløre skadelege forhold utan å bli straffa eller utsett for andre negative sanksjonar.

- Gjere Noreg til ei internasjonal trygg hamn for gravande journalistar, kjelder og varslarar.
- Gi varslarar, som avslører alvorlege kritikkverdige forhold, rett på økonomisk oppreising for eventuelle tapte inntekter og tort og svie.
- Innføre sanksjonar for arbeidsgjevarar, som møter varslarar av alvorlege kritikkverdige forhold med represalier.
- Stramme inn reglane og avgrense eigarkonsentrasjon i mediebransjen.
- Pålegge alle fjernsynskanalar med konsesjon for å sende i Noreg, at alle sendingar skal vere teksta for hørslehemma.
- At den viktige, statsfinansierte kulturarven i NRK sine arkiv må vere tilgjengeleg for fellesskapet.
- Støtte bibliotek og andre offentlege einingar i arbeid spesielt retta mot barn, eldre, folk med lågare utdanning og minoritetsspråklige.
- Sikre at det finnast hovudredaksjonar for kommersielle radio- og fjernsynstilbod med allmennkringkastingsoppdrag, utenfor Oslo.
- Ha full openheit om alle offentlege tilskot til kongefamilien.

Les meir om Dei Grøne sine tiltak for kulturlivet i kapittelet "Kultur".

EIT DIGITALT NOREG

Det offentlege Noreg skal vere ope og tilgjengeleg. Vi må raskt ta i bruk digitale moglegheiter som blir utvikla, og sikre at den digitale utviklinga blir brukt til å styrke tillit, demokrati og deltaking. Dei Grøne vil gi innbyggjarane eit heildigitalt møte med det offentlege, gjennom smartare, meir samordna og universelt utforma tenester. For å lykkast er det avgjerende å skape gode fagmiljø og sikre at staten er ein attraktiv IKT-arbeidsgivar, og sikre ei mykje sterkare sentral styring over IT-prosjekt i offentlig sektor.

Dei Grøne vil at den teknologiske utviklinga og automatiseringa skal bidra til å styrke demokrati, livskvalitet og berekraftig ressursutnytting. For å oppnå dette må skattesystem, regelverk og andre rammer vere oppdaterte og sikre samfunnet sine felles interesser. Effektivisering som følge av digitalisering skal kome innbyggjarane til gode gjennom betre tenester og meir fritid.

Dei Grøne vil:

- Digitalisere alle offentlege tenester og system når det gjer verksemda meir effektiv utan at det går utover kvaliteten for brukarane.
- Vere pådrivar for bruk av digitale løysingar der det gir best tilbod til befolkninga.
- Digitalisere alle innbyggarretta tenester som kan digitaliserast, med utgangspunkt i innbyggjarane sine behov.
- Sikre at dei som ikkje vil benytte seg av digitale, offentlege tenester likevel får eit fullverdig møte med det offentlege.
- Tilby fleire digitale tenester som varslingstenester gjennom SMS, e-post og applikasjonar.
- Att det offentlege går føre i bruk av fri programvare, opne filformat og standardar, og gjere programvare utvikla av eller på vegne av det offentlege tilgjengelig under frie lisensar.
- Utvikle ein einskapleg kommunikasjonsprofil for statlege etatar og verksemder.
- gjere alle offentlege data fritt tilgjengelig i strukturert format, så lenge det ikkje går utover personvern eller rikets sikkerheit.

- Satse på felles system i fleire offentlege sektorar, når det ikkje går ut over omsyn til personvern.
- Styrke den digitale satsinga til bibliotek og gi dei ressursar til å bli kompetansesenter for dei som treng hjelp til å bruke eller lære seg nettbaserte tenester.
- Sikre tilgang til digitale bøker, tidsskrift, forsking og liknande gjennom nasjonale lisensar.
- Sikre demokratisk tilgang til offentleg finansiert forsking og sørge for at nasjonale retningslinjer for open tilgang til forskningsresultat blir vedtatt og implementert.
- Stimulere til meir informasjonsutveksling som har verdi for fellesskapet, til dømes innan transport, velferdsteknologi og anna.
- Framskynde arbeidet med å kryptere all trafikk til og frå offentlege nettsider og appar.

Les meir om personvern i kapitla "Digitale rettar" og "Personvern og rettstryggleik".

DIGITALE RETTAR

Ei opplyst og engasjert befolkning er blant dei viktigaste vilkåra for eit levande, velfungerande demokrati. Retten til å oppsøke informasjon og kommunisere utan å bli overvåka av styresmakter eller bedrifter må difor vernast. Samtidig må ein sikre tryggheit for identitetstjuveri, seksuelle og andre alvorlege krenkingar. Dei Grøne vil behandle digitale rettar på line med andre borgarrettar.

Internett gir fleire tilgang på meir kunnskap og kultur, og gjer det lettare for opphavspersonar å nå ut til fans og potensielle kundar. Opphavsretten er truga av den nye, digitale offentlegheita. For Dei Grøne må inntektsgrunnlaget til kunstnarar forsvarast samtidig som vi erkjenner den digitale utviklinga.

Dei Grøne vil:

- Vere pådrivar for samfunnsengasjement og utøving av demokrati gjennom Internett, og bidra til ein open og sakleg debatt på sosiale medium.
- Forsvare tilgangen til eit fritt og ope internett som ein rett for alle.
- Sikre nettbrukarar både ytringsfridom og personvern, nasjonalt og internasjonalt.
- Prioritere omsynet til personvern og borgarrettar i behandling av nye lover eller avtalar som gjeld digitale rettar.
- Slå fast retten til å vere anonym i den digitale verda.
- Lovfeste nettnøytralitet som eit nødvendig prinsipp for ytringsfridomen.
- gjere det klart at politiet ikkje har høve til å beslaglegge domener utan domstolskontroll.
- Greie ut regelverk for å hindre private selskap i å blokkere økonomiske transaksjonar utan rettsleg vurdering eller FN-mandat.
- Greie ut korleis vi kan sikre inntekter til den som har opphavsrett i kulturlivet, i ein digitalisert bransje der ikkje-kommersiell fildeling blir avkriminalisert.
- Styrke og bevare forbrukarrettar i møte med brukarlisensar og brukaravtalar.
- Forby kopisperre og sperring av funksjonalitet på brukaren sin eigen maskinvare.
- Kreve slutt på svensk overvaking av norsk internett-trafikk gjennom FRA-lova, og all anna tilsvarande masseovervaking utført av andre statar.
- Støtte utvikling av fri programvare.

Les meir om Dei Grøne sine tiltak for eit blømande kulturliv og godt personvern i kapitla "Kultur" og "Personvern og rettstryggleik".

GRØN ØKONOMI

Arbeidsprogram
2017-2021

Dei Grøne jobbar for ei framtid der menneska sin livskvalitet innanfor naturen sine tålegrenser, er målet, ikkje stadig høgare produksjon og materielt forbruk. I dag oppfører menneska seg som om jorda sine ressursar er uendelege. Ødeleggning av natur og vårt felles livsgrunnlag blir framstilt i nasjonalregnskapet som verdiskaping. Dette kan ikkje halde fram. Eit grønt skifte handlar om meir enn små justeringar i dagens kurs mot auka klimagassutslepp, tap av biologisk mangfald, og veksande prestasjons- og forbrukspress. Eit grønt skifte krev radikale endringar i norsk politikk. Ein økonomi i balanse med naturen føreset at vi forlet det tradisjonelle vekstparadigmet til fordel for ein krinslaupsøkonomi der ressursar sirkulerer.

I neste stortingsperiode vil Dei Grøne sette nye mål for politikken, frå vekst i brutto nasjonalprodukt til livskvalitet og økologisk berekraft. Vi vil at meir fritid og fellesskap skal erstatte jag etter stadig høgare materielt forbruk. Vi vil legge til rette for ein krinslaupsøkonomi der næringslivet skaper meirverdiar med stadig mindre bruk av naturressurssar. Gjennom tydelege miljøkrav vil vi sikre at det løner seg å tenke langsiktig og velge miljøvennleg.

Noreg har gjennom mange år tent store pengar på å selje olje og gass. Dette er aktivitet som øydelegg livsgrunnlaget vårt og som Dei Grøne vil fase ut på ein ansvarleg måte over ei 15-årsperiode. Vi vil flytte dagens omfattande fordeler for petroleumsindustrien til nye grøne næringar, og legge til rette for skaparglede, gründerverksemd, innovasjon og teknologiutvikling. Samtidig vil vi bruke det enorme handlingsrommet som oljeinntektene har gitt til å investere i ei miljøvennleg framtid. Statens pensjonsfond utland må gjerast til ein motor for det grøne skiftet internasjonalt.

For å lykkast med eit grunnleggande grønt skifte er vi avhengige av at innbyggjarane og næringslivet er med. Dei Grøne vil bruke skattar og avgifter til å premiere miljørette val, samtidig som vi vil bruke skattesystemet til å omfordеле og redusere økonomisk ulikskap. For å unngå at miljøavgifter slår ut på ein sosialt urettferdig måte, vil vi prøve ut ei ordning med klimabelønning, der inntekter frå enkelte avgifter blir delt ut igjen til innbyggjarane.

EKTE ANSVAR I DEN ØKONOMISKE POLITIKKEN

Grøn økonomi fører ein ny visjon og røyndomsforståing inn i økonomi og politikk. Det er grunnleggande uansvarleg å fortsette ein politikk for økonomisk vekst basert på fossil energi, stadig høgare materielt forbruk, aukande klimagassutslepp, utrydding av artar og ringare naturmangfald. Dei Grøne står for ekte ansvar: økologisk, økonomisk og sosialt. For oss er livskvalitet og økologisk berekraft målet med den økonomiske politikken, ikkje auka produksjon og materielt forbruk.

Vi vil modernisere og utvide statsbudsjettet med eigne budsjett for sosial og økologisk berekraft. Slik vil vi sikre at politikken leverer på det som er viktig for folk og tar vare på livsgrunnlaget. Samtidig som vi set tydelege overordna mål, vil vi begrense den detaljerte mål- og resultatstyringa som har brent om seg dei siste tiåra. Dei Grøne meiner resultata blir best når vi som politikarar har tillit til fagfolka som skal stå for gjennomføringa.

Vekslande regjeringar har gjennom ei årrekke løyst vanskelege politiske prioriteringar med å hente stadig meir pengar ut av vår felles sparegris, Statens pensjonsfond utland. Omstilling bort frå petroleumsindustrien kjem til å kreve store investeringar, som begrensar det økonomiske handlingsrommet. Dei Grøne vil i neste stortingsperiode prioritere grøn omstilling framfor store utvidingar av velferdsstaten.

Dei Grøne vil:

- Utvide statsbudsjettet med mål og budsjett for livskvalitet og økologisk berekraft, og legge desse til grunn for den økonomiske politikken.
- Innføre årlege sektorvise klimabudsjett som ein del av statsbudsjettet frå 2018.
- Redusere det materielle forbruket i Noreg til eit berekraftig og sosialt rettferdig nivå innan 2030.
- Stramme inn handlingsregelen slik at ein over tid ikke brukar meir enn tre prosent av Statens pensjonsfond utland i dei årlege statsbudsjetta, og jobbe for at auka pengebruk i større grad skal brukast til grøn omstilling.
- Forebygge skadeleg spekulasjon og utlånsverksemeld gjennom strengare regulering av bankar og finansinstitusjonar.
- Sikre at FN sine berekraftsmål, som er relevante for Noreg, blir innfridd.
- At omsynet til naturverdiar skal vege tyngre i offentlege vedtaksprosessar.
- Følge opp kravet til alle børsnoterte selskap om å rapportere økologiske og sosiale verdiar i årlege rekneskap, og greie ut moglege ordningar med vederlag til selskap som presterer godt.
- Ha tillit til fagfolk og avgrense detaljstyringa i offentleg sektor.
- Oppfordre kommuner til å sette i gang arbeid med "grøn dulting" for å få fleire til å ta miljøvenlege val i kvardagen.

Les meir om Dei Grøne sine klimatiltak i kapittelet "Vårt livsgrunnlag"

LIVSKVALITET FREMFOR AUKA FORBRUK

Dersom alle i verda skulle hatt same materielle forbruk som nordmenn, ville vi trenge tre jordkloder. Det er ikkje berekraftig, og det er heller ikkje nødvendig. For dei aller fleste nordmenn er tida då auka materiell velstand er ein føresetnad for auka livskvalitet, tilba-

kelagt. Dette kjem fram både i forsking og meiningsmålingar. Grøn politikk må legge til rette for at denne erkjenninga vert omsett i praksis.

Vi vil ha produkt og tenester med høgare kvalitet, framfor bruk-og-kast-forbruk. Vi vil legge til rette for deling, gjenbruk og reparasjonar. Vi vil redusere kjøpepresset gjennom å skape fleire reklamefrie soner. I tillegg til lågare materielt forbruk, vil dette også gi nye moglegheiter for berekraftig næringsverksemd, utvikle nye sosiale nettverk i lokalsamfunna, og begrense økonomiske skilnader. I tillegg vil Dei Grøne gjere det enklare å velge kortare arbeidstid. Ved å dele meir på arbeidet vil vi gi folk meir fritid samtidig som vi reduserer forbruksveksten og tidsklemma, og skaper eit meir inkluderande arbeidsliv.

Som forbrukarar påvirker vi ikkje berre miljøavtrykket, men også konkurranseforhold og arbeidsvilkår i verdikjedene. Dei Grøne vil gjere det lettare å bruke forbrukarmarkt til å kreve berekraftige produkt, gjennom tydelegare merking og strengare miljø- og kvalitetskrav. Dei Grøne vil legge til rette for delingsøkonomien, som kan bidra til sterke lokale samfunn og betre ressursutnytting. For at nye delingsløysingar skal kunne sikre fellesskapet sine interesser og gi tryggleik for flest mogleg, er det viktig at styresmaktene er aktive og at reglar blir tilpassa utviklinga. Løysingar, som i realiteten er nye teknologiske måtar å selge teneste på, må regulerast som nettopp det.

Dei Grøne vil:

- Redusere det materielle forbruket i Noreg til eit berekraftig og sosialt rettferdig nivå innan 2030.
- Redusere matkasting med 20 prosent innan 2020, og med minst 50 prosent innan 2025, blant anna gjennom en ny lov om matkasting, nye krav til emballasje og håndningskampanjar.
- Fjerne meirverdiavgifta på reparasjon, gjenbruk og kollektivtransport, og redusere den på kulturopplevingar.
- Innføre obligatorisk miljømerking i all marknadsføring av flyreiser, fossilbilar og kjøt.
- Redusere kjøtforbruket i Noreg av omsyn til helse, miljø og dyrevelferd.
- Begrense reklame for kjøt ved å avvike dagens finansiering av opplysningskontor for animalske produkt.
- At offentlege kantiner minst ein dag i veka skal servere berre vegetarmat, og alltid skal ha eit fristande vegetartilbod.
- Beskytte folk mot gjeldsfeller blant anna ved å innføre rentetak på forbrukslån og innføre nye restriksjonar på marknadsføring av slike lån.
- Greie ut ei ordning der långivar blir pålagt å involvere ein økonomisk rådgivar på NAV eller liknande, ved langvarig ubetalt gjeld for privatpersonar.
- Regulere delingsøkonomien med mål om å auke deling av varer og tenester, samtidig som kundar og ansatte sine rettar og omsynet til staten sine inntekter blir tatt i vare.
- Gi økonomiske insentiv til dele-, utleige- og utlånsordningar etter modell av dagens bildeleringar og bibliotek.
- Legge til rette for at bedrifter, organisasjonar, det offentlege og enkeltpersonar enklare kan gi bort og bytte brukbare ting framfor å kaste dei, blant annet gjennom minigjenbruksstasjonar og utstyrssentralar.
- Stille strengare minstekrav til levetid for at varer skal kunne marknadsførast i Noreg, og styrke reklamasjonsretten i forbrukarkjøpslova.
- Sikre at skular og barnehagar er fri for produktreklame.
- Regulere reklame i det offentlege rom strengare, og stramme inn regelverket mot oppsøkjande reklame.
- Auke flaskepanten til fem kroner og innføre panteordningar for fleire slag produkt, som til dømes mobiltelefonar og fritidsbåtar.

- Lovfeste "retten til å reparere", inkludert krav om at produsentar må lage produkt som er mogleg å reparere, og gjere deler og handbøker som trengs for å reparere, tilgjengelige.

Les meir om korleis Dei Grøne vil endre skattetrykket for å auke livskvaliteten og redusere forbruket i kapittelet "Skatt og avgifter". Slå også kapitla "Grønt næringsliv", "Ressursar i krinslaup" og "Arbeidsliv og inkludering".

SKATT OG AVGIFTER

Skatt- og avgiftssystemet er sentralt i ei radikal grøn omlegging av økonomien. Dei Grøne vil gjere dei miljøvennlige vala lønsame for både einskildpersonar og næringslivet, og sikre at ureinar faktisk betaler. Vi vil flytte dei enorme skattefordelane som i dag blir gitt til olje- og gassindustrien over til nye grøne næringar, og gi skattemessige fordeler til gründerar, små bedrifter, og bedrifter som satsar på berekraftig innovasjon og teknologutvikling. Vi vil flytte skatt frå arbeid til forbruk for å gjere det lettare å tilsette folk.

Skatt og avgifter finansierer viktige felles oppgåver som helse, utdanning og infrastruktur. Samtidig er skattesystemet viktig for å omfordеле mellom fattig og rik, og for å unngå at kapital blir samla på færre hender. Dei Grøne vil føre ein progressiv skattpolitikk som reduserer ulikskap i samfunnet, med mindre skatt på låge inntekter, og meir skatt på høge inntekter og formue.

Dei Grøne vil prøve ut ei ordning med å dele inntektene frå enkelte midlertidige avgiftsauker, som høgare bensinavgift, tilbake til innbyggjarane i form av klimabelønning. Formålet er å kunne auke avgifter slik at dei har større effekt, samtidig som den sosiale profilen blir tatt vare på. For å finansiere det grøne skiftet og samtidig sikre sterkt offentleg finansiert velferd, meiner Dei Grøne at det er rom for ein viss auke i det samla skatt- og avgiftsnivået.

Den gunstige skatten på bustad i Noreg er ei viktig årsak til den kraftige auken i bustadprisane. Dei Grøne meiner det er bra at mange eig sin eigen bustad, men vil motverke at bustad blir spekulasjonsobjekt. Vi vil difor avgrense rentefrådrag.

Dei Grøne vil:

- Gjere inntektsskatten meir progressiv slik at låge inntekter får mindre skatt, mens høge inntekter får auka skatt.
- Auke og målrette avgifter på miljøskadeleg forbruk og produksjon, og redusere avgifter på miljøvennlige alternativ og avgifter som hindrar innovasjon og jobbskapning.
- Fjerne meirverdiavgift på frukt, grønt, økologiske varer, gjenbruk, reparasjonar og kollektivtransport, og vurdere fritak på fleire område for å gjere det lettare å velge miljøvennleg.
- Avgrense prisvekst på bustader ved gradvis å trappe ned rentefrådrag, og skattleggje sekundærbustad hardare.
- Innføre ei ordning med klimabelønninga KAF (Klimaavgift til folket), der inntektene frå enkelte miljøavgifter, som til dømes auka bensinavgifter, blir delt direkte ut igjen med lik sum til alle innbyggjarar.
- Auke CO₂-avgift på fossil energibruk monaleg, og gjere ho lik for alle sektorar i samfunnet.

- Auke avgiftene på bruk av plastemballasje, fossilbilar og ureinande flyreiser, og auke moms på kjøt.
- Innføre avgift på finanstransaksjonar, aksjehandel og valutatransaksjonar med innslagspunkt og skattesats innretta for å ramme skadelig spekulasjon.
- Utvide skattefrådrag for energisparetiltak i eigen bustad.
- Jobbe for å styrke rettane og det sosiale tryggleiksnettet for sjølvstendig næringsdrivande.
- Gi gode skattevilkår til grøne næringar etter modell av dagens fordelar til oljenæringa.
- Fjerne alle skattefordelar og subsidiar til petroleumsverksemد.
- Skjerme fleire små verksemder frå formuesskatt ved å auke botnfrådraget monaleg, samtidig som skattesatsen blir auka på dei høgste formuene.
- Bruke skatte- og avgiftssystemet til å støtte gründarar og små bedrifter, for eksempel gjennom lette i arbeidsgiveravgifta.
- Greie ut moglegheit for skattefrådrag til bedrifter som kan dokumentere "overskot" av økologiske og sosiale verdiar.
- Greie ut korleis skatt og avgifter på forbruk kan gjerast meir progressive.
- Greie ut langsiktige konsekvensar av auka automatisering av vare- og tenesteproduksjonen, med vekt på tiltak som motverkar auka økonomisk ulikskap og sikrar staten sitt skattegrunnlag, blant annet skattlegging av robotar.
- Sikre at sosiale omsyn blir tatt vare på så langt som råd ved utforming av forbruksavgifter.
- Tette smutthol som i dag gjer at multinasjonale selskap kan unngå skatt i Noreg.
- Sikre at norske statseigde selskap og deira datterselskap ikkje flyttar funksjonar til utlandet for å redusere skatt til norske styresmakter.
- Bruke statleg eigarskap og internasjonalt samarbeid aktivt for å bekjempe skatteparadis og hindre skattetilpassing og kapitalflukt.

Les mer om Dei Grøne sine tiltak for det grøne skiftet i kapitla "Grønt næringsliv", "Areal og transport" og "Vårt livsgrunnlag".

OFFENTLEG OG PRIVAT EIGARSKAP

Spreiing av makt er eit viktig, grønt prinsipp. Dei Grøne vil sikre breitt og lokalt eigarskap til bedrifter og arbeidsplassar. Samtidig blir mange oppgåver best løyst av sivilsamfunnet og frivillig sektor. Dei Grøne vil legge til rette for fleire almenningar og samvirke.

Staten er ein stor eigar i norsk næringsliv. Dei Grøne vil forvalte dette eigarskapet aktivt og profesjonelt. Alle offentleg eigde selskap må gå føre når det gjeld økologisk og sosial berekraft. Nytt, statleg engasjement kan i nokre tilfelle vere nødvendig for å drive fram ei grøn omstilling. Av både etiske og finanzielle årsaker bør det offentlege på sikt ikkje eige selskap som driv med fossil energi eller annan miljømessig og sosialt uforsvarleg verksemد.

Dei Grøne vil:

- Bruke eigarmakta i Statoil til å trekke selskapet ut av fossil energiproduksjon i utlandet og sette i gang ei omstilling til eit fornybarselskap.
- Bruke eigarskapet i Statkraft, Fornybar AS og Statoil aktivt til å utvikle teknologi for ny fornybar energi, som havvind, bølgekraft og geotermisk energi.
- Avvikle Store Norske Spitsbergen Kullkompani og erstatte subsidiene til selskapet med tilskot til andre verksemder på Svalbard for å stimulere til fortsatt busetting og

aktivitet.

- Fremje demokratiske og lokale eigarskapsformer i næringslivet, inkludert samvirke mellom medarbeidar og/eller forbrukar.
- Sikre demokratisk kontroll med naturressursar gjennom offentleg, samvirke- eller allmenningsbasert eigarskap, eller gjennom offentlige reguleringar som hindrar rovdrift på naturen.
- At viktig infrastruktur som vegar, baner, kablar, nett, kloakk og drikkevatn framleis i hovudsak skal eigast av det offentlege eller samvirke.
- Bruke statleg eigarskap i norske bedrifter til å sikre at hovudkontora ligg i Noreg.
- Fortsette å kontrollere jord- og skogbruksressursar gjennom jord-, konsesjons- og odelslova.

Les meir om korleis Dei Grøne vil bidra til å utvikle næringslivet i ei berekraftig retning i kapitla "Oljemilliardar til globalt grønt skifte" og "Grønt næringsliv".

OLJEMILLIARDAR TIL GLOBALT GRØNT SKIFTE

Noreg har gjennom Statens pensjonsfond utland (SPU) tilgang til verdens kanskje største motor for å lykkast med den globale miljøpolitikken. Fondet er eigmeld av alle nordmenn, og har blitt bygd opp av framsynte politikarar og embetsmenn. Samtidig inneheld SPU enorme beløp som vi har tent på å ødelegge miljøet på jorda.

Dei Grøne meiner at vi har store moglegheiter - men også ei plikt - til å bruke fondet aktivt som eit verkemiddel til å sikre berekraftige liv og samfunn både heime og ute. Dei Grøne vil forvalte vår felles formue på ein ansvarleg måte der vi tek utgangspunkt i at Parisavtalen og FN sine berekraftsmål faktisk skal gjennomførast. Det inneber blant anna at det er finansielt klokt å trekke investeringar ut av fossil energi, til fordel for fornybar energi.

SPU har gjort Noreg til ein stor aktør på finansmarknader i verda. Gjennom å ta fondet sine økonomiske musklar i bruk for det grøne skiftet, vil vi også kunne utvikle ny kompetanse og nye forretningsmoglegheiter for norsk finansnæring.

Dei Grøne vil:

- Trekke SPU ut av alle investeringar i fossil energi.
- At SPU skal investere minst fem prosent direkte i infrastruktur for fornybar energi, også i unotert infrastruktur, og etterstrebe investeringar i lav- og mellominn-tektsland.
- Innføre ein klimaprosent der Noreg set av ein prosent av nasjonalinntekta kvart år til internasjonal klimaomstilling via SPU.
- Endre mandatet for forvaltning av SPU og andre statlege fond og investeringsselskap slik at mål om sosial og økologisk berekraft blir likestilt med mål om økonomisk avkasting.
- Gi etikkrådet for SPU auka ressursar til å gjennomføre sitt mandat og mynde til å trekke fondet ut av selskap som bryt med retningslinene.
- Bruke norske eigarskap gjennom Statens pensjonsfond utland aktivt til å bekjempe skattetilpassing og kapitalflukt.
- Trekke SPU ut av investeringar i våpenindustrien.
- Innføre etiske retningslinjer for investeringar i statsobligasjonar.
- Kreve at selskap som Statens pensjonsfond utland investerer i, viser openheit om

INTERNASJONAL ØKONOMI OG HANDEL

Dei Grøne er grunnleggande positive til samarbeid, investeringar og handel på tvers av landegrensene. Internasjonalt samarbeid er spesielt viktig for små land og for utviklingsland, og auka markedstilgang har bidratt til å løfte mange land ut av fattigdom. Samtidig har globaliseringa skapt utfordringar som vi må finne nye svar på. Den økonomiske ulikskapen er i vekst både mellom land og innad i landa. I mange rike land har den økonomiske globaliseringa ført til auka skilnader, der lågtlønna grupper har opplevd stagnert eller redusert levestandard medan dei rikaste har auka sine inntekter og formuer kraftig. Utviklinga mot ein felles verdemarknad har i mange høve skjedd på bekostning av lokalt mangfald, eigarskap, folkestyre og trygge arbeidsplassar.

Dei Grøne vil reversere denne utviklinga gjennom fordelingspolitikk som sikrar meir rettferdig fordeling. Dei Grøne vil jobbe for handelsavtalar som fremjar ambisiøs miljøpolitikk, anständige arbeidarrettar, auka folkestyre og betre dyrevelferd, og som sikrar norsk landbruk for framtida.

Det er uakseptabelt at forhandlingane rundt viktige handelsavtalar er prega av hemmeleghald. Dei Grøne vil jobbe for større openheit rundt arbeidet med slike avtalar. Vi vil støtte utviklingsland sin legitime rett til i perioder å beskytte og favorisere eige næringssliv, men samtidig sørge for at internasjonale investeringar blir verna mot illegitime inngrep frå lokale styresmakter.

Dei Grøne vil:

- Kreve at nye handelsavtalar stiller klare klima- og miljøkrav og er i tråd med Paris-avtalen.
- Jobbe for større openheit i forhandlingar om handel slik at vi får ein opplyst demokratisk debatt.
- At Noregs forhandlingsmandat skal vedtakast av Stortinget i forkant av forhandlingar om større handelsavtalar.
- Bruke statleg eigarskap og internasjonalt samarbeid aktivt for å bekjempe skatteparadis og økonomisk hemmeleghald, herunder arbeide for ein internasjonal konvensjon om økonomisk openheit, og for opprettelse av eit internasjonalt skatteorgan i FN.
- Styrke skatteetaten sine moglegheiter til å forfölge finanskriminalitet på tvers av landegrensene.
- Støtte utviklingslanda sine moglegheiter til å bygge opp eigen industri og matproduksjon.
- Støtte avtalar som legg til rette for auka norske investeringar i utviklingsland, under føresetnad at det skjer på dei lokale innbyggjarane sine premiss.
- Ta initiativ til ein internasjonal koalisjon av oljeproduserande nasjonar som frivillig faser ut si petroleumsverksemd i tråd med Parisavtalen.
- Arbeide for ein såkalt Robin Hood-skatt på omsetnad av valuta og verdipapir, som skal øyremerkast tiltak for berekraftig utvikling i FN-regi.
- Greie ut straffeavgift eller andre sanksjonar mot land som ikkje følgjer opp Parisavtalen og andre internasjonale miljøavtaler.
- Jobbe for at Noreg blir verdas første Fairtrade-land.

- Sikre rimelige inntekter til bøndene, hovudsakleg finansiert av prisen på produkta, ved eit sterkt tollvern.
- sikre at multinasjonale selskap betalar skatt der verdiskapinga skjer, gjennom heilt nye tilnermingar til beskatning av multinasjonale selskap, og langt større innsyn i selskapa si verksemd enn i dag.
- Jobbe for at multinasjonale konsern blir skattlagt med ei heilskapleg tilneming, slik at ein skattar basert på heile konsernet sitt globale overskot, heller enn nasjonale datterselskap sine overskot.

Les meir om Dei Grøne sitt internasjonale arbeid i kapittelet "Noreg i verda".

GRØNT NÆRINGSLIV

Arbeidsprogram
2017-2021

Eit næringsliv som opererer innanfor naturen sine tålegrenser, er det einaste som kan trygge arbeidsplassar, verdiskaping og velferd på lang sikt. Dei Grøne er optimistiske på framtidas vegne, og er overbevist om at bedriftene som i dag er leiande på miljø og berekraft, er dei som vil lukkast i konkurransen i framtida.

Noreg har ei høgt utdanna befolkning, rike naturressursar, og mange teknologisk avanserte bedrifter. Vi har eit organisert arbeidsliv med tett og godt samarbeid mellom arbeidsgivarar og arbeidstakarar. Sterke velferdsordningar gjer at bedriftene kan oppnå stabilitet og vekst gjennom godt kvalifiserte og sjølvstendige tilsette, og bedriftsleiarar, tilsette, investorar og styresmakter har generelt god tillit til kvarandre. Dette viser at Noreg er eit attraktivt land å drive næringsverksemd i.

Gjennom mange år har olje- og gassindustrien bidratt til mange arbeidsplassar og store inntekter til fellesskapet. Samtidig har norskprodusert olje og gass produsert CO₂-utslepp som tilsvrar 280 år med norske klimagassutslepp, og oljeindustrien har bidratt til å drive opp kostnadsnivået for det øvrige næringslivet. Framleis investerer staten fleire titals milliardar kroner i året direkte i ny olje- og gassutvinning, og premierer næringa med skattefordelar i same storleik. Dette er ein uansvarlig økonomisk politikk som på sikt vil gjere Noreg fattigare.

Dei Grøne vil i neste stortingsperiode sette fart på eit grønt skifte i norsk næringsliv. Det einaste ansvarlege for framtida til både kloden og norsk økonomi er å fase ut olje- og gassindustrien gradvis over ein 15-årsperiode. Vi må flytte investeringar og skattefordelar over til nye, grøne næringar som kan sikre langsiktig verdiskaping.

Ni av ti nordmenn jobbar ikkje i petroleumsrelaterte næringar. Grøn næringspolitikk handlar også om å gjere meir av det vi allereie gjer i dag. Vi vil føre ein aktiv næringspolitikk som gjer det enklare å starte bedrifter og tilsette folk. Vi vil investere i forsking og teknologi, og premiere bedrifter som gjer mindre beslag på naturressursar og tar ansvar for heile livslaupet til sine produkt og tenester. Vi vil styrke matproduksjon basert på norske ressursar, og bruke offentleg innkjøpsmakt aktivt for å dyrke fram framtidsretta bedrifter.

EIT GRØNT SKIFTE I NORSK NÆRINGSLIV

Arbeidsprogram
2017-2021

Det store samfunnsprosjektet dei neste åra i Noreg er det grøne skiftet frå oljeøkonomi til grøne arbeidsplassar. Nedturen i oljeindustrien dei siste åra har vist oss at norsk økonomi har blitt sårbar på grunn av satsing på olje og gass. Men i staden for ein politikk som gjer at titusenvis brått blir arbeidsledige over natta, utan ein plan, vil Dei Grøne føre ein føreseileg politikk som gradvis fasar ut olje- og gassindustrien over ein 15-årsperiode.

Inspirert av korleis styresmaktene bidrog aktivt til å bygge opp norsk olje- og gassindustri, vil vi at styresmaktene satsar målretta på sektorar der Noreg har naturgitte fortrinn, som fornybar energi, foredling av biologiske ressursar, og marine og maritime næringar. Gjennom aktiv næringspolitikk vil Dei Grøne bidra til at kompetansen som er utvikla av dyktige arbeidarar i olje- og gassnæringa, kan finne nye bruksområde.

Eit av Noregs fremste konkurransesfortrinn er at vi har mykje natur og store havområde med velfungerande artsrike økosystem. Her finst enorme fornybare ressursar som kan erstatte produkt og materialar som i dag er basert på olje og gass. Berekraftig bruk av desse føreset imidlertid kunnskap om norsk natur og artar på eit heilt anna nivå enn i dag. Dei Grøne vil gjere det mogleg og attraktivt å skape og benytte seg av denne kunnskapen.

Dei Grøne vil:

- Gjennomføre ei gradvis og planmessig utfasing av olje- og gassindustrien over ein 15-årsperiode, og stanse leiting og utbygging på norsk sokkel, herunder Johan Sverdrup fase 2.
- Gi gode skattevilkår til grøne næringar inspirert av dagens fordelar til olje- og gassindustrien.
- Fjerne alle skattefordelar og subsidiar til petroleumsverksemder og avskaffe TFO-ordninga.
- Føre ein næringspolitikk basert på aktive politiske prioriteringar av sektorar og teknologiar der Noreg har naturleg fortrinn.
- Gjennomføre ei storstilt satsing på å utvikle ny fornybar energiproduksjon, som havvind, biogass, solenergi, bølgekraft og geotermisk energi.
- Redusere risiko for investeringar i grønt næringsliv blant anna ved å opprette fleire såkornfond, skattefordelar og direkte statlige investeringar.
- Flytte offentlege forskingsmidlar frå oljeindustrien til innovasjon i grøne næringar.
- Satse målretta på omstilling av kompetanse og teknologi i olje- og gassindustrien og leverandørindustrien.
- Gi statleg omstillingsstøtte til kommuner og lokalsamfunn som mistar arbeidsplassar innanfor olje- og gassindustrien.
- Samarbeide med næringsliv, forskingsmiljø og organisasjonar om eit nasjonalt løft for bioøkonomi og bioprospektering, og etablere Bionova som pådrivar for utvikling av bionæringer og bioteknologi.
- Samarbeide med den maritime næringa for å gjere Noreg til den første utsleppsfree sjøfartsnasjonen i verda, og etablere Marinova som pådrivar for framtidsretta skipindustri.
- Sørge for at energipolitikken gir gode vilkår for industrinæringar og datasenter.
- Erstatte koldrift på Svalbard med satsing på nye næringssvegar som fornybar energi, romfart og kommunikasjon, forsking og reiseliv.

Les meir om Dei Grøne sin skatte- og avgiftspolitikk for eit grønt skifte i kapittelet "Skatt og avgifter".

RESSURSAR I KRINSLAUP

Arbeidsprogram
2017-2021

I ein grøn økonomi finst ikkje avfall, berre ressursar på avvegar. Her er resirkulering, reparasjon og gjenbruk regelen, og økonomien opererer innanfor rammene av naturens tålegrenser. Ein krinslaupsøkonomi stiller nye krav til bedrifter om å ta ansvar for heile levetida til sine produkt og tenester, samtidig som det opnar mange spennande, lokale og lønsame moglegheiter i ei framtid med meir skort på ressursar og meir bevisste forbrukarar.

Krinslaupsøkonomi inneber ei grunnleggande kursendring frå dagens bruk-og-kast-samfunn. Krav til produkta si levetid, miljøavgifter på overforbruk og ureining, og oftentleg innkjøpspolitikk, er sentrale delar av styresmaktene si verktøykasse. Forsking og utvikling er viktig for å utvikle nye prosessar og ny teknologi. Samtidig er det nødvendig å jobbe for ei kulturendring blant forbrukarar og næringsliv, der det blir ein naturleg del av verksemda å tenke på det økologiske fotavtrykket til produkt og tenester.

Dei Grøne vil:

- Lage ein forpliktande handlingsplan for krinslaupsøkonomi, med mindre ressursløsing i alle deler av samfunnet.
- Føre ein skatt- og avgiftspolitikk som gjer det lønsamt å bruke minst mogleg naturressursar, og der ureinar må betale.
- Stille strengare minstekrav til levetid for at varer skal kunne markedsførast i Noreg, og styrke reklamasjonsretten i forbrukerkjøpslova.
- Arbeide internasjonalt for å fremme krinslaupsøkonomi og høgare krav til levetid på produkt
- Gi investeringsstøtte til tiltak for ressurseffektivisering og krinslaupsmodellar i industri og bionæringer.
- Fjerne meirverdiavgifta på reparasjon og gjenbruk.
- Gi økonomiske insentiv til dele-, utleige- og utlånsordningar etter modell av dagens bildeleringar og bibliotek.
- Regulere delingsøkonomien for å legge til rette for auka aktivitet og omsetning, samtidig som kundane og dei tilsette sine rettar blir sikra, og for å ta omsyn til staten sine inntekter.
- Legge til rette for at bedrifter, organisasjonar, det offentlege og enkeltpersonar enklare kan gi bort og bytte brukbare gjenstandar framfor å kaste dei, blant anna gjennom minigjenbruksstasjonar og utstyrssentralar.
- Auke flaskepanten til fem kroner og innføre panteordningar for fleire typer produkt, som til dømes mobiltelefonar og fritidsbåtar.
- Stille krav om resirkulerbarheit og fullstendige livslaupsanalysar i offentlege innkjøp.
- Innføre kjeldesortering av hushaldningsavfall, kommunalt avfall og næringsavfall over heile landet.
- Prioritere utskiljing av biologisk avfall, som matavfall, og stimulere til auka produksjon av biogass og biogjødsel frå avfall og i jordbruk.
- Auke gjenvinningsgraden av plastemballasje til 70 prosent innan 2025

Les om Dei Grøne sine tiltak for ein økonomisk politikk i økologisk balanse i kapitla "Ekte ansvar i den økonomiske politikken", "Ureining og miljøgifter" og "Livskvalitet framfor auka forbruk".

FORSKNING, INNOVASJON OG TEKNOLOGI

Arbeidsprogram
2017-2021

Vår samla kunnskap og kompetanse er den klart største delen av nasjonalformua vår. Noreg har i dag framifrå forskingsmiljø, og eit næringsliv som har utvikla avansert teknologi og flytta grenser på en rad område, ikkje minst innan offshorenæringa. Omstilling frå oljeøkonomi til grøn økonomi krev imidlertid ei styrka satsing på forsking og utvikling, både i offentlege institusjonar og i næringslivet.

Dei Grøne vil gi sterke incentiv til bedrifter og organisasjonar som driv fram miljøvennleg teknologi og kompetanse. Det handlar både om skattefordelar for bedrifter som driv med forsking og utvikling, og om å auke og målrette den offentlege forskingsinnsatsen innan område der vi har stort potensiale. I tillegg er det viktig at styresmaktene legg til rette for at vegen frå forsking til lønsame bedrifter blir kortare.

Dei Grøne vil:

- Stimulere til miljøvennlig omstilling i næringslivet ved å innføre ei MiljøFUNN-ordning og styrke SkatteFUNN-ordninga.
- Styrke og målrette satsing på forsking og utvikling innan sektorar der Noreg har konkurransefortrinn.
- Opprette og støtte testcenter som kan gi bedrifter, innovasjonsselskap og forskingsinstitutt støtte til pilottesting i stor skala og kommersialisering.
- Redusere risiko for investeringar i grønt næringsliv blant anna ved å opprette fleire såkornfond, skattefordelar og direkte statlege investeringar.
- Styrke og etablere grøn profil på støtteordningar for innovasjon og kommersialisering av teknologi og forretningsidear.
- Innføre ei ordning med skreddarsydde verkemiddelpakkar for bedrifter og prosjekt med særleg høg innovasjonsgrad.
- Greie ut ei ordning der staten bidreg med 25 % når ein investor går inn i eit prosjekt som blir godkjent som grønt etter fastsette berekraftskriterier, og som kan dokumentere økologisk bereevne.
- Styrke samarbeid mellom universiteta, lokale og regionale aktørar om sosialt og grønt entreprenørskap gjennom eigne innovasjonssenter.
- Samarbeide med næringsliv, forskingsmiljø og organisasjonar om eit nasjonalt løft for bioøkonomi og bioprospektering, og etablere Bionova som pådrivar for utvikling av bionæringer og bioteknologi.
- Gå gjennom støtteordningar for innovasjon og kommersialisering av teknologi og forretningsidear og sikre at dei har ein grøn og framtidsretta profil.
- Flytte offentlege forskingsmidlar frå oljeindustrien til innovasjon i grøne næringar.
- Styrke utdanning og forsking innen økologiske dyrkingsmetoder, karbonlagrande driftsmåtar av jordsmonnet, og digitalisering og teknologiutvikling for bionæringane.
- Samarbeide med næringsliv og fagmiljø om raskt å implementere ny kunnskap om aktuelle samfunnsutfordringar i utdanningssystemet.
- Auke støtta til forsking på næringar og teknologi der Noreg har konkurransefortrinn.
- Satse på innovasjon og kunnskapsutvikling i bionæringer, tenestenæringer og industri.
- Støtte privatpersonar og bedrifter som ønskjer å bruke velferdsteknologi i eigen heim eller for tilrettelegging av arbeidsplassen.
- Vidareutvikle norsk romindustri ved å styrke nasjonale følgemidlar og bidrag til frivilige program i den europeiske romfartsorganisasjonen (ESA).

Les meir om forsking og innovasjon i kapitla "Grønt næringsliv" og "Utdanning og kompetanse".

GRÜNDERAR OG SMÅBEDRIFTER

Arbeidsprogram
2017-2021

For å mobilisere folk si skaparkraft og engasjement vil Dei Grøne gjere det enklare å gjere idear om til røyndom, drive små og mellomstore bedrifter og ha lokale verksemder over heile landet. Særleg er det viktig når mange arbeidsplassar blir truga av dårlig lønsemd i olje- og gassverksemda. Vi vil støtte lokalsamfunn og regionar til å skape nye, varige arbeidsplassar som tek utgangspunkt i dei behova og moglegheitene som finnast der.

Dei rike naturressursane våre er lokalt betinga. Verdiskapinga i landet vårt er uløyseleg knytt til dei lokale moglegheitene vi vel å utnytte. Arbeidsplassar handlar dessutan om mykje meir enn kva som blir produsert. Arbeidsplassar er kjelde til deltaking og samfunnsansvar, uttrykk for lokale fagmiljø og tradisjonar, og gir levande bygder og byar. Dei Grøne vil satse på frivillig arbeid og arbeidsplassar innan viktige velferdsoppgåver, handverk og service, kultur, berekraftig reiseliv og friluftsliv. Gründerar, organisasjonar og bedrifter som vil bidra til lokalsamfunnet skal få gode, føreseielege vilkår.

Dei Grøne vil:

- Prioritere gründerar og småbedrifter gjennom skattefordelar og forenkling av regelverk.
- Skjerme fleire småbedrifter frå formuesskatt ved å auke botnfrådraget betydelig, samtidig som skattesatsen blir auka på dei høgste formuene.
- Lette vilkåra for etablering og drift av småbedrifter ved å forenkle skattereglar og rapporteringskrav, og gjere det enklare for små bedrifter å ta del i offentlige tilbod.
- Bidra til å bygge lokale fagmiljø og klynger med utgangspunkt i lokale behov og moglegheiter.
- Styrke lokale verksemder innan handel-, handverk- og servicenæringane.
- Føre ein aktiv næringspolitikk for heile landet med statlege midlar til lokal og regional omstilling.
- Auke støtta til marknadsføring av norsk reiseliv med vekt på den skandinaviske marknaden.
- Auke dei regionale midlane til fylkeskommunene, blant anna for at kommuner med spesielt høg arbeidsløyse kan få tildelt ekstra støtte til tiltak for lokal næringsutvikling.
- Verne om ordninga med redusert arbeidsgiveravgift i distriktskommuner og utvide ordninga innanfor rammene av EØS-avtalen.
- Jobbe for å styrke rettane og det sosiale tryggleiksnettet for sjølvstendig næringsdrivande.
- Gi skattefordelar til personar og bedrifter som investerer i grøne bedrifter i oppstartsfasen.
- Støtte arbeidsgiverar som set i verk tiltak for kompetanseheving i grøne fag, og omskolering frå petroleumsfag.
- Styrke samarbeidet mellom lokalt næringsliv og yrkesopplæringsnemnda i oppretting og bevaring av lokale kompetansemiljø.
- Fjerne arbeidsgiveravgifta på lærlingar.
- Stimulere til auka bruk av teknologi, kontorhotell og heimekontor for å auke fleksibilitet og motvirke sentralisering av arbeidsplassar og busetting.
- Etablere en møteplass der offentlig sektor kan legge fram behov for næringslivet, inspirert av det britiske "Small Business Research Initiative".

Les om De Grønnes tilrettelegging for gründerskap i kapitlene "Livskraftige kommuner og regioner", "Skatter og avgifter" og "Arbeid og velferd".

GRØNE KRAV I OFFENTLEGE INNKJØP

Arbeidsprogram
2017-2021

Kvart år kjøper det offentlege varer og tenester for over 400 milliardar kroner. Det offentlege har som innkjøpar ei nøkkelrolle når det gjeld å stimulere til innovasjon, grøn næringsutvikling og nye arbeidsplassar. Dei Grøne vil at det offentlege skal bruke si innkjøpsmakt i langt større grad enn i dag til å stille strenge miljøkrav knytt til materialforbruk og utslepp, og auka grad av deling og reparasjon.

Dei Grøne vil jobbe for at innkjøparane har den informasjonen og kompetansen dei treng for å gjere gode beslutningar. Gjennom krav til merkeordningar og sertifisering vil dette dessutan auke informasjonen til alle andre forbrukarar, samtidig som det vil stimulere til auka miljøkompetanse og merksemd hos bedriftene. Vi vil også jobbe for å forenkle dagens regelverk og gjere det smidigare i ei verd som endrar seg raskt.

Dei Grøne vil:

- At offentlege innkjøp skal drive fram nye, miljøvennlege løysingar, innovasjon og næringsmoglegheiter, blant anna gjennom krav i tilbod og bruk av utviklingskontrakter.
- Styrke bestillerkompetansen ved offentlege innkjøp, blant anna gjennom å utvikle eit sentralt program etter modell av tilsvarande program på leverandørsida.
- Stille krav om fossilfri anleggdrift i offentlege byggeprosjekt og stille krav om nul-lutslepp innan 2025.
- Som hovudregel stille krav om energipositive bygg med miljøvennleg materiale ved rehabilitering og bygging av offentlege bygg.
- Fase ut oljefyr i alle statlege bygg innan utgangen av 2018 og stille krav om fossilfri oppvarming i alle statlege leigeavtalar.
- Prioritere utsleppsri transport ved kjøp av varer og tenester der det er tilgjengelig, og trappe opp til eit absolutt krav innan 2025.
- Prioritere fornybart materiale i produkt og emballasje, og trappe opp til eit absolutt krav innan 2025.
- Aktivt velje produkt som er returnerbare, gjenvinnbare og gjenbrukbare.
- Prioritere innkjøp av produkt som kan delast og leigast, framfor å eigast.
- Legge til rette for at sosiale entreprenørar kan løyse oppgåver på vegne av fellesskapet.
- Bidra til teknologiutvikling innan helse og andre velferdstenester ved å etterspørre velferdsteknologi som fremjar helse, deltaking og livskvalitet.
- Stille strengare krav i offentlege tilbod om bruk av lærlingar og fagarbeidarar.
- Som hovudregel stille krav om grøne tak ved bygging av offentlege bygg.

Les meir om korleis Dei Grøne vil auke tilgjenge til offentlege tilbodsprosessar i kapitla "Sivilsamfunn og frivillig innsats" og "Grûnderar og småbedrifter".

FORNYBAR ENERGI

Rundt halvparten av energibruken i Noreg kjem framleis frå fossil energi, trass i at nesten all elektrisiteten vi produserer er fornybar. Dei Grøne vil føre ein energipolitikk som erstattar fossil energibruk med fornybar. Ein grøn energipolitikk prioritærer energisparing framfor nye utbyggingar og set omsynet til norsk natur, teknologiutvikling og potensiale for globale utsleppskutt framfor mest mogleg produksjon.

Den mest miljøvennlege energien er den som ikkje blir brukt. Dei Grøne vil ha ei storstilt satsing på energisparing i det offentlege, næringslivet og i privatheimar. For å spare energi og få effektive, gode bygg må vi bruke støtteordningar, energikrav, miljøavgifter og ny teknologi. Vi vil legge til rette for at ny teknologi som "tingenes Internett" og automatiske målarar skaper ein positiv konkurranse om å bruke mindre energi. Dagens rammevilkår for kraftbransjen med låge kraftprisar og svært låg friinntektsrente i grunnrenteskatten, fører til at samfunnsøkonomiske og miljøvennlege svært attraktive prosjekt for utviding av eksisterande vasskraftproduksjon ikkje blir realisert. Miljøpartiet Dei Grøne ønsker å gå gjennom regelverket for å kunne ruste opp fleire eksisterande vasskraftanlegg.

Energipolitikken har vore skrudd saman slik at den står i motsetnad til naturinteresser, og skaper store konflikter. Den har satsa på vindturbinar og teknologi frå utlandet, som gir lite verdiskaping i Noreg. Dei Grøne vil endre støtteordningar for å bidra til utvikling av ny teknologi, som verda treng for å redusere klimagassutslepp, og som samtidig gir nye arbeidsplassar i Noreg. Nødvendige klimatiltak må utformast slik at den minst mogleg skadar natur og biologisk mangfald.

Dei Grøne vil:

- Føre ein like offensiv politikk for energisparing som EU, og sette eit mål om å redusere energiforbruket i Noreg med 30 prosent innan 2030.
- Trappe opp arbeidet med energisparing i bygg med mål om ei halvering innan 2040, i tråd med Arnstad-utvalget sitt anslag.
- Aktivt støtte energieffektivisering i hushald, industri- og byggsektoren gjennom auka løyvingar og krav om nullenergibygg og plusshus.
- Gjennomføre ei storstilt satsing på å utvikle ny fornybar energiproduksjon som havvind, biogass, solenergi, bølgekraft og geotermisk energi.
- Målrette støtteordningar for fornybar energi for å utvikle ny teknologi som kan bidra til store kutt i globale utslepp, og gi høve til eksport frå norsk næringsliv.
- Sikre at Noregs energiressursar støttar Europa si satsing på fornybar energi og støtte fleire sjøkablar til Storbritannia og kontinentet.
- Styrke Statkraft SF og Fornybar AS som statlege pådrivarar innan utvikling og produksjon av fornybar energi.
- Utarbeide ein nasjonal strategi for korleis norske, statlege selskap kan bidra til det globale grøne skiftet ved å utvikle, bygge, eige og drifte fornybar kraftproduksjon i utlandet.
- Bruke SPU aktivt til å investere i infrastruktur for fornybar energi og støtte norske investeringar med risikokapital i fornybar energi i den globale marknaden.
- Føre ein restriktiv politikk for utbygging av vindkraft på land og utarbeide ny nasjonal plan for fornybarutbygging som hindrar ødelegging av verdifulle natur- og friluftsområde.
- Føre ein restriktiv politikk for konsesjon til vasskraftverk og småkraftverk og prioritere opprustning og modernisering av eldre vasskraftverk framfor nye utbyggingar.
- Greie ut eit trappetrinnssystem for straum i private hushaldningar som gjer unødvendig forbruk dyrare.
- Kartlegge solressursane i Noreg, og gi investeringsstøtte til solstraumanlegg og solfangarar.
- Snarast råd innføre det lenge varsle nasjonale forbodet mot bruk av fossil olje til oppvarming, også mot spisslast, og utvide det til å omfatte bruk av fossil gass til oppvarming.
- Stille krav om nullenergistandard for nye bygg i 2020.
- Stimulere til eigenproduksjon av elektrisitet for privatpersonar, burettslag og næringsliv.

FISKERI

Hava, fjordane og vassdraga i Noreg har rike økosystem og unike naturressursar. Dei har vore grunnlaget for mat, arbeidsplassar, aktivitetar og busetnad over heile landet i tusenvis av år. Dei Grøne sin fiskeri- og havbrukspolitikk vil gi framtidige generasjonar same utsikter til å hauste av desse naturverdiane. Då må økosystemperspektivet og berekraftig forvaltning av fisk og alle biologiske ressursar i havet leggast til grunn. Ein grøn kystpolitikk må stanse overbeskatting, ureining og andre miljøtrugslar, og sikre mat, arbeidsplassar og innovasjon og kunnskapsutvikling, som heile samfunnet har glede av.

Dei Grøne vil at kystfiskeflåten skal vere ryggsøyla i fiskerinæringa, med havfiskeflåten som supplement for å hauste av fleire ressursar. Fiskeressursane langs kysten bør forvالتast og videreføre last lokalt. Slik kan vi legge grunnlaget for ei sterk sjømatnæring som sikrar sysselsetting og busetting langs kysten. Auka fokus på kvalitet, berekraft og marknadsføring vil gjere norsk sjømat til eit enda meir etterspurt produkt.

Dei Grøne vil:

- Grunnlovsfeste at fiskeressursane i havet tilhører folket.
- Behalde deltarlavova, havressurslava og fiskesalslagslava, med strenge grenser for tal på kvoter eit reiarlag kan eige.
- Ta omsyn til rekruttering og sysselsetting ved utdeling av kvoter, og overføre kvoter frå havfiskeflåten til kystfiskeflåten dersom leveringsforpliktelsane ikkje blir følgd.
- Seie nei til evigvarande kvoter.
- Dei Grøne ønsker ikkje at kvoter skal kunne kjøpast og seljast på den opne marknaden, og meiner at kvoter som ikkje lenger er i bruk skal gå tilbake til staten.
- Ta initiativ til eit internasjonalt forbod mot utkasting av fisk.
- Styrke fiskerioppsynet slik at det er til stades lokalt heile kysten, og trappe opp arbeidet med å førebygge ulovleg fiske.
- Forby botntråling.
- Etablere ei tilskotsordning for elektrifisering av fiskeflåten, slik at kystflåten raskt kan bli utsleppsfri.
- Oppskalere innsatsen mot marin forsøpling kraftig ved å styrke tilskotsordninga for tiltak mot marin forsøpling, etablere ei Skjærgardsteneste i heile landet og etablere mottaksanlegg for avfall langs kysten.
- Arbeide mot nedbygging av dagens fiskefelt.
- Følge opp forslaga frå kystfiskeutvalet i 2008 om eiga lov og forvaltning for kystfisket i Finnmark.
- Ta initiativ til å utvikle "Fiskerens marked" etter modell frå "Bondens marked".
- Arbeide internasjonalt mot overbeskatting av fisk og andre marine artar.

Les meir om Dei Grøne sine forslag til ein berekraftig havbruks- og fiskeripolitikk i kapitla "Livet i havet" og "Oppdrettsindustrien".

OPPDRETTSSINDUSTRIEN

Arbeidsprogram
2017-2021

Oppdrettsindustrien er den nest største eksportnæringa i Noreg, og samtidig ei av dei største miljøutfordringane langs kysten. Oppdrettsindustrien står framfor ei nødvendig omstilling til miljøvennleg produksjon med god dyrevelferd. For at oppdrettsindustrien skal bli ein berekraftig industri, må det setjast miljøkrav som hindrar utslepp av lus, røming og ureining av omgivnadane. Omstillinga er ei moglegheit for at oppdrettsindustrien kan bidra til varig og berekraftig verdiskaping i Noreg.

Dei Grøne set økosystemperspektivet og berekraftig forvaltning av alle biologiske ressursar i havet til grunn. Vi meiner Noreg bør vere eit føregangsland på fiskehelse og utsleppsfree matproduksjon. Oppdrettsindustrien må vere med i overgangen til ein krinslaupsøkonomi der bruk av ressursar, utslepp og handtering av biprodukt og avfall skjer i tråd med naturen sine syklusar. Vi må forske på, og utnytte, potensialet i bruk av fiskeavfall og satse på berekraftig, norsk fôrproduksjon.

Dei Grøne vil:

- Utvikle økologisk havbruk som ein spydspiss for miljø- og dyrevennleg havbruk.
- Berre gi nye konsesjonar til lukka oppdrettsanlegg, og kreve lukka teknologi på alle eksisterande anlegg innan 2025.
- Utvide og trappe opp spleiselaget mellom staten og oppdrettsindustrien om FoU, teknologiutvikling og investeringar i lukka anlegg og miljøløysingar.
- Bygge opp berekraftig fôrproduksjon i Noreg for å auke sjølvforsyningssgraden og hindre bruk av matfisk og importert protein.
- Opprette eige oppdrettstilsyn i Mattilsynet for å styrke kontrollen med rapportering, dyrevelferd og berekraftig drift.
- Initiere ei uavhengig nasjonal utgreiing om oppdrettsanlegg sin påverknad på heile økosystemet i ein fjord.
- Gjere tydeleg at ureiningslova gjeld for oppdrettsindustrien.
- Skjerpe krava til dyrevelferd i oppdrettsindustrien.
- Gi kommunane løyve til å innføre arealavgift til havs.
- Innføre heimfallsordningar for oppdrettslokalitetar.
- Innføre forbod mot å skifte ballastvatn eller töme kjemikaliar frå lusebehandling i sårbare område, og avvikle bruk av kitinhemmarar i oppdrettsnæringa.
- Få på plass merking av oppdrettslaks for å kunne spore rømt laks tilbake til oppdrettsanlegget.

Les meir om Dei Grøne sine forslag til en berekraftig havbruks- og fiskeripolitikk i kapitla "Livet i havet" og "Fiskeri".

BEREKRAFTIG JORDBRUK

Jordbruket skal produsere mat av de rike ressursane vi har i Noreg. I ei verd med klimaendringar, befolkningsvekst og aukande press på ressursar gir eit jordbruk basert på norske ressursar trygg og sikker mat no og i framtida. Næringa har også ansvar for store delar av vårt felles ressursgrunnlag, areal og landskap. Ettersom jordbruksressursane i Noreg er spreidde, vil Dei Grøne satse målretta på dei små og mellomstore bruka for å utnytte desse ressursane best mogleg. Sentraliseringspolitikken frå tidlegare regjeringar

må difor reverserast.

Noreg har gode føresetnadar for å drive eit berekraftig jordbruk basert på lokale, fornybare ressursar. Vi har store utmarksressursar, god dyrehelse og driver eit mindre intensivt jordbruk enn mange andre land. Dette gir Noreg eit fortrinn i konkurransen på den internasjonale matmarknaden.

Dei Grøne vil føre ein jordbruks politikk som fremjar norsk produksjon av frukt, grønsaker og korn, og som gir oss kjøt, egg og melk basert på norsk fôr og norske beiteressursar. Vi vil gjere det enklare å ta i bruk miljøvennlege dyrkingsmetodar og ha god dyrevelferd. Det enkelte bruket skal stimulerast til å leve eit sett av produkt og tenester lokalt, som til dømes pleie av kulturlandskap og utmark. Ved å sette sunnhet og kvalitet framfor billig mat, kan fortrinnet i norsk jordbruk utnyttast endå betre, og fremje helse og betra livskvalitet.

Dei Grøne vil:

- Auke matproduksjonen basert på norske ressursar og styrke mogelegheitene for inntekt på små og mellomstore bruk.
- Bruke tilskuddssystemet til å premiere miljøvennleg produksjon, god dyrevelferd og bruk av lokale ressursar.
- Sikre rimelege inntekter til bøndene, hovudsakleg finansiert ved prisen på produkta, ved eit sterkt tollvern. Utnytte handlingsrommet i tollvernet betre slik at norske bønder blir sikra rimeleg betaling for produkta.
- Oppretthalde konsesjonslova med buplikt, sikre driveplikt for all matjord og vidareføre odelslova og priskontroll av eigedomar.
- Styrke måla for økologisk produksjon og forbruk, og støtte økologisk landbruk som ein spydspiss for eit meir berekraftig landbruk.
- Stille krav til 50 prosent økologisk eller lokalprodusert mat i offentlege matinnkjøp.
- Greie ut større samanhengande heiløkologiske produksjonsområde på stader, eller for produksjonar, som er spesielt egna for økologisk landbruk.
- Støtte og planlegge for urbant landbruk, andelslandbruk, besøksgardar og seterdrift, matkultursenter og marknadsføring av lokalmat.
- Forenkle regelverk og kontroll av lokal- og tradisjonsmat hos småskalaprodusentar.
- Auke matproduksjon basert på norsk gras ved å gi betre støtte til beiting og gjere kraftfôr dyrare enn grovfôr.
- Føre ein tilskots- og kvotepolitikk som opprettheld små og mellomstore bruk i heile landet.
- Vidareføre marknadsbalansering i landbruket med prisuttak i etter jordbruksavtalen, mottaksplikt, leveringsplikt og Omsetningsrådet sine funksjonar.
- Oppretthalde produksjonsfordelinga i jordbruket der den mest fruktbare jorda vert brukt til kornproduksjon.
- Fremje prinsippet om matsuverenitet for nasjonar i alle internasjonale forhandlingar.
- Vri landbrukstilskota slik at det blir meir lønsamt å produsere vegetabilsk mat, for å redusere utslepp per mengde mat som blir produsert.
- gjere landbruket fossilfritt innan 2030 blant anna ved å sikre gunstig pris på innkjøp av biodrivstoff, subsidiere innkjøp av nullutsleppstraktorar og avvikle fritaket for CO2-avgift.
- Regulere forbruket av nitrogengjødsel og sprøytemidlar strengare for å redusere ureining og utarming av jorda.
- Revidere reindriftslova ved å innføre ein unntaksregel som vernar dei små aktørane, og evaluere den gjennomførte reduksjonen i talet på rein.
- Finansiere førebyggande tiltak mot tap av dyr på beite og gi rimeleg kompensasjon til bønder som ikkje kan nytte seg av beiterett på grunn av rovdyr i området.

- Oppretthalde velferdsordningane i landbruket, under dette tilskot til avløysar.
- Oppheve forbodet mot dyrking av industriell hamp, som kan nyttast til produksjon av papir, tekstilar, byggemateriale, olje og mat, og er velegna til dyrking i Noreg.

Les meir om nærliggande tema i "Vårt livsgrunnlag", "Folkehelse" og "Livskvalitet framfor auka forbruk".

SKOGBRUK

Skogen er leveområde for mange av våre planter og dyr. Biomassen i skog bind karbon og gir skogen ei viktig rolle i møtet med klimaendringane. Biologiske organismer frå skog og biomasse er viktige, fornybare ressursar. Dei kan utnyttast langt betre enn i dag. I det grøne skiftet blir skogens rolle viktigare. Skogen vil forsyne oss med sentrale, fornybare råstoff og forblí rekreasjonsområde og leveområde for ein betydeleg del av vårt biologiske mangfald.

Ein føresetnad for berekraftig skogbruk er ei kartlegging av ulike vegetasjonstyper i skogen og forekomsten av ulike biologiske ressursar. Eit representativt utval av norske skogtyper og skog skal vernast, og produktiv skog skal drivast berekraftig slik at leveområde til andre artar blir tatt vare på. Ei grøn omstilling av treforedlingsindustrien dreier seg om å utnytte råvarene betre i foredling innanlands, og sikre konkurransefordelar basert på andre forhold enn låge råvareprisar. Bruk av trevirke som bygningsmateriale, og berekraftig bruk av skogsavfall til biodrivstoff og andre produkt, står sentralt i dette.

Dei Grøne vil:

- Auke konkurransekrafta for tre som byggemateriale gjennom krav til livslaupsanlysar i teknisk forskrift i bygesektoren, og prioritering av tre i offentlege bygg og anlegg.
- Intensivere kartlegging av artar, vegetasjonstyper og økosystem i norske skogar.
- Auke kunnskapen om bestanddelar i dei biologiske ressursane, og deira bruksområde, ved meir bioprospektering av biologiske ressursar frå skog.
- Verne ti prosent av produktiv skog innan 2027.
- Skjerpe krava til berekraftig skogsdrift og gi sterkare incentiv til skogeigarar som ønsker å gå over til meir skånsam skogsdrift, der miljøet blir tatt i vare.
- Forlenge levetida til trea ved å auke rotasjonstida i skogbruket. Dette for i større grad ta vare på biologisk mangfald og auke karbonlager i skogen.
- Skjerpe regelverket for å redusere bruk av plantevernmiddel og fase ut skadeleg gjødsling av skogsområde.
- Vidareutvikle norsk treforedlingsindustri ved å stimulere til spesialisering og innovasjon.
- Utvikle ei programmessig satsing på bioraffinering av dei ulike fraksjonane frå biologiske ressursar i skog.

Les meir om økosystemforvaltning i kapitlet "Livet på land".

AREAL OG TRANSPORT

Dei Grøne jobbar for livskraftige lokalsamfunn med rein luft og utan klimagassutslepp, som tek vare på matjord, og som vernar om viktige naturverdiar og grøntområde, og legg til rette for effektiv nytte- og persontransport. Eit livskraftig samfunn har trafikksikre vegar, trygge skulevegar, gode kollektivsamband, mindre kø for næringslivet og dei som må køyre bil, og god tilgang til felles møteplassar, grøntområde og natur. Her har fotgjengarar, syklistar og kollektivreisande prioritert framfor privatbilar. Det er eit samfunn som er inkluderande, som legg til rette for at folk kan jobbe der dei bur, og som gjer det enkelt å reise miljøvennleg.

Noreg er eit langstrakt land med store skilnader mellom storbyområde og distriktskommuner. I byane, der arealet er under størst press, må biltrafikken avgrensast for å sikre ei meir effektiv arealutnytting, reinare luft og effektiv reduksjon av klimagassutslepp. I distrikta, der bilen mange stader er einaste alternativ, vil Dei Grøne prioritere godt vegedlikehald og trafikksikring, og prioritere utprøving av ny transportteknologi. Det skal vere trygt for syklande og gåande, folk skal kome seg raskt fram med nullutsleppsbusar og -båtar, og det må leggast til rette for meir bruk av utsleppsfrie bilar. Togreiser mellom dei store byane skal i stor grad ta over for flyreiser, og gods bør i større grad transporterast på tog og skip. I Finnmark ønskjer vi prøveprosjekt med miljøvennlege fly.

Ein stor del av befolkninga bur i mellomstore byar eller byregionar i sterkt vekst. Slik vil det også vere i framtida. Det gir behov for heilskapleg areal- og transportplanlegging, som legg til rette for fortetting med god bukvalitet rundt kollektivknutepunkta. Målet om nullvekst i personbiltransporten må omfatte alle byområde. Dette vil redusere transportbehovet i kvardagen, dyrke det lokale tilhøyret på nabolagsnivå, og verne matjorda. Dei Grøne vil styrke samordning mellom kommunar, regionar og stat, og gi meir tydelege nasjonale føringar på areal- og transportpolitikken. Tilgjenge til store samanhengande natur- og grøntområde må leggast større vekt på i arealplanlegginga.

AREALBRUK OG PLANLEGGING

Arbeidsprogram
2017-2021

I arealplanlegginga vil Dei Grøne jobbe for gode nærmiljø og sterke vern av matjord, natur- og friluftsområde. Bustadbygging og arealbruk må planleggast betre på tvers av kommunegrenser, både i by- og distriktskommuner. Omsynet til klimaendringar i samfunns- og arealplanlegging må styrkast. Nasjonale styresmakter må i større grad legge føringar for avgjerder om natur, matjord og viktig infrastruktur. Desse avgjerdene formar samfunnet for mange generasjonar framover.

Berre tre prosent av Noregs areal er dyrkbar jord. Likevel blir fleire tusen dekar med matjord bygd ned kvart år. Å sikre at matjord blir brukt til å produsere mat er eit nasjonalt og viktig samfunnsansvar. Det handlar om eigen mattryggjeik, men også om å bidra med vårt til global matforsyning. Dei Grøne meiner Stortinget må ha nullvisjon for tap av matjord, og at god matjord berre kan byggast på etter nasjonal godkjenning med strenge kriterium.

Lokalsamfunna skal sjølve utvikle levande byar og attraktive bygder som kan tilby innbyggjarane sine arbeidsplassar, kulturtilbod, gode kommunale tenester, eit godt helsevesen og eit næringsliv som tilfører regionen ressursar. Lokal medverknad er viktig og må leggast vekt på i planlegginga. Naturmangfald, rein luft og nærliek til natur aukar livskvaliteten til innbyggjarane, og må vere førande.

Dei Grøne vil:

- Gjere klima- og naturmål, og vern av matjord, forpliktande for areal- og transportplanlegging, inkludert Nasjonal transportplan (NTP).
- Samordne bustad-, areal- og transportpolitikken betre ved å gi det regionale nivået og staten større mynde til å legge føringar i arealpolitikken.
- Pålegge fylkesmennene å følge opp nasjonale miljøverdiar i større grad enn i dag.
- Gi heimel for varig vern av matjord i jordlova, og verne dei mest produktive jordressursane.
- Sikre reindriftsnæringa reell medverknad i planprosessar.
- Gjere måltaket for nedbygging av matjord juridisk bindande og inkludere dette i fylkesvise og kommunale arealregnskap.
- Gå gjennom lovene som regulerer utbygging og arealbruk for å etablere absolutte grenser for kva miljøinngrep som kan aksepterast.
- Legge tydelegare føringar for vekting av miljøinteresser mot andre interesser.
- Opprette eit uavhengig, nasjonalt klageorgan for miljøsaker og naturinngrep med juridisk og naturvitenskapleg kompetanse.
- Sikre at alle norske kommuner og fylkeskommuner har tilstrekkelig kompetanse på klima og miljø, blant anna gjennom klima- og miljørådgjevarar i kommunene.
- Prioritere fortetting med kvalitet rundt kollektivknutepunkt og transformasjon framfor nedbygging av nye areal.
- Bidra til eit sykkelloft i norske kommuner og fylker ved å styrke den statlege tilskotsordninga betydeleg.
- Handheve forbodet mot nye bilbaserte kjøpesenter strengare ved å minimere bruken av dispensasjonar og begrense utviding av eksisterande senter.
- Lage ei eiga planleggingslov for havområda, som bygg på forvaltningsplanane, for å sikre ei økosystembasert forvaltning.
- Stimulere til oppretting av bilfrie sentrum i byar og tettstader gjennom by- og bygdemiljøpakkar.
- Innføre målet om nullvekst i personbiltransporten for alle byområde. Nullvekstmålet bør som minimum leggjast til grunn i alle byar der det er aktuelt med bypakkar.

- Etablere ei ordning med gjensidig forpliktande avtalar for berekraftig distriktsutvikling mellom staten og planmynde på lokalt og regionalt nivå.

Les meir om berekraftig arealplanlegging i kapitla "Livet på land", "Tilpassing til klimaendringar", "Livskraftige regionar og kommuner", "Vegtrafikk", "Sykkel og gange".

BUSTADPOLITIKK

Dei Grøne vil føre ein politikk som gjer det mogleg for alle å skaffe seg ein nøktern bustad med god bukvalitet både inne og ute. Bustadpolitikk i framtida må ha mål om eit mindre klimaavtrykk. Dette må påverke både oppgradering av dagens bustader og korleis vi bygg i åra framover. Berekraftig arealpolitikk og kvalitet i utsyn er viktig for livskvalitet og trivsel. Ein framtidsretta bustadpolitikk må ta omsyn til alle menneske som treng bustad. Dagens bustadpriser er altfor høge i dei store byane, og for mange unge er terskelen til bustadmarknaden uoverstigeleg. Samtidig er tilbodet av utleigebustader lite, og leigeprisane høge. Vi vil føre ein politikk som gjer det mogleg for alle å leige eller eige ein bustad til overkomeleg pris, og med god bukvalitet. Vi vil begrense moglegheita til gjeldsfrådrag, auke andelen offentlege utleigebustader og auke Husbanken si utlånsramme for å dempe prispresset i bustadmarknaden.

Dagens bustadpolitikk skjer i spennet mellom ein sterk privat utbyggingssektor og lokalt planmynde. Staten er primært aktiv gjennom overordna lovgiving og offentlege verkemiddel som Husbanken og BSU. Dei Grøne vil gjenreise den sosiale bustadpolitikken og føre ein langsiktig politikk som nyttar dei ulike verkemidla i samspel med offentlege og private aktørar.

Dei Grøne vil:

- Jobbe for ein føreseieleg utleigemarknad med akseptabelt prisnivå for dei som ikkje ønsker eller har moglegheit til å eige eigen bustad, ved å støtte utviklinga av non-profit utleigeselskap eigd av ideelle organisasjonar og det offentlige.
- Føre bustadpolitikk som ein integrert del av klimapolitikken og trekke inn areal-, infrastruktur-, og transportplanlegging i alle prosjekt.
- Bygge minst 3000 studentbustader per år fram til behovet er dekt.
- Avgrense prisveksten på bustader gjennom gradvis å trappe ned rentefrådraget, og skattlegge sekundær bustader hardare.
- Auke rammene til Husbanken slik at dei blir i stand til å støtte fleire ulike framtidsretta bustadprosjekt.
- Ikkje-kommersielle utleigebustader skal utgjere minst 25 % av nybygging, fram til behovet er dekka. Det må etablerast eit eige program i regi av Husbanken, med nødvendig finansiering for å bidra til at dette målet blir nådd.
- Sikre tilstrekkeleg utbygging av bustader som er tilrettelagde for personar med redusert funksjonsevne.
- Revidere tekniske byggeforskrifter slik at det blir lettare å gjennomføre prosjekt som fremjar god arealbruk, er klimavennlege og nyskapande, berekraftige buformer.
- Auke statlege innovasjonsmidlar til sosiale og berekraftige bygge- og bustadprosjekt.
- Vurdere ein andel prisregulerte bustader og andre tiltak for å dempe prispresset i de større byane.
- Greie ut verkemiddel for å begrense bustadspekulasjon, som husleigetak og andre tiltak.

- Støtte forsking på lågteknologiske byggloysingar for enklare bygging og drift.
- Stille krav om grøntområde og levande fellesareal i alle bustadområde.
- Samarbeide med kommunar om å endre belasta buområde og legge vekt på lokal tilhørsle og medverknad, synlig miljøopprustning, betre livskvalitet og betre levekår.
- Stille krav om grøne tak og veggar eller installasjon av solcellepanel på nye bygg i byar og tettstader der dette er hensiktsmessig.
- Endre plan- og bygningslova slik at det blir enklare for kommuner å stille klima- og miljøkrav til nye byggeprosjekt.

Les meir om Dei Grøne sin bustadpolitikk i kapittelet "Skatt og avgifter".

KOLLEKTIVTRANSPORT OG JERNBANE

Dei Grøne vil vidareutvikle eit effektivt transportsystem som ein føresetnad for eit moderne samfunn, eit effektivt næringsliv og ein velfungerande offentleg sektor. Transport er ei av dei største kjeldene til klimagassutslepp, ureining, støy og naturinngrep. For å redusere miljøskadene er det viktig å reversere veksten i sjølve omfanget av transport, blant anna gjennom ei meir heilsakleg arealplanlegging. Vi vil gjere kollektivreisa til ryggrada i Noregs persontransportsystem. Skal vi lukkast med å innfri pliktene vi har tatt på oss i Paris-avtalen, må vi investere mykje i omlegging av transportsektoren i år som kjem. Kollektivtransporten må bli langt meir miljøvennleg og tilby attraktive kollektivtrenester tilpassa det lokale befolningsgrunnlaget, både i byane og i distrikta. Staten må premiere dei storbyområda som er villige til å forplikte seg til å redusere biltrafikken, og bymiljøavtalane og miljøtransportpakkane for distrikta må brukast aktivt. Skal Noreg lukkast med det grøne skiftet, må vi skape gode løysingar for heile landet gjennom insentiv og støtteordningar som bidreg til berekraftig mobilitet der folk bur.

Dei Grøne vil prioritere tiltak som kan gi rask reduksjon i klimagassutsleppa frå flytrafikk mellom dei store byane, og reduksjon av bilkøyring i byregionar. Tog skal vere favoritten av transportmiddel på lange og mellomlange reiser der forholda ligg til rette, og til det nære utland som Stockholm og København. Jernbane og tog er eit integrert system som på grunn av kompleksitet og kapasitetsmangel, ikkje er egna for konkurranse. MDG vil stanse oppsplitting og konkurranseutsetting av togdrift på norske skinner og etablere eitt togselskap som har ansvar for både skinner og tog. På denne måten får vi færre grensesnitt, klare ansvarslinjer og eit togtilbod for dei reisande som både er kostnadseffektivt, hyppig, moderne og påliteleg.

De Grønne vil:

- Ferdigstille Intercity-utbygginga på Austlandet og starte bygging av ny jernbanetunnel gjennom Oslo.
- Bygge dobbeltspor på Trønderbana, Vossebana og Jærbana.
- Gjere alle jernbanestrekningar utsleppsfree.
- Gjennomføre ei konseptvalutgreiing (KVG) for Nord-Noreg-bana og sentrumsregionen rundt Tromsø.
- Redusere reisetida med tog mellom Oslo-Bergen og Oslo-Trondheim til maks fire timer og Oslo-Stavanger til maks seks timer innan 2025.
- I neste stortingsperiode greie ut ei hyperloopbane Oslo-København, som kan dekke både godstrafikk og persontrafikk.
- Bygge ut høghastighetsbane mellom de store byane.
- Forbetre utlandsforbindelsane med jernbane, spesielt Oslo-Stockholm og Oslo-Kø-

benhavn.

- Styrke tilbodet og redusere prisen på alle nattogstrekningar.
- Stanse konkurranseutsetting og fragmentering av togdrift på norske skinner og etablere eitt jernbaneselskap som skal ha ansvar for både tog og skinner.
- Fjerne meirverdiavgifta på kollektivreiser.
- Bruke CO₂-avgift frå tungtransport til eit fond for snøggare innfasing av utsleppsfrie varebilar og bussar, etter modell av NOx-fondet.
- Finansiere minst 80 prosent av store kollektivinvesteringar i storbyane.
- Premiere storbyar som reduserer biltrafikken med auka drifts- og investeringsmidlar til kollektivtransport.
- Innføre ei belønningsordning for fylkeskommuner som gjer det lettare å teste ut og etablere nye tilbod og nye typer kollektivtransport i distrikta.
- Stimulere til raskast mogleg innfasing av utsleppsfri kollektivtransport.
- Innføre eit nasjonalt reisekort som kan brukast på buss, ferge, båt og tog.
- Støtte prøveprosjekt og endre regelverk for å opne for sjølvkøyrande bussar.
- Stimulere til miljøvennlege arbeidsreiser gjennom gunstige skattereglar for tilsette og bedrifter.
- Gjennomføre prøveprosjekt med meir fleksibel kjernetid på statlege kontorarbeidsplassar i storbyområda, for å utnytte kapasiteten i kollektivnettet betre.
- Lukke gapet frå vedlikehaldsetterslepet av infrastruktur i jernbanen.
- Gi bymiljøavtalar til fleire byar som satsar grønt, inkludert Bodø knytta til Ny By-prosjektet.

VEGTRAFIKK

Personbilar, varebilar og bussar vil framleis ha ein viktig plass i det norske transportsystemet. Difor må vi starte ei rask omlegging til utsleppsfri vegtrafikk. Omlegginga til utsleppsfrie personbilar bør fortrinnsvis skje ved at folk vel ein nullutslippsbil når dei uansett skal bytte bil. Difor vil Dei Grøne føre ein politikk som sikrar ei raskast mogleg utfasing av sal av nye fossilbilar. For at nullutsleppskøyretøy skal bli eit reelt alternativ i heile landet, må det offentlege bidra til massiv utbygging av energistasjonar dei neste åra. Det skal løne seg å velje miljøvennleg, difor må det alltid vere billegare å velje ein utsleppsfri bil. Grøn transportpolitikk vil legge til rette for at buss, eller vidareutvikling av dagens bussar, fortsatt forblir svært viktig for lokalt og regionalt kollektivtransporttilbod, og for å frigjere vegkapasitet til vare- og nyttetransport.

Vi treng gode, trygge vegar. Dei Grøne vil prioritere vedlikehald, trafikktryggleik, prosjekt som leier trafikk utanfor tettbygde strok, og nødvendig utbetring av vegnettet. Dette skal kombinerast med vår politikk for smart arealplanlegging, kollektivnett, sykkelvegar og fotgjengarar. Då blir det lettare å kome seg fram for dei som må bruke bil og vi får tryggare vegar. Den samla veksten i biltrafikk må stanse og kollektiv-, vare- og nyttetransport må prioriterast på vegane over heile landet, spesielt i storbyane. Privatbilar har i altfor mange år lagt premiss for by- og tettstadsutvikling. Det har ført til både store klimagassutslepp, lange køar og stor lokal luftureining. Vi legg prinsippet om at ureinar skal betale til grunn, og støttar tids- og miljødifferensierte bompengar i storbyområda.

Dei Grøne vil:

- Etablere ein bygdemiljøpakke for miljøvennleg transport i distriktskommuner med tiltak som leasingstøtte for el-bil, distriktsvennleg pendlarfrådrag og storskala utbygging av ladestasjonar.

- Utbetre eksisterande vegar med tanke på trafikktryggleik framfor å bygge store nye veganlegg mellom landsdelane.
- Innføre ei ordning med klimabelønning der inntektene frå enkelte miljøavgifter, som for eksempel auka bensinavgifter, blir delt direkte ut igjen til innbyggjarane.
- Gå imot kapasitetsaukande motorvegutbyggingar.
- Legge til rette for innfartsparkering ved kollektivknutepunkt med lett tilkomst til byar og tettstader.
- Redusere biltrafikken i storbyområda med minst 20 prosent i løpet av stortingsperioden.
- Bygge ut eit samanhengande ladenett i heile Noreg innan 2019, og prioritere at infrastrukturen i distrikta blir bygd ut slik at nullutslepp blir eit reelt alternativ så fort som råd.
- Redusere den generelle farta i tettbygde strok frå dagens 50 km/t til 40 km/t, og til 30 km/t i byområde med blanda trafikk og rundt skular og barnehagar.
- Gjennomføre hyppigare fartskontrollar på ulukkesbelasta strekningar.
- Omdisponere vegareal til kollektivfelt og miljøfelt på viktige innfartsårer til storbyane.
- Fase ut sal av nye fossile personbilar innan 2020, og fossile varebilar og bussar innan 2025.
- Vidareføre fordelane for utsleppsfree køyrety inntil dei er konkurransedyktige.
- Trappe opp avgiftene på fossilt drivstoff.
- Gi insentiv til bruk av bildeling og tilsvarande ordningar.
- Stille krav om utsleppsfree køyrety i offentlege kontrakter og anbod.
- Legge til rette for prøveprosjekt med sjølvkøyrande bilar og bussar.
- Gjennomføre ei forsøksordning med høgre vrakpant for fossilbilar dersom ein kjører utsleppsfree bil eller elsykkel.
- Stille krav om utsleppsfree drosjer.

Les meir om tiltak for å redusere klimagassutslepp frå vegtrafikken i kapitlet "Klimaet på jorda".

SYKKEL OG GANGE

Dei Grøne vil at flest mogleg skal kunne gå og sykle til sine daglege gjeremål. Det må vere eit trygt, lettvint og raskt alternativ. Verkemiddel og verktøy for planlegging av gang- og sykkelvegar må i større grad ta omsyn til dei mjuke trafikantane sine behov. Det krev god planlegging, større investeringar, og prioritering av areal i tettbygde strok. Vi vil belønne offensive klima- og miljøkommuner med statlege bidrag, som støttar kommunene sine eigne ambisjonar, og støtte utbygging av sykkelvegnett, ekspresssykkelvegar og trygge gang-, sykkel- og skulevegar.

Dei Grøne vil:

- Doble sykkelandelen i løpet av fire år.
- Gjennomføre ei storstilt utbygging av infrastruktur for gåande og syklende, med øyremerka midlar til fylkeskommunene og kommunene, prioritert før utbygging av bilvegar.
- At staten skal fullfinansiere samanhengande ekspresssykkelvegar i byar og byregionar.
- Trappe opp løvyingar til drift og vedlikehald av gang- og sykkelvegar.
- Stimulere til oppretting av bilfrie sentrum i byar og tettstader, blant anna gjennom by- og bygdemiljøpakkar.
- Legge til rette for "snarvegar" for gåande og syklende, slik det er gjort i Trondheim.

- Handheve forbodet mot nye bilbaserte kjøpesenter.
- Bygge sykkelhotell på alle store jernbanestasjonar og kollektivknutepunkt.
- Samordne bisykkelordningane nasjonalt slik at folk kan bruke bisykkel i byen dei besøker.
- Innføre momsfriftak på elsyklar og legge til rette for fleire ladepunkt for elsyklar.
- Legge til rette for at fotgjengarfelt og sykkelvegar i større grad skal vere separate.
- Jobbe for å fullfinansiere all viktig infrastruktur, inkludert kollektivtransport og bisyklar utan reklame.
- Stimulere til etablering av deleordningar for lastesyklar.

SJØTRANSPORT

Noreg har gode føresetnader for å bli verdsleiande på miljøvennleg og effektiv skipsfart. Sjøtransport har eit stort potensial for å ta ein større del av både godstransporten og persontransporten i Noreg. Kystfylka har naturlege samband som bør utnyttast i større grad enn i dag. Der det er mogleg bør hurtigbåt og båttaxi med nullutslepp bli ein del av kollektivtransporten.

Ei grønn omstilling av sjøtransporten gir store moglegheiter for norsk maritim næring. Utsleppsfree fartøy og nullutsleppsteknologi kan bli ein viktig eksportartikkel og vil bidra til auka sysselsetting langs kysten. Det vil ta noko tid før all sjøtransport er basert på nullutsleppsteknologi. Difor er det viktig å sette i gang tiltak i den eksisterende flåten, som vil redusere klimagassutslepp på kort sikt.

Dei Grøne vil:

- Samarbeide med den maritime næringa om å gjere Noreg til første utsleppsfree sjøfartsnasjon i verda, og etablere Marinova, som pådrivar for ein framtidsretta skip-sindustri.
- Stille krav om utsleppsfree ferjer på alle ferjestrekningar.
- Satse på forsking og grøn teknologiutvikling for all skipsfart.
- Etablere tilskotsordning for elektrifisering av fiskeflåten.
- Løyve midlar til forsking for å utvikle nærskipsfart for framtida.
- Innføre ei vrakpantordning for skip som blir bytta ut med utsleppsfree skip.
- Satse på landstraum for å kutte klimagassutslepp og betre luftkvaliteten i norske byar.

LUFTTRANSPORT

Flytrafikken veks raskt og bidreg til store CO₂-utslepp. Dei Grøne vil bygge ut jernbane og på den måten redusere behovet for flyreiser. Samtidig vil vi jobbe aktivt for å redusere utsleppa frå flytrafikken. Dei Grøne meiner at kostnaden med flytrafikk må dekkast gjennom billettporis, ikkje subsidierast ved sprit- og tobakkssal i taxfree-ordninga.

Dei Grøne vil:

- Redusere trafikken på norske flyplassar med 30 prosent innan 2030.
- Auke miljøavgifta på ureinande flyreiser, differensiert ut frå tilgang til alternative

reisemåtar, og stimulere til utvikling av utsleppsfree løysingar.

- Gå mot utviding av kapasitet på norske flyplassar.
- Avvikle ordninga med taxfreesal på flyplassar.
- Stimulere til bruk av fornybart drivstoff i flytrafikken.
- Redusere karbonutslepp ved å stille krav om meir effektive ned- og oppstigingsprosedyrer.
- Studere moglegheitene for utsleppsfree lufttransport, spesielt i regionar der annan transport ikkje er tilgjengeleg i dag.
- Arbeide for at all flytrafikk blir inkludert i nasjonale og internasjonale klimarekneskap.

Les meir om tiltak for å redusere klimagassutslepp frå lufttransport i kapitlet "Klimaet på jorda".

GRØN VARETRANSPORT

Effektiv transport av gods er viktig for konkurransen til norsk næringsliv. Å flytte meir gods frå veg til bane og sjø vil redusere klimagassutslepp betraktelig og bidra til betre trafikktryggleik. Det er samfunnsøkonomisk lønnsomt, men krev politisk vilje. Dei Grøne vil sørge for at satsing på jernbane og teknologiutvikling innan transport raskt kan bidra til effektiv, miljøvennleg varetransport.

Dei Grøne vil:

- Kutta utsleppa frå godstrafikk med minst 50 prosent innan 2030.
- Følge opp stortingsvedtaket om å overføre gods til bane og sjø, fase inn utsleppsfree køyretyg og skip, og redusere transportvolumet.
- Utnytte potensialet som høghastigheitsbane for persontrafikk gir for gods på eksisterande bane.
- Prioritere utbygging av godsterminalar, godshamner og effektive omlastingssentralar.
- Satse på nullutsleppslastebilar med mål om at 50 prosent av lastebilane skal vere utsleppsfree i 2025.
- Etablere eit CO₂-fond for utvikling av nullutsleppsteknologi for tungtransport, varebilar og bussar.
- Sette i verk tiltak som raskt gir betre kapasitet på banenettet.
- Etablere ei betalingsløysing for obligatorisk bombrukke for nyttetraffic, for å sikre lik konkurranse i transportnæringa.
- Styrke ordninga for å redusere risiko og etableringskostnader og beskytte oppstartsfasen for leverandørar av miljøvennleg godstransport.

UTDANNING OG KOMPETANSE

Arbeidsprogram
2017-2021

Trygge og sjølvstendige menneske må ha kompetanse til å utvikle seg, delta, påvirke og skape. Det er menneska og fellesskapet som må løyse utfordringene vi står ovanfor. Dei Grøne sin utdanningspolitikk møter framtidige behov som samfunnet har, og behov som enkeltmennesket har, for å ta ansvar og skape glede for seg sjølv og andre.

Kunnskap er ei drivkraft for det grøne skiftet, og grunnlag for eit berekraftig samfunn. I eit høgteknologisk og globalt samfunn vil krava til omstillingsevne og kompetanse stadig auke. Samtidig vil mangfaldet av bransjar og yrker kreve fleire typar kompetanse og forutsette samarbeid og respekt for ulike ferdigheter. Krava til kompetanse er i stadig endring og kravet til omstilling blir stadig høgare.

Dei Grøne ønskjer eit sterkt offentleg utdanningssystem der alle har lik rett til god utdanning. Vi meiner eit avgrensa tal ideelle og private aktørar kan medverke til større mangfold, og difor er eit positivt supplement i barnehagen og skulen, så lenge det ikkje går ut over det offentlege tilbodet. Offentleg høgre utdanning skal vere basert på gratisprinsippet, og Dei Grøne vil gå imot alle forsøk på å fråvike dette.

Eitt av skulen sine viktigaste mål må vere å hjelpe barn og unge til å bli trygge og sjølvstendige menneske med gode føresetnadar for å meistre utfordringane livet byr på. Livsmeistring må difor løftast fram i skulen. Saman med oppvekst- og helsepolitikken, er dette vårt viktigaste grep mot utanforskap, dårlig helse og låg deltaking. Barnehagen, skulen og oppvekstmiljøet elles må gi trygge rammer for leik og læring. Samtidig må det leggast til rette for minst ein time fysisk aktivitet dagleg, noko ein kan oppnå gjennom varierte arbeidsmåtar. Alle skal oppleve meistring og verte i stand til å ta mest mogleg ansvar for seg sjølv og omgjevnadane sine.

Barnehagen er viktig for mange barns oppvekst og som første steg i utdanningssystemet. Barn skal ha rett til eit trygt og godt miljø å leike og utvikle seg i. Dei Grøne vil styrke barnehagen som ein stad for fri leik og læring i kultur, natur og mangfald. Politikk for helse, oppvekst og gode lokalsamfunn vedkjem også barnehagepolitikken. Barnehagen skal vere med på å legge grunnlaget for eit godt liv og livslang læring. Tilsette i barnehagen er viktige forvaltarar av eit samfunn det er godt å leve i. Helsepolitikk, oppvekst- og familiepolitikk må legge vekt på opphalds- og arbeidsvilkår i barnehagar og skular, og bygningar og uteareal bidra til god fysisk og psykisk helse.

Dei Grøne vil:

- Sørge for nok barnehageplassar til dei som ønsker det, med løpande opptak etter at barnet har fylt eitt år.
- Auke delen med barnehagelærarar i barnehagen.
- At kartlegging i barnehagen skal vere avgrensa og underlagt prinsippet om barnets beste.
- Beskytte barns personvern ved å begrense barnehagar si plikt og rett til å lagre opplysningar om borna.
- La barnehagen vere ein integrert og aktiv del av lokalsamfunnet ved å styrke samarbeidet med andre offentlege institusjonar og frivillige og ideelle aktørar.
- Bygge barnehagar med tilgang til varierte uteareal, som bidreg til fri leik, natur- og kulturopplevelingar.
- Styrke barnehagen og skulen som forvaltar av vår felles kultur, blant anna gjennom Den naturlege skolesekken og Den kulturelle skolesekken.
- Jobbe for meir økologisk, lokalprodusert og sunn mat i barnehagen.
- Auke kompetansen til leiarar slik at dei kan bidra til å skape eit inkluderande sosialt miljø.
- Vidareføre kontantstøtta for barn mellom 1 og 2 år.

EIN SKULE FOR ALLE

Skulen skal gi grunnleggande kompetanse, haldningar og verdiar som den enkelte og samfunnet treng og vil ha glede av. Dei Grøne vil at skulen skal gi alle moglegheit til å delta i fellesskapet med livsmeistring, læringsglede, kritisk tenking og evne til problem løysning. Den generelle delen av læreplanen har eit solid verdisett for menneske og natur, og må vidareførast og styrkast.

Dei Grøne vil sørge for at skulen sitt rammeverk er forankra i eit heilskapleg menneskesyn og kan ivareta mangfoldet av elevar. eit inkluderande miljø er viktig i seg sjølv, og dessutan ein føresetnad for læring og utvikling. Fråvær og lite læring kan berre førebryggest ved å gjere skulen betre for fleire. Einsidige krav til målstyring, testing og rapportering innskrenker det pedagogiske handlingsrommet, fremjar pugging og overfladisk læring, og hindrar skulane i å ta vare på heile samfunnsoppdraget sitt.

Dyktige lærarar er avgjerande for elevane sitt læringsutbytte. Lærarar og rettleiarar må ha tid og fridom til å møte den enkelte elev sitt potensiale og behov. Dei Grøne vil sørge for at vi har nok lærarar, med god tilgang på vidareutdanning, og at lærarane blir støtta av leiing, lærarteam og andre fagfolk, som kan følge opp miljø og helse.

Barn og unge oppheld seg i store delar av kvardagen i barnehagen, skulen og SFO. Dei Grøne er villige til å bruke større ressursar på å sikre eit skule- og barnehagetilbod med høg kvalitet, men ønsker ikkje heildagsskule med lengre skuledag. Barn og unge skal ha høve til å lære og oppleve meistring også utanfor skulen.

Dei Grøne vil sørge for at rammeverket er forankra i eit heilskapleg menneskesyn, og kan ivareta mangfaldet med elevar. Fråvær, fråfall og lite læring kan berre førebyggast ved å gjere skulen betre for fleire. Dei Grøne vil fremje djupnelæring med forståing, læringsglede og fagleg skuleleiing. Læring må skje i varierte, røyndomsnære omgivnader og ta utgangspunkt i barn og unge si ibuande evne og vilje til å lære og utvikle seg. Det vil vi legge til rette for gjennom ein friare og meir verdibasert skulepolitikk.

Dei Grøne vil:

- Vidareføre og styrke det økologiske og medmenneskelege verdisettet i læreplanen og støtte opp om Ludvigsen-utvalet si vektlegging av berekraftig utvikling, kritisk tenking, demokrati og medborgarskap, det fleirkulturelle samfunnet, folkehelse og livsmeistring.
- Gi rom til praktiske arbeidsmåtar i alle fag ved å legge til ei sjette grunnleggande ferdighet: praktisk dugleik.
- Ikke utvide skuledagen utover dagens timetal, og seie nei til obligatorisk heildags-skule for å sikre barn fritid.
- Auke elevmedverknad og elevråda si involvering i den pedagogiske planlegginga av skulekvardagen.
- Gi lærarane meir tid til å vere lærarar ved å redusere krav til rapportering, dokumentasjon og testing.
- Ha praktiske, estetiske og IKT-retta valfag med høg kvalitet frå 5. trinn.
- At det på første trinn på Barneskulen blir satsa på læringsglede og fri leik framfor fagspesifikke kompetanseområder.
- Styrke skule-heim-samarbeid og spesialundervisning på 1.-4. trinn for å sikre tidleg innsats.
- Auke ressursar til skulane og PPT slik at dei kan samarbeide hyppigare og meir kontinuerlig.
- Likestille alle fag ved trekk til eksamen, og greie ut alternativ til tradisjonell eksamen.
- Gi alle elevar opplæring i programmering i løpet av grunnskulen.
- Styrke opplæringa om samisk kultur og historie for alle elevar i grunnskulen.
- Sikre god tilgang på uteområde og alternative læringsarenaer, og ressursar til å bruke dei i undervisninga.
- Auke tal på helsesøstre og andre yrkesgrupper på skulen og styrke samarbeidet mellom skulehelsetenesta og helsevesenet for unge.
- Innføre ei nasjonal norm for tal på elevar per lærar i ei kommune, for å sikre tilpassa opplæring etter den enkelte elev sine styrker, interesser og utfordringar.
- Sørge for større lærartettleik blant elevane ved å tilføre meir ressursar til kvar skule.
- Vidareføre tilbodet om vidareutdanning for lærarar.
- Ha fullverdige utstyrsparkar og gode læringsarenaer i praktiske, estetiske og IKT-retta fag.
- Støtte prøveprosjekt med skulestart seinare på dagen.
- Sørge for tid og ressursar til eit meir variert matematikkfag.
- Styrke arbeidet med livsmeistring i skulen for å bidra til sjølvstilling, helse og livskvalitet for den einskilde elev.
- Ta vare på høve til å etablere ikkje-kommersielle private skular med pedagogisk, fagleg eller religiøs profil.
- Utvikle ein policy for fritt lisensierte skulebøker for alle utdanningsnivå, såkalla Open Educational Resources, i samarbeid med det eksisterande Nasjonal Digital Lærings-

arena.

- Auke fokus på utvikling av relasjonskompetanse hos lærarane i lærarutdanninga.
- Betre måten spesialundervisning og tilpassa opplæring skjer på i grunnskule og vidaregåande, ved å sikre betre medverknad og etterprøving.
- gjere normkritikk til ein obligatorisk del av lærarutdanninga, læreplanen i samfunnsfag og naturfag, og gi opplæringslova eit normkritisk utgangspunkt.
- Styrke dei praktisk-estetiske faga i lærarutdanninga.
- Sikre at læremateriell i skulen er utarbeida av ein uavhengig fagleg aktør, og at næringssinteresser ikkje pregar innhaldet.

FAG- OG YRKESKOMPETANSE

Dei Grøne vil føre ein politikk for fag- og yrkesopplæringa som sørger for at vi har god rekruttering til avgjerande oppgåver og næringer i framtida. Både dimensjonering av opplæringstilbod og innhaldet i opplæringa må tilpassast behova til dei ulike næringane og ei stadig raskare samfunnsutvikling. Ikkje minst må yrkeskompetansen utviklast i takt med næringslivet sitt veksande bidrag til berekraftig utvikling av samfunnet vårt.

Kompetansekrav, teknologi og arbeidsmarknad vil stadig vere i endring og yrkesutøvane må få ta del i denne utviklinga. Elevar må få ei røyndomsnær opplæring som gir høve til å lære yrkesutøvinga skikkeleg. Då er djupnelæring, spesialisering og høve til å prøve seg avgjerande. Meistring av faget sitt er det beste utgangspunktet for tverrfaglighet, kreativitet, innovasjon og omstilling, både under opplæring og i arbeidslivet. Dette krev nært samarbeid med næringsliv og familjø, og fleksibilitet i organisering av fag- og yrkesopplæringa.

Dei Grøne vil:

- Ha meir fleksibel og tilpassa fordeling av læretida i bedrift i heile opplæringstida.
- Tilby meir spesialisering på vg1, og opne for at fylkeskommuner kan samarbeide om opplæringstilbod på spesielle fagfelt.
- Halde fram med og styrke arbeidet med yrkesretting av fellesfaga.
- Gjere det enklare å ta omval i vidaregåande opplæring, og å ta fag- og yrkesopplæring seinare i livet.
- Bevare fagskulene sin eigenart som vidareutdanning og spesialisering, bygd på fag- og yrkesopplæring.
- Auke andelen lærarar på yrkesfag med både yrkes- og pedagogisk kompetanse.
- Legge til rette for at skule, bedrifter og nærmiljø tilbyr opplæring som tek vare på lokale ressursar og tradisjonar, og etterspørsel frå lokalt næringsliv.
- Stille kompetanse- og kvalitetskrav til instruktørar og oppfølging av læreplanen for fagopplæring i bedrift.
- Fjerne arbeidsgiveravgifta på lærlingar og auke lærlingtilskotet i statsbudsjettet.
- Stille strengare krav om bruk av lærlingar og fagarbeidarar i offentlege anbod.
- Sikre finansiering til vidaregåande skular, fagskulular og folkehøgskular innan økologiske eller andre berekraftige fagområde.
- Gi fullt utstyrsstipend til elevar på liner der det er behov for særskilt utstyr for å gjenomføre utdanninga.
- Gjennomgå rådsstruktur og styringsorgan i fag- og yrkesopplæringa nasjonalt og regionalt, for å sikre at opplæringa blir meir relevant for elevar og samfunn.

FORSKNING OG HØGARE UTDANNING

Arbeidsprogram
2017-2021

Dei Grøne vil satse på forsking som bidreg til det grøne skiftet, og gjer samfunnet vårt varmare, klokare og meir berekraftig. Forsking og kunnskap skaper eit viktig grunnlag for kvaliteten på velferd, offentlege tenester og omstilling i næringslivet. Ein aktiv forskingspolitikk sikrar også god forvaltning av kulturarven, og opprettheld det sosiale fellesskapet og samfunnssolidariteten. Dei Grøne vil sikre gode, langsiktige rammer for forskinga slik at kunnskapen blir effektivt og godt forvalta, og kan formidlast vidare frå forskarane.

Kunnskap er eit mål i seg sjølv. Forskinga kan difor ikkje styrast av samfunnensnytte og produktivitet aleine. Dei Grøne vil ha grunnforskning og anna forskarstyrt kunnskapsutvikling. I tillegg er det behov for tematisk styring for å sikre samfunnet den kunnskapen vi treng. Forsking og innovasjon må bli godt integrert, og vere eit aktivt verkemiddel for næringsliv og offentlege institusjonar.

Kunnskap er ei viktig drivkraft for samfunnsutviklinga og ein føresetnad for deltaking, likestilling og demokrati. Dei Grøne vil verne om gratisprinsippet og at alle skal ha tilgang til utdanning. Vi vil sikre profesjonsutdanningane sin eigenart ved å legge til rette for tett kontakt med praksisfeltet og aktuelle forskingsmiljø.

Norsk tertiarutdanning omfattar fagskular, høgskular og universitet. Det er viktig for norsk arbeidsliv og samfunn å ha tydelege roller for dei ulike utdanningsinstitusjonane, og kva kompetanse kandidatar frå kvart slag har. Fagskular er ein viktig del av utdanningssystemet, og har utdanninga tett knytt til behov i arbeidslivet og etterspørsel etter oppdatert kompetanse.

Dei Grøne vil:

- Bevare gratisprinsippet i høgare utdanning.
- Auke nivået på studiestøtta.
- Bygge minst 3000 studentbustader per år fram til behovet er dekka.
- Auke støtta til forsking som skal bidra til meir berekraftig utvikling i næringslivet og offentleg sektor.
- Styrke fridomen til universitet og høgskular ved å auke grunnløyvinga og jamne ut skilnader i finansieringsordninga.
- Auke grunnløyvinga for instituttsektoren.
- Endre finansieringsmodellen for universitet, høgskular og forskingsinstitutt for å stimulere til meir samarbeid.
- Sikre langsiktig og føreseeileg finansiering av forskingsmiljø.
- Fremje meir bruk av rammeavtalar til forsking for offentleg sektor.
- Sikre at anonymiserte data og publikasjonar frå offentleg finansierte institusjonar er allment tilgjengelige.
- Sikre at alle kliniske studium blir registrert, og at metodane og resultata blir tilgjengelige.
- Gjere det enklare for tilsette i profesjonsutdanningar å kombinere stillinga med arbeid i relevant bransje.
- Satse særleg på forsking som fremjar det grøne skiftet, og som bidreg til innovasjon i næringar der Noreg har særlege konkurransefortrinn.
- Stimulere til eit meir målretta samarbeid mellom det offentlege og forskingsmiljø for å bidra til kunnskapsbaserte beslutningsprosessar.
- Belønne formidlingsaktivitet, i tillegg til publisering, som gjer forsking tilgjengelig for befolkninga, ved å revidere tellekantsystemet (publiseringssindikatoren).

- Støtte nasjonalt og internasjonalt arbeid for å gjøre krypteringsteknologi sikrare.
- Gjere det lettare å behalde dagpengar og NAV-stønad under vidareutdanning og tillate all deltaking.
- Satse meir på forsking og utvikling innan kunst- og kulturfeltet.

Les meir om Dei Grøne sine satsingar på forsking i "Forsking, innovasjon og teknologi"

ARBEID OG VELFERD

Arbeidsprogram
2017-2021

Dei Grøne vil skape eit arbeidsliv med sunn balanse mellom arbeid og fritid, der vi deler meir på arbeidet ved å redusere arbeidstida. I dag blir mange stengde ute frå arbeidslivet, medan andre jobbar så mykje at dei opplever stress og tidsklemme. Heile samfunnet vil tene på eit arbeidsliv der ein ikkje blir utslitt av lange arbeidsdagar og tøffe arbeidsvilkår. Samtidig vil miljøet tene på at vi prioriterer kortare arbeidstid framfor større kjøpekraft og meir forbruk.

Arbeidslivet gjennomgår ein stor endringsprosess. Oljeavhengige næringar skal avviklast samtidig som arbeidsplassar går over til varige, berekraftige næringar. Ny teknologi bidreg dessutan til at arbeidsoppgåver vil bli utført på nye måtar innan mange næringar. Den grøne omstillinga krev difor aktiv innsats for å gjøre kompetanse anvendelig på tvers av næringar.

Sjølv om det blir godt tilrettelagt for deltaking i arbeidslivet, så må vi erkjenne at lønna arbeid ikkje alltid er det beste alternativet. For mange vil det vere perioder i livet der lønna arbeid er mindre aktuelt. Det kan skuldast nedsett arbeidsevne, alder, store omsorgsoppgåver i familien, eller anna. Dei Grøne vil legge til rette for at dei som ikkje tek del i lønna arbeid likevel kan bidra til fellesskapet gjennom frivillig innsats dersom dei ønsker det. Dette kan gjerast ved å styrke frivilligsentralane, eller etablere eigne senter i lokalmiljøet der bebruarane kan møtast for felles organisering av omsorgsoppgåver eller utføre nabotenester utan vederlag.

Dei Grøne vil vidareutvikle og forbetre velferda og det sosiale sikkerhetsnettet i Noreg. Alle skal ha like moglegheiter i livet uansett bakgrunn. Eit solidarisk velferdssamfunn med ein sterkt, offentleg velferdsstat skal sikre alle innbyggjarar eit verdig liv utan fattigdom. Då må velferdstenestene tilpassast endringar i aldersfordeling i befolkninga, familielarmer, språk og tradisjonar. Teknologiske hjelpemiddel må nyttast slik at livskvaliteten blir tatt vare på for dei som mottek velferdstenester.

Det er eit mål at flest mogleg skal ha lønna arbeid, og at dei skal trivast i jobben sin. Dei Grøne vil verne om grunnleggande rettar i arbeidslivet, som fast tilsetting og innflytelse over eige arbeid. Vi vil kjempe imot lediggang ved rask og målretta omstilling frå eit oljeavhengig til eit berekraftig samfunn. Den grøne omstillinga krev at vi legg vekt på både utvikling og omstilling av kompetanse.

Den norske modellen har gitt oss eit velfungerende arbeidsliv. Dei Grøne vil at vi framleis skal ha aktive arbeidslivsorganisasjonar, ei sterk arbeidsmiljølov og eit godt samarbeid mellom partane i arbeidslivet og staten. Dette samarbeidet bidreg til at vi framleis har produktive og innovative bedrifter som tek vare på samfunnsansvaret sitt. Det legg også til rette for gjensidig tillit mellom partane.

Samarbeidet i arbeidslivet bidreg også til å hindre sosial dumping og til å lette inngangen til arbeidslivet for dei som treng ekstra hjelp og støtte. Dei Grøne har ei målsetting om å redusere normalarbeidstida for å bidra til redusert forbruk og eit meir inkluderande arbeidsliv. Kortare arbeidstid gjer at fleire kan dele på arbeidet og at færre slit seg ut på arbeidsplassen.

Dei Grøne vil utvikle arbeidslivet etter behova for omstilling i framtida. Vi vil satse på forsking og innovasjon som gir varige arbeidsplassar over heile landet. Vi skal legge til rette for arbeidsplassar som kan skapast innan bioøkonomi, offentlege og private tenester, handel, handverk, industri og kultur. Vi vil også jobbe for etablering av mange nye verksemder som kan bidra til å utvikle det fornybare samfunnet.

Dei Grøne vil arbeide for eit arbeidsliv utan diskriminering. Tilgangen til jobb skal vere basert på kompetanse, og ikkje på kjønn, alder, funksjonsevne eller etnisitet. Vi ønsker å få greidd ut vilkår for at statsborgarar frå land utanfor EU-land skal sikrast same vilkår som EU-borgarar når det gjeld midlertidig arbeidsløyve. Dette vil kunne redusere omfanget av svart arbeid, og vil gi større skatteinntekter fordi desse personane kan utføre arbeid i bransjer der det er liten tilgang på norsk arbeidskraft. Samtidig må vi sikre at det blir reagert sterkt mot svart arbeid og lovbrot.

Dei Grøne vil:

- Vidareføre prinsippet om allmenngjering av tariffavtalar.
- Styrke arbeidsmiljølova sine paragrafar om fast tilsetting, også for tilsette i vikarbyrå.
- Gradvis redusere arbeidstida frå 37 til 30 timer per veke, der redusert arbeidstid i hovudsak erstattar reallønsauke.
- I samarbeid med partane i arbeidslivet jobbe for at fleire skal kunne velge redusert arbeidstid.
- Utvide den lovfesta retten til deltidsarbeid til å gjelde for fleire arbeidstakarar med omsorgsansvar, eventuelt også andre grupper, dersom det viser seg å være behov for det.
- Legge til rette for meir medeigarskap på arbeidsplassen.
- Plassere fleire nye statlege arbeidsplassar utanfor Oslo for å bidra til regional utvikling i heile landet.
- Arbeide aktivt mot diskriminering i arbeidslivet.
- Styrke tiltak mot svart arbeid og arbeidskriminalitet.
- Greie ut vilkår for at personar med statsborgerskap i land utanfor EU skal kunne få same vilkår for midlertidig arbeidsløyve som EU-borgarar.
- Opne for uføretrygding i mindre brøkar enn 50 prosent.

- Praktisere prinsippet om lik lønn for arbeid av lik verdi, og greie ut ulike lønsutjamnande tiltak til fordel for kvinnedominerte yrker.
- Prioritere næringar der Noreg har konkurransefortrinn.
- Stimulere til at privat kapital i større grad blir investert i arbeidsplassar, forsking og teknologiutvikling framfor i eigedom og bustadar.
- Gjennomføre fleire prøveprosjekt med redusert arbeidstid.
- Støtte arbeidsgjevarar som set i verk ekstraordinære tiltak for kompetanseheving i grøne fag og omskolering frå petroleumsfag.
- Gjere det enklare å tilsette vaksne utan studiekompetanse på bakgrunn av erfaring frå lønna og ulønna arbeid.
- Føre tilbake lovparagrafar for å begrense ufrivillig deltid.

VELFERD OG INKLUDERING

Eit inkluderande samfunn krev aktiv kamp mot fattigdom, eit sterkt sosialt tryggleiksnett og tilgang til arbeidslivet. Folketrygda sine pensjons- og trygdeordningar skal bidra til økonomisk tryggleik og ein anstendig levestandard for personar som ikkje kan delta i arbeidslivet. Dei ulike ordningane må samordnast godt og gjerast tilgjengelege for dei som har rett til dei.

Dei Grøne vil greie ut og prøve ordningar med borgarløn for å sikre eit anstendig grunnlag for livsopphald for alle borgarar. Ei slik betingelseslaus og universell grunninntekt vil kunne gi alle større friheit og fleksibilitet til sjølv å velge korleis dei vil bruke tida si, gi motivasjon til å söke og vere i jobb, og generelt bidra til betre livskvalitet, oppfinnsomheit og integritet for mange. Ei godt fungerende borgarløn vil i tillegg kunne gjere fleire av dagens behovsprøvde velferds- og trygdeytingar overflødig, og slik redusere byråkrati og demotiverande saksbehandlingstid.

Dei Grøne vil forsterke og utvide tiltak som har vist seg å føre til at fleire får tilgang til arbeidsmarknaden, og blir verande i arbeidslivet. Vi vil difor styrke NAV slik at dei kan bruke kompetansen sin på beste måte, for å følge opp personar som treng støtte for å kome ut i arbeidslivet.

Dei Grøne vil:

- Arbeide for ei nasjonal minstenorm for sosialhjelp.
- Legge til rette for at fleire med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i arbeidslivet.
- Styrke NAV for å sikre betre oppfølging av brukarar som blir følgde opp av rettleiar.
- Pålegge offentlege verksemder å tilsette ein viss andel personar med redusert arbeidsevne.
- Greie ut ordningar for borgarløn tilpassa norsk kontekst og gjennomføre pilotforsøk for å samle erfaringar om verknad og innretning.
- Endre dagpengeordninga til også å omfatte personar som har mindre deltidsstillingar.
- Bidra til at brukarar av NAV, med særlig lav inntekt, skal kunne bruke honnørkort.
- Jobbe for å styrke rettane og det sosiale sikkerhetsnettet for sjølvstendig næringsdrivande.
- Greie ut justering av ytingar til personar som bur i land med lågare levekostnader.

Les meir om Dei Grøne sine tiltak for å sikre moglegheiter til alle og eit godt arbeidsliv i kapitla "Aktivt seniorliv", "Likestilling og likeverd" og "Grønt næringsliv".

EIN TRYGG OPPVEKST

Arbeidsprogram
2017-2021

Eit samfunn det er godt å vere barn i, er godt for alle. Ein trygg oppvekst legg det avgjande grunnlaget for eit godt liv. Barnets behov for tryggleik og kjærleik, og fråvær av overgrep og forsøming, må alltid bli prioritert framfor andre omsyn. Ein god barndom handlar om høve til fri leik, fysisk og mental utvikling, utprøving og læring. Det krev tilgjengelege og trygge uteområde, parkar, skogholt, hundremeterskogar, blomsterenger osv. både i byar og bygder.

Dei Grøne vil:

- Sikre barn i Noreg eit liv utan fattigdom.
- Styrke kompetansen i helsevesen, barnehage og skule for å oppdage vald, mobbing og overgrep mot barn tidleg.
- Sikre lokalmiljø der det er trygt å gå og sykle til barnehage, skule og grøntområde.
- Sikre eit velfungerande og føreseieleg barnevern som er likt over heile landet.
- Styrke barns medbestemmelsesrett i barnevernssaker, også dersom barnet er under 12 år.
- At barnevernet skal gjennomføre fleire hjelpe tiltak før det blir aktuelt med omsorgsorgsovertaking.
- At søsken som hovedregel blir plassert i same fosterheim der dette er ønska av barna sjølve, og tilrådelig ut frå ei heilskapleg vurdering og det einskilde barnets behov.
- Gi heilskaplege hjelpe tiltak til gravide under svangerskapet dersom det er mistanke om omsorgssvikt under og etter svangerskap.
- Auke det etniske, språklege og kulturelle mangfaldet blant godkjende fosterfamilier og beredskapsheimar.
- At barn og unge skal ha rett til å vere med å bestemme etter evne i alle samanhengar som gjeld dei.
- Tilrettelegge for fleire lokale lavterskelt tilbod for sårbare familiarar, blant anna i samarbeid med helsesøstre og barnehagar.
- Tilrettelegge for barn med funksjonsnedsettingar og sjeldne diagnoser, og arbeide aktivt for å motvirke eit sorteringssamfunn.
- Styrke tilbod om møteplassar og språkopplæring til føresette og barn som ikkje går i barnehage.
- Innføre gradert barnetrygd for å gi meir barnetrygd til husstandar med låg inntekt.
- Sørge for barnehageplassar til dei som ønsker det, med to opptak i året etter at barnet har fylt ett år.
- Reversere regjeringa sitt kutt i fedrekvoten og innføre reell tredeling av foreldrepromisjonen.
- Sikre likestilt foreldreskap, og gi begge forsørgjarar sjølvstendig rett til opptening av foreldrepenge.
- Etablere foreldrerettleiingskurs i alle kommuner i regi av helsestasjonen, for å gi nybakte foreldre gode verktøy for å kome barnet sine behov i møte, gi ein trygg oppvekst og sikre kunnskapsoverføring mellom foreldre.

Les meir om Dei Grøne sine tiltak for ein god oppvekst i kapittelet "Utdanning og kompetanse".

Personar over yrkesaktiv alder utgjer ein veksande andel av den norske befolkninga. Mange seniorar er aktive samfunnsborgarar, og Dei Grøne tek utgangspunkt i at endå fleire ønsker å vere det. Vi vil difor legge til rette for at eldre skal kunne ta aktivt del, og få reell påverknad i samfunnslivet.

Vi ønsker ein meir fleksibel overgang mellom arbeid og pensjon. Det må takast omsyn til at ønska pensjonsalder kan variere etter den enkeltes helse og yrkesbakgrunn. Samtidig kan det vere grunn til å åpne for avvik frå generelle avtalar dersom partane lokalt ber om det.

Dei Grøne vil:

- Gå i dialog med partane i arbeidslivet om vilkår for ein meir fleksibel pensjonsalder, som inneber at fleire får høve til å jobbe lenger enn dagens grense for ordinært stillingsvern.
- Sikre aktiv bruk av eldreråd lokalt og nasjonalt.
- Sikre utbygging av bustader som er tilrettelagde for personar med redusert funksjonsevne.
- Legge til rette for etablering av fleire frivilligsentralar og andre former for møteplassar mellom generasjonar, som nærlokalisering av barnehage, skular og institusjoner for eldre.
- Sikre utbygging av buformer for gjensidig hjelp og glede, som mellom barnefamilier og eldre.

Les meir om Dei Grøne sine tiltak for eit godt seniorliv i kapitlet "Omsorg og rehabilitering".

HELSE OG OMSORG

Dei Grøne vil føre ein helsepolitikk som legg større vekt på å fremje god helse og å førebygge helseskade. Helsepolitikken må sjåast i samanheng med andre politikkområde. Grøn politikk vil redusere helseskader frå ureining, redusere tidsklemme, stress, prestasjons- og forbrukspress, og fremje sikker, sunn mat. Vi vil også legge til rette for meir fysisk aktivitet og dagleg mosjon i form av gange, sykling og turar i naturen.

Sjuke og pleietrengande menneske skal få god og trygg omsorg og behandling av god kvalitet. Dei Grøne vil sikre eit framleis sterkt offentleg helse- og omsorgstilbod til alle. Ideelle og private aktørar kan på nokre område gi større mangfald og vere eit positivt supplement, men vi ønsker ikkje ei utvikling der offentlege velferdsmidlar går til å finansiere privat profit. Vi vil oppretthalde eit godt, fullverdig lokalsjukehustilbod med akuttfunksjonar. Vi vil sikre fagbasert leiing ved sjukehus, i sjukehusavdelingar og helseinstitusjonar. Vi vil redusere byråkratiet i helse- og omsorgstenestene og sikre lokal medverknad i organisasjonsendringar. Vi vil ha forsvarlege arbeidstider for helsepersonell, og arbeide for betre pasienttryggleik.

Psykiske lidingar er blant vår tids folkesjukdomar. Dei Grøne vil ta tak i drivkrefter bak denne utviklinga, som meir einsemd, utanforsk, forbruks- og prestasjonsjag. Dei Grøne vil i neste stortingsperiode arbeide for ei opptrapping av psykisk helsevern, spesielt retta mot barn og ungdom. Betre samhandling mellom kommune- og spesialisthelsetenesta er eit viktig innsatsområde.

I framtida vil velferdsteknologi få ein større plass. Ved rett bruk av teknologi kan vi sikre bedre omsorgs- og behandlingstilbod godt tilpassa det enkelte menneske, og at den enkelte og dei pårørande kan i større grad bli involvert. Velferdsteknologi kan bidra til at eldre kan bu lenger heime, redusere nokre innleggingar på sjukehus og frigjere helsepersonell til meir omsorg for, og samvær med, dei som treng det.

Dei Grøne vil ta initiativ til ei nasjonal reform i rusomsorga i komande stortingsperiode. Menneske som er avhengige av rus må ikkje behandlast som kriminelle, men som likeverdige menneske som treng hjelp og omsorg. Rusavhengigkeit skal førebyggjast og behandlast, ikkje straffast.

Dei Grøne vedgår at mange eldre og uføre er einsame, og at einsemda blir forsterka av målet om effektivitet og situasjonar der tilsette blir erstatta med velferdsteknologi. Dette er ei utfordring som skal vere ein del av eldreomsorga.

Helseutgiftene per innbyggjar i Noreg er i kraftig vekst. Dette skuldast ikkje berre at befolkninga blir eldre, men også aukande utbreiing av livsstilssjukdomar, usunt kosthald og psykiske plager grunna prestasjons- og forbrukspress, därleg tid og mykje stress. Dei Grøne vil særleg investere i barn og unge si fysiske og psykiske helse. Vi vil skape ein oppvekst prega av fysisk aktivitet og godt kosthald, inkluderande nærmiljø, og tilgang på trygge vaksne i helsevesen og skular.

Dei Grøne vil i aukande grad prioritere førebygging framfor reparasjon på alle felt i samfunnet. Eit meir berekraftig samfunn fremrar betre helse i befolkninga. Ein kan likevel ikkje unngå sjukdom og skader. Samtidig som vi tek vare på menneske med arvelige, medfødde og erverva sjukdomar og skadar, må tidleg innsats og førebyggjande helsearbeid bli prioritert i større grad enn no.

Antibiotikaresistens er eit alvorleg trugsmål mot plantar, dyr og menneske. Noreg er eit særleg ressursrikt land, og Dei Grøne vil difor at vi tek spesielt ansvar for å bidra internasjonalt til å løyse dette problemet. Vi kan redusere problemet betydeleg ved å begrense overforbruk og feil bruk av den antibiotika vi har idag, og bidra til å utvikle nye.

Dei Grøne vil:

- Gjennomføre eit nasjonalt løft for tidleg innsats gjennom helsestasjonar og skulehelsetenesta, med øyremerka midlar og bemanningsnorm basert på Helsedirektoratet sine tilrådingar.
- Forsterke samhandlinga mellom skulehelsetenesta, barnevernet, psykisk helsevern og fastlegane.
- Gjennomføre ein nasjonal utrullingsplan for trygge skulevegar, slik at fleire barn kan sykle og gå til skulen.
- Sørge for reinare luft i norske byar ved å redusere biltrafikken, auke kollektivt transportsorttilbod og gi lokalpolitikarar betre moglegheit til å innføre restriksjonar, og stimulere til å skifte til reintbrennande vedomnar.
- Styrke kompetansen på ernæring og førebyggande helsearbeid i kommunale helse- og omsorgstenester, og i sjukehus.
- Tilby sunn mat i offentlege kantiner, institusjonar og tenestestader i tråd med kosthalldråd frå helsemynde.
- Gjere det enkelt og lønsamt å velge produkt som ikkje er helsekadelege eller miljøskadelege.
- Styrke norsk forsking på miljøgifter og ureining, inkludert forsking på hormon-forstyrrande og andre skadelige stoff, inkludert cocktail-effekter.
- Legge betre til rette for bruk av vitskapleg dokumentert ikkje-medikamentell tilnærming særleg i primærhelseteneste og psykisk helsevern.
- Prioritere midlar til vaksinasjon.
- Informere om konsekvensane av å bruke antibiotika.
- Redusere bruken av antibiotika i matproduksjon i Noreg ytterlegare.
- Sette ambisiøse mål for redusert bruk av antibiotika i norsk helsevesen, og innta ei leiarrolle i dette arbeidet internasjonalt.
- Jobbe for å løyse marknadssvikt som hindrar forsking på dei viktigaste sjukdomane, og som hindrar verdens befolkning tilgang til livsviktige medisinar.
- Greie ut fjerning eller endring av patentssystemet for legemiddel.

Les meir om Dei Grøne sine tiltak for å skape eit helsefremjande samfunn i kapitla "Ureining og miljøgifter", "Sykkel og gange", "Jordbruk", "Oppdrettsindustrien" og "Friluftsliv og idrett".

EIT STERKT OFFENTLEG HELSEVESEN

Arbeidsprogram
2017-2021

Dei Grøne vil sikre eit sterkt offentleg helsevesen som gir alle lik rett til god omsorg og sikker behandling med god kvalitet. Pasienten sine behov skal stå i sentrum. Helsevesenet si evne til raskt å diagnostisere og behandle må bli kombinert med målretta rehabilitering og førebygging. Samhandling mellom kommunene og spesialisthelsetenesta må bli styrka. Det tverrfaglege og tverretatlege samarbeidet må gjerast betydeleg sterkare for å sikre menneske med kroniske sjukdomar, alvorlege/akutte psykiske lidinger og/eller rusproblem adekvat behandling og god omsorg.

Dei Grøne meiner det er viktig å sikre regional styring av spesialisthelsetenesta. Vi vil oppretthalde eit godt tilbod på lokalsjukehusa i tråd med den medisinske utviklinga og behova til befolkninga. Samtidig er det på fleire område trøng for meir nasjonal samordning, som til dømes innan IKT-tenester og utvikling av velferdsteknologi.

I dag brukar legar og sjukepleiarar for mykje tid på papirarbeid, mens viktige prioriteringar blir tatt av andre enn helsefagarbeidarar. Dei Grønes helsepolitikk bygg på tillit til fagfolka. Helsefaglege vurderingar må vege tungt i beslutningar om styring og organisering av helsesektoren. Aukande etterspurnad etter helsetenester og aukande kostnader knytt til nye legemiddel og behandlingsmetodar vil krevje vanskelege prioriteringar i åra framover. Det vil vere nødvendig med gode kriterium og retningslinjer for prioritering mellom pasientgrupper.

Norske legar har hatt vide unntak frå arbeidsmiljølova. Dette har ført til lange og anstrengande vakter, og arbeidsperioder utan tilstrekkeleg fri/kvile. Dei Grøne meiner at norske arbeidstakrar generelt skal ha eit kollektivt vern mot uforsvarleg arbeidstid og uforsvarlege arbeidsforhold. Dette er særdeles viktig innan helsesektoren med omsyn til pasienttryggleiken.

Dei Grøne meiner offentlege midlar som hovudregel bør gå til å finansiere det offentlege helsevesenet. Eit begrensa innslag av ideelle og private aktørar som kan bidra til å betre kvaliteten og mangfaldet i helsetilbodet er difor positivt. Samtidig meiner Dei Grøne at det er viktig å motverke ei todeling av helsevesenet, der personar med god økonomi kan kjøpe seg til betre behandling.

Dei Grøne vil:

- Sikre sterkt offentleg finansiert helsevesen, der private aktørar berre er eit supplement.
- Sikre regionalt samarbeid om pasientfordeling, bemanning og fagutvikling i spesialisthelsetenesta.
- Greie ut ny sjukehusstruktur der fordyrende og unødvendige administrative mellomledd og byråkrati blir fjerna.
- Gå gjennom erfaringar med fritt behandlingsval, for å få klarheit i kostnader og innverknad på det offentlege helsevesenet, før reforma eventuelt blir utvida.
- Oppretthalde gode og fullverdige lokalsjukehus med akuttfunksjon som er tilpassa medisinsk utvikling og behovet i lokalbefolkninga.
- Dei Grøne vil gjennomføre eit nasjonalt løft for å sikre tilstrekkeleg tal på sengeplassar både i somatiske og psykiatriske avdelingar fram til beleggsprosenten blir forsvarleg, og pasientar får den helsehjelpa de treng.
- Styrke trepartssamarbeid og kollektivt vern av arbeidstakrar i sjukehus.
- Forsterke samhandlingsreforma gjennom betre samarbeid mellom primær- og spesialisthelsetenesta, spesielt når det gjelder psykisk helse.
- Gjennomføre eit nasjonalt løft for tidleg innsats gjennom helsestasjonar og skulehel-

setenesta, med øyremerka midlar og bemanningsnorm basert på Helsedirektoratet sine tilrådingar.

- Samarbeide med helseprofesjonane for å begrense rapportering og byråkrati.
- Auke bruken av teknologiske løysingar og satsing på brukarvennleg velferds-teknologi i det kommunale helse- og omsorgstilbodet.
- Stille krav om dokumentert effekt for alle behandlingsformer som gir rett til trygde-refusjon.
- Sørge for at alle gravide får tilgang til jordmor i svangerskapsomsorga.
- Innføre eigne miljøplanar og miljøsertifisering på alle offentlege helseinstitusjonar.
- Legge til rette for at ideelle organisasjonar og frivillige kan tilby tenester som supplerer vårt offentlege helsevesen.

PSYKISK HELSE

God psykisk helse er avgjerande for å oppleve god livskvalitet og for å kunne handtere ulike livssituasjonar på ein tilfredsstillande måte. Stadig fleire, særleg unge, men også mange eldre, opplever psykiske helseproblem. Grunnen til dette kan vere blant anna press frå omgjevnadane, eller forventningar den enkelte stiller til seg sjølv, til dømes når det gjeld prestasjonar, utsjånad og forbruk. Dei Grøne vil difor ha eit særleg løft for psykisk helse i neste stortingsperiode, der det blir lagt vekt på både førebygging og behandling.

Det blir gjort ein viktig innsats, både innafor og utanfor helsevesenet, for å bidra til god psykisk helse. Det gjeld til dømes førebyggande tiltak i barnehage og skule og aktivitar i regi av frivillige organisasjonar. Denne type aktivitetar vil vi bygge vidare på.

Psykiske lidingar har svært ulik årsak og alvorsgrad, og det er viktig at behandlingstilbod er fleksible og på ulike nivå for å sikre kvar enkelt tilpassa behandling. Ein bør difor også legge godt til rette for tverrfaglege tenester med fleire helse- og sosialfaglege perspektiv i behandlinga.

Dei Grøne vil:

- Bidra til å redusere ventetida på all behandling av psykiske lidingar.
- Styrke og prioritere skulehelsetenesta, som nærmeste kontaktpunkt med helsevesenet, for barn og unge.
- Heve kompetanse på psykisk helse hos barn og unge i skulehelsetenesta.
- Auke kapasiteten i barne- og ungdomspsykiatrien, og sørge for smidigare overgangsordning mellom psykisk helsetenesta for barn og vaksne.
- Bidra til at barn som pårørande blir tatt vare på, blant anna gjennom å ha barneansvarlege knytt til psykiske helsetenester.
- Foreslå å tilsette fleire psykologar og andre offentleg godkjende terapeutar i kommunene og i spesialisthelsetenesta.
- Styrke samarbeidet mellom helsesektoren og NAV for å legge til rette for å kombinere behandling med utdanning eller arbeid.
- Etablere fleire lavterskelttilbod og brukarstyrte tenester utan krav om henvising.
- Bidra til å betre butilbod utanfor institusjon for pasientar med varige psykiske lidingar, som er for sjuke til å bu heilt aleine.
- Auke merksemda om psykiske problem hos eldre, og styrke det psykiatriske helsetilbodet for denne gruppa.

OMSORG OG REHABILITERING

Dei Grøne vil sørge for at omsorgstenester bidreg til gode liv for dei som treng støtte, og for deira pårørande. Dette er behov alle har i ulike faser av livet når helsa eller funksjonsevna er redusert. Omsorgs- og rehabiliteringsinstitusjonar kan ikkje dekke behovet for god livskvalitet og helse for alle omsorgstrengande. Det er difor behov for andre typar tiltak. Sosiale nettverk og fysisk aktivitet er viktige faktorar for å førebygge sjukdom og lidingar, samtidig som det kan redusere eller utsette den enkeltes behov for hjelp frå det offentlege. Seniorkollektiv, nettverk der bebuarar lett kan ta vare på kvarandre, og tilrettelegging av aktivitetar på tvers av generasjonar og grupper, kan auke livskvalitetten for eldre og redusere ressursbruken for kommunene.

Det vil likevel vere mange som treng støtte og behandling. Dei Grøne meiner at omsorgstilbodet skal tilpassast den enkelte, og ikkje standardiserast. Sjuke, skadde og andre med omsorgs- eller rehabiliteringsbehov skal møtast med vyrnad og respekt, og få reell innverknad på eigen kvardag.

God omsorg krev mange nok godt kvalifiserte tilsette. Dei Grøne vil arbeide for at det er tilstrekkelig mange tilsette i omsorgsinstitusjonane og i heimetenesta, og at dei som jobbar der har god og relevant kompetanse. Vi vil ha eit sterkt offentleg omsorgstilbod. Ideelle og private aktørar kan, på nokre felt, gi større mangfald og vere eit positivt supplement.

Dei Grøne vil:

- Satse på velferdsteknologi som frigjer ressursar til betre omsorg og meir samfunnsdeltaking, og som bidreg til nye metodar som verkar helsefremjande i førebygging og behandling.
- Stimulere og auke støtta til frivillige og ideelle aktørar som gir verdfulle bidrag til omsorg og aktivitetstilbod for eldre og pleietrengande.
- Legge til rette for, og støtte, etablering av kollektiv for seniorar og liknande nettverk, med mål om at bebuarar kan ta vare på kvarandre.
- Utvide moglegheitene til omsorgsløn.
- Auke delen økologisk og kortreist mat på omsorgsinstitusjonar og i heimebaserte tenester.
- Betre tilgangen på gode rehabiliteringsstader med sunn mat, godt kvalifiserte tilsette, godt utstyr og naturområde for restitusjon.
- Auke plassar med dagaktivitet for personar med omsorgsbehov, og bidra til at staten aukar medfinansiering til kommunene per plass.
- Skape trygge og helsefremjande rammer for personar med demens og eldre med omsorgsbehov.
- Styrke satsing på kvalitetssikra grøne velferdstenester.
- Sikre den faglege kvaliteten og gode arbeidsforhold for tilsette ved omsorgsinstitusjonar og i heimetenesta.
- Etablere tilbod med transport for eldre heimebuande til felles måltid på seniorsenter.
- Auke ressursane for kartlegging, førebygging og behandling av underernærming hos sjuke eldre i heimebaserte tenester.

Les meir om Dei Grøne sine tiltak for eit godt seniorliv i kapitlet "Aktivt seniorliv".

Rusavhengigkeit er eit helseproblem som vi må førebygge, behandle og møte med kunnskap og respekt. Førebygging er i stor grad knytt til andre politikkområde enn helse, som familiepolitikk, skule, miljø og oppvekstvilkår. Eit godt og inkluderande samfunn er viktig for å redusere rusbruk og for å unngå at menneske blir rusmiddelavhengige.

I september 2014 la The Global Commision on Drug Policy (GCDP) fram sin rapport om effekten av ruspolitikk dei siste tiåra. Rapporten konkluderte med trong for grunnleggende reformer, både for å ta vare på dei som brukar og misbrukar rusmiddel, for å redusere rusbruk blant unge, og for å knekke den illegale marknaden.

Dei Grøne vil føre ein kunnskapsbasert og human ruspolitikk. Den enkelte rusavhengige skal tilbydast god fagleg støtte og behandling samtidig med aktivt arbeid for å redusere og forebygge kriminalitet og skadeverknader. Difor går vi, i tråd med GCDP si tilråding, inn for avkriminalisering av rusbruk, noko som vil spare både brukarar og samfunnet for påkjennningar. Rusproblem skal ikkje møtast med straff, men med openheit, helsetilbod og omsorg. Vi ønsker også å greie ut om regulert omsetting av lettare rusmiddel kan bidra til skadereduksjon på individ- og samfunnsnivå, med utgangspunkt i erfaringar frå andre land.

Dei Grøne vil:

- Fjerne straff for bruk og oppbevaring av brukardosser av illegale rusmiddel, og i staden satse på skadereduksjon, og på frivillige og individuelt tilpassa helsetilbod for rusavhengige.
- Greie ut om ulike modellar for strengt regulert omsetning av lettare rusmiddel som i dag er illegale, kan bidra til redusert rusbruk, avhengigkeit, kriminalitet og andre skadeverknader.
- Redusere ventetida i rusomsorga og unngå brot i behandlinga, ved å legge til rette for eit breiare tilbod og sikre gode økonomiske rammer.
- Etablere eit sterkare helsefagleg hjelptilbod for rusbrukarar og tungt avhengige i større byar, ved å sikre at helse- og sosialarbeidarar er tilgjengelege i det offentlige rom.
- Opprette brukarrom i dei større byane, med tilgang på kvalifisert helsepersonell.
- Tilby gratis langtidsvirkande prevensjon til ruspasientar, og sørge for god informasjon om rusbehandling og graviditet.
- Legge til rette for eit tett samarbeid mellom behandlerar, interesseorganisasjonar som arbeider med avrusing, kommunehelsetenesta og NAV, for å sørge for god informasjon om rus og rusmiddel, med målsetting om å bidra til å redusere bruk og misbruk, kriminalitet og skadeverknader.
- Prioritere tiltak for barn og unge som er pårørande eller sjølv er rusavhengige.
- Ha godt samarbeid mellom skular og helsesektoren, for å sikre god informasjon om rus, rusmiddel og tilgjenge blant unge.
- Vidareføre ein restriktiv alkoholpolitikk, og arbeide aktivt for rusfrie arrangement.
- Legge til rette for at interesseorganisasjonar med ulike tilnærmingar til rusomsorga kan motta støtte til informasjonsarbeid og arbeid mot rusavhengigkeit.
- Erstatte kriteriebaserte system for tildeling av ulike former for medikamentell rusbehandling med heilskapleg og fleksibel medisinsk vurdering hos kvalifisert behandler.
- Opne for å tilby heroinassistert behandling for rusavhengige som etter konsultasjon med medisinsk kvalifisert behandler finn løysinga ideell.
- Sørge for at statlege midlar til behandling av rusavhengige går til den kommunen der den rusavhengige oppheld seg, og ikkje der vedkomande er folkeregistrert.

FRIDOM OG MANGFALD

Dei Grøne omfamar fridom, ansvar, mangfold og likestilling som viktige verdiar i seg sjølv, samtidig som dei er føresetnader for å skape inkluderande fellesskap med respekt for andre menneske og livsgrunnlaget vårt.

Sjølv om vi på mange måtar har større personleg fridom enn nokon gong, er enkeltmenneska sin fridom framleis under press på fleire område. Diskriminering, kjøpepress, prestasjonsjag og urealistisk skjønnheitsideal er blant det som utfordrar fridomen til å vere seg sjølv. I staden for å skape eit samfunn med større materielt forbruk, meiner vi livskvaliteten vil bli styrka dersom vi får meir tid til å vere saman med familie og venner, til å drive med hobbyar og til å delta i frivillig arbeid. At kvar av oss omgåst og kjenner menneske og miljø med ulikt familieliv, politisk ståstad, livssyn, ulike livsval, ulik alder og ulike erfaringar, er ein styrke både for den enkelte og for samfunnet.

I ei tid prega av meir fragmentert offentlegheit og aukande migrasjon, er det viktig å halde fast på eit positivt syn på menneskelig mangfold. Dei Grøne vil gå i rette med krefter som ønsker å utfordre og bryte ned fellesskap og tillit, og ser på det som ei grunnleggjande politisk oppgåve å forsvare enkeltmennesket sin rett til å leve som ein vil, å skape inkluderande fellesskap, og å ta vare på vårt felles livsgrunnlag.

LIKESTILLING OG LIKEVERD

Arbeidsprogram
2017-2021

Dei Grøne jobbar for eit samfunn der alle kan vere seg sjølv, og der det blir lagt til rette for at alle kan delta i samfunnet og i arbeidslivet. Framleis er det slik at kva land du kjem frå eller kva kjønn du har, påvirkar moglegheitene i livet. Slik vil vi ikkje ha det. Det er uakzeptabelt at etnisitet, alder, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, seksuell orientering eller funksjonsevne begrensar individ si deltaking, innflytelse og livskvalitet.

Vi vil kjempe mot alle former for diskriminering, og føre ein normkritisk og feministisk politikk for å bygge ned fridomsrøvande maktstrukturar. I nokre tilfelle er det nødvendig å gi positiv særbehandling for å oppnå større likestilling. I andre tilfelle kan bevisstheit om diskriminering vere nok for å sikre likebehandling.

Prestasjonspress og urealistiske kroppsideal utfordrar også moglegheitene kvar enkelt har til å vere seg sjølv. Dei Grøne vil jobbe for å redusere forbruks- og reklamepress. Alle skal ha råderett over eigen kropp, og uttrykke seg slik ein sjølv ønsker.

Dei Grøne vil:

- Praktisere prinsippet om lik lønn for arbeid av lik verdi, og greie ut ulike løns-utjamnande tiltak til fordel for kvinnedominerte yrke.
- Foreldrepermisjon og foreldrepengar skal ta utgangspunkt i inntekta til begge foreldra. (døme: ein slår saman inntektene for begge partar og deler med 2).
- Alle yrkestitlar i offentleg sektor skal vere kjønnsnøytrale.
- Legge til rette for at fleire med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i arbeidslivet.
- Stemme mot forslag som innskrenkar retten til sjølvbestemt abort.
- Styrke overgreps- og valdtektsmottaka for å sikre betre oppfølging av offer for valdtekts og seksuelle overgrep, uavhengig av kjønn.
- Opprettholde og styrke landets krisesenter- og tilbod til offer for vald i nære relasjonar, i alle deler av landet.
- Bruke elektronisk lenke for domfelte for vald i nære og æresrelaterte lovbrot, såkalla omvendt valdsalarm, og praktisere dette strengt.
- Oppheve forbodet mot eggdonasjon og opne for at par som mottek eggdonasjon samtidig skal kunne nytte sæddonasjon.
- Innføre ein tredje juridisk kjønnskategori og kjønnsnøytrale personnummer.
- Opprette ei LHBTQI+-sertifiseringsordning for helsevesenet.
- Styrke behandlingstilbod for transpersonar og andre som oppsøker helsevesenet om kjønnsidentitet.
- La helsetilstand og åtferdsmønster vere avgjerande for om ein kan bli blodgjevar, ikkje kjønn eller seksuell orientering.
- Styrke undervisninga i seksualitet, grensesetting og normkritikk i grunn- og vidaregåande skule, og i relevante profesjonsutdanninger.
- Forby retusjert reklame som fremjar urealistiske kroppsideal.
- At retten til hjelpemiddel framleis skal vere statleg finansiert gjennom folketrygda, og formidlast gjennom hjelpemiddelsentralar i samarbeid med kommunene.
- Fjerne skatteklasse 2 for ektepar.

Les meir om Dei Grøne sine tiltak for å sikre moglegheiter til alle i kapitla "Demokrati og deltaking", "Utdanning og kompetanse" og "Arbeid og velferd".

RELIGION OG LIVSSYN

Arbeidsprogram
2017-2021

Trus- og livssynsfridom er ein grunnleggjande menneskerett og ein føresetnad for eit fritt samfunn. Eit godt samfunn har rom for heile mennesket, også for den enkeltes religiøse identitet eller livssyn.

Trus- og livssynssamfunn er viktige samfunnsinstitusjonar, og både religiøse og ikkje-religiøse livssynssamfunn har ein naturleg plass i den offentlege debatten og i det offentlege rom. Aktiv livssynsdebatt er ein del av eit ope og demokratisk samfunn, og føreset eit sterkt vern av ytringsfridomen, både for kritikk og forsvar av ulike livssyn.

Samtidig set større livssynsmangfold nye spørsmål på agendaen, som gjer at vi må ta stilling til nye utfordringar knytt til enkeltmenneskets rett til å utøve sitt livssyn, til religionen sin plass i det offentlige rom, og til forholdet mellom trus- og livssynsfridom og andre grunnleggjande menneskerettar.

Dei Grøne vil:

- Behandle alle trus- og livssynssamfunn likt.
- Sikre trus- og livssynssamfunn sjølvråderett i spørsmål om tru og tilsetting.
- Sikre vern mot diskriminering på bakgrunn av livssyn og kulturell bakgrunn.
- Ha ein livssynsnøytral formålsparagraf for skule og barnehage.
- Erstatte faget KRLE med faget FRED (filosofi, religion, etikk, dialog), som eit inkluderande og mangfaldig religions- og livssynsfag i norsk skule.
- Arbeide for ei livssynsnøytral ekteskapslov.
- Gi kommunene ansvaret for organisering av gravplassar og arbeide for flere gravplassar tilpassa alle livssyn.
- Overføre ansvaret for vedlikehald av middelalderkirker, og andre verna bygg eigd av Den norske kyrkja, til staten.
- Legge til rette for etablering av fleire livssynsfleksible seremonior.

INTEGRERING OG INKLUDERING

Noreg har dei siste tiåra utvikla seg til å bli eit multireligiøst og fleirkulturelt samfunn. Innvandring gir nokre utfordringar, men også eit mangfold som er positivt for landet. Dette gjeld enten menneske kjem til Noreg for å jobbe eller fordi dei flyktar frå krig og forfølging.

Dei Grøne vil føre ein ansvarleg og solidarisk innvandringspolitikk, og ein god og inkluderande integreringspolitikk for dei som av ulike årsaker kjem til landet. Vellykka integrering gir folk høve til å ta ansvar for eige liv, delta i lokalsamfunnet og bygge nettverk. God integrering gir også viktige ressursar og impulsar til samfunnet, bidreg til å skape gode bamiljø og til å hindre radikalisering.

Dei Grøne er opptekne av rask behandling av asylsøknader, og støttar prinsippet om at dei som ikkje får opphald, må forlate landet. Det bør tidleg leggast til rette for å delta i samfunnet ved å styrke språkopplæring for flyktningar og asylsøkarar, og åtgangen til å arbeide medan søknaden blir behandla bør utvidast. Barn som er komne som flyktningar utan følgje med vaksne må vi ta særskilt godt vare på, dei må ha same rettar som andre barn som manglar nær familie.

Dei Grøne vil:

- Sikre så rask behandling av asylsøknader som råd, slik at asylsøkjarar tidleg får signal på om dei kan rekne med å få bli i landet, og dermed starte integreringsprosessen.
- Sikre at UDI har ressursar til å få ned ventekøene i asylmottak, og gi grundig saksbehandling av søknader om asyl, opphold og familiegjenforening.
- Gjere det lettare å få midlertidig arbeidsløyve for personar som ventar på svar på asylsøknad.
- Raskt kartlegge helsetilstand til asylsøkjarar og styrke kompetansen på sårbarheit hos dei som jobbar på asylmottak.
- Jobbe for fleire ideelle og kommunale asylmottak, og at mottak som hovudregel bør vere sentralt plassert, slik at bebruarane kan delta i lokalsamfunnet.
- Gjere busetting av flyktninger til ei ordinær og pålagd kommunal oppgåve på line med andre kommunale velferdsoppgåver.
- Gi kommunene økonomiske incentiv til å ta imot fleire flyktninger.
- Jobbe for å redusere ventetida i mottak og opne for sjølvbusetting i større grad enn i dag.
- Gjere det lettare for flyktninger å bu hos ei verfts familie som alternativ til mottak.
- Overføre omsorgsansvaret for einsleg mindreårige asylsøkjarar mellom 15 og 18 år til barnevernet.
- Fjerne ordning med midlertidig opphaldsløyve for einsleg mindreårige asylsøkjarar, og som eit minimum sikre at desse og unge papirlause alltid får fullføre vidaregåande opplæring som er starta i Noreg, også etter fylte 18 år.
- At alle barn som oppheld seg i Noreg skal få gå på skule, slik at også barn over 16 år som søker asyl i Noreg får rett til opplæring i vidaregående skule.
- Styrke og differensiere opplæringa i norsk språk og samfunnsliv for asylsøkjarar for å bidra til raskare integrering.
- Kartlegge flyktninger og asylsøkjarar sin kompetanse for å kunne tilby arbeidsretta opplæring eller jobb så tidleg som råd.
- Samarbeide tett med frivillige organisasjonar om aktivitetar i lokalsamfunnet, og støtte kommunale frivilligsentralar som arena for arbeid og deltaking.
- gjere det meir attraktivt for næringslivet å tilsette flyktninger gjennom mentorordningar, lønnstilskot, og betre oppfølging av praksisplassar og nytilsette flyktninger, frå det offentlege.
- Prøve ut ei ordning der bedrifter får tilført deler av integreringstilskotet dersom dei gir flyktninger opplæring og avtale om fast jobb.
- Motarbeide barnefattigdom blant innvandrarar ved å utvide ordninga med opplevelseskort til å gjelde alle kommuner.
- Utvide retten til dobbelt statsborgarskap.
- At styresmaktene ikke skal kunne tilbakekalle statsborgarskap, og som eit minimum innføre foreldelsesfrist i saker om tilbakekalling. Barn og neste generasjon skal ikkje tape statsborgarskapet sitt, uavhengig av foreldra si sak.

Les meir om Dei Grøne sine tiltak for ein god flyktning- og asylpolitikk i kapittelet "Flyktningar og asylpolitikk".

KULTUR

Arbeidsprogram
2017-2021

Det grøne samfunnet må ha eit rikt kulturliv. Kultur uttrykker og skaper samkjensle og livskvalitet og bidreg til forståing av både individ og samfunn. Det er avgjerande å gi immaterielle verdiar som kultur større plass i økonomien heller enn ressurskrevjande, materielt forbruk. Kultur bidreg til identitet, forsoning, framsteg og utvikling. Dei Grøne sin kulturpolitikk skal stimulere skaparkraft og engasjement. Vi skal ta vare på og dyrke kultur slik at vi får glede av mangfaldet vårt, i språk, historie, næring og kunst.

Kulturarven vår har eigen verdi som kjelde til kunnskap og opplevelingar. I det grøne skifte bidreg kulturarven til grøne arbeidsplassar som styrker samfunnet vårt. Kulturarv er ein lite utnytta ressurs i mange samanhengar. Aukande interesse for lokalt produsert mat og drikke viser kva potensial kulturarven har for berekraftig næringsutvikling.

Lokalsamfunn må få vilkår for å utvikle sin kulturelle eigenart. Kultur må verdsetjast og sikrast finansiering, utdannings- og arbeidsmoglegheiter i byar og i distrikta. Norske minoritetar sine språk og kulturutøving må sikrast ved særskilte tiltak. Norsk kultur er også nærliek til naturen og opplevelingar i friluftsliv, idrett og frivillig innsats. Dei Grøne sin kulturpolitikk vil støtte ein kultur som er ulik for kvar enkelt av oss, og i stadig endring.

Heile samfunnet forvaltar kulturen vår. Skular, frivillige lag og mange organisasjonar legg til rette for at alle kan skape og dele kulturopplevelingar. Dei Grøne vil løfte amatørar og det frivillige arbeidet som blir lagt ned i idrett, friluftsliv og kultur.

KULTURELT MANGFALD

Arbeidsprogram
2017-2021

Kunst må kunne skapast og opplevast i heile landet. Ulike kunstuttrykk skal vere tilgjengelege. Dei Grøne vil styrke ordningar spesielt retta mot grupper som ikkje oppsøker kunst og kultur til vanlig. Vi skal sørge for god infrastruktur og vidareutvikle mangfaldet av kunst og kultur lokalt og nasjonalt. Vi vil gjere det enklare å vere utøvande kunstnar enn i dag. Kulturlivet sine profesjonelle utøvarar må få tilstrekkelige og meir føreseielege løyingar.

Det krev høg kompetanse å ta vare på og vidareutvikle eit levande kulturliv. Staten skal legge til rette for norsk produksjon og eksport av kunst og kulturuttrykk i alle format, frå musikk, litteratur og dans, til film og dataspel.

Dei Grøne vil:

- Sikre eit godt og breidt kulturtildi i heile landet, med omreisande og faste institusjonar, profesjonelle tilbod og amatørgrupper.
- Vidareføre lovpålagd kulturskule, og innføre ei nasjonal minstenorm for omfanget til kulturskule.
- Styrke allmenntilbodet for kulturopplevelingar, ved å auke løying til Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken.
- Sikre gode og føreseielege støtteordningar for kunstnarar, kunstnarorganisasjonar og institusjonar til alle kulturfelt, spesielt til det frie feltet.
- Gi artistar og kulturutøvarar styrka rettar ved ei eiga kulturarbeidsmiljølov utarbeida i tett samarbeid med kulturprodusentar, blant annet for å styrke deira interesser i kontraktsforhandlingar.
- Styrke norsk produksjon av musikk, film, spel og andre kulturuttrykk.
- Sikre at institusjonar som får løyingar skal behalde stor fridom i formidlingsarbeidet.
- Greie ut løysningar for å sikre inntekt til rettigheitshavarar i dei digitaliserte bransjane.
- Sikre sjangerrikdom i norsk musikkliv med sterkt offentleg finansiering.
- Stille offentlege lokale til disposisjon som atelier, felles verkstader, øvingsrom, konserthallar og lydstudio.
- Styrke folkebiblioteka som samlingsstad for kulturelle aktivitetar og utlån av kulturprodukt, ved å gjennomføre eit nasjonalt bibliotekløft.
- Hindre at same eigar kan kontrollere både forlag, distribusjon og bokhandel, for å sikre fri konkurranse.
- Stille krav om at offentleg støtta kulturinstitusjonar skal operere med standardkontrakter som sikrar kunstnarar og frilansarar lønn for arbeidet dei legg ned i produksjon av innhald.
- Opprette ei tredelt finansieringsordning for festivalar, med ei ettårig festivalstøtte, ei fleirårig føreseieleg festivalstøtte og ei spydspissatsing.
- Legge betre til rette for gatekulturelle uttrykk i den allmenne kultursatsinga.
- Utvide utsmykkingsordninga for offentlege bygg til også å gjelde alle nye statlege samferdselsprosjekt.
- Arbeide for åndsverkslovgiving som er tilpassa dagens digitale samfunn, og som er enklere å forstå for enkeltindivid og skapere.
- Redusere opphavslønnen si vernetid.
- Gi mest mogleg av kulturstøtta som direkte prosjektstøtte eller stipend direkte til kunstnarane.

Les meir om Dei Grøne sine tiltak for gode vilkår for frivillig innsats i kapittelet "Sivilsamfunn og frivillig innsats".

FRILUFTSLIV OG IDRETT

Arbeidsprogram
2017-2021

Friluftsliv og idrett er ei kjelde til fysisk aktivitet, rekreasjon og opplevingar. Dette er ei viktig motvekt til ein stadig meir stillesittande livsstil. Dei Grøne vil satse på friluftsliv og idrett for å fremje helse og livskvalitet for den enkelte og for å styrke folkehelsa. Idrettsrørsla fremjar samarbeid, meistring og inspirerer individet til å strekke seg etter nye mål. Den samlar menneske på tvers av generasjoner og femnar eit mangfald av interesser frå ballspel til e-sport. Idretten må vere tilgjengeleg med låge kostnader slik at alle har høve til å delta.

Friluftsliv fremjar nærliek til, og forståing for at mennesket er avhengig av naturen, og for nødvendigheita av berekraftig utvikling. Utvikling av friluftslivstilbod er også verdifullt for reiseliv og for heimkjensle, det er sentralt for å integrere nye innbyggjarar.

Dei Grøne vil ta vare på og styrke tilgangen til natur og friluftsliv, som er ein viktig del av norsk kultur. Allemannsretten må bevarast og frivillig arbeid må støttast. Friluftslivet må vere lett tilgjengeleg. Målet med grøn friluftspolitikk er å ta vare på naturmangfaldet slik at det kan gi naturopplewingar og glede til dagens og framtidas generasjoner.

Dei Grøne vil:

- Grunnlovsfeste allemannsretten og verne om prinsippet om at ferdsel i utmark skal vere gratis.
- Innføre ei nærnaturlov for varig å verne område for friluftsliv og naturopplewingar der folk bur.
- Endre reglane for motorferdsel i utmark til berre å tillate nytteformål, slik at omsyn til plante-, dyre-, og friluftsliv blir prioritert.
- Stramme inn praktiseringa av strandsonevernet og sikre allemannsretten i strandsonene.
- Lage og gjennomføre ein handlingsplan for berekraftig turisme i Noreg i samarbeid med natur- og friluftsorganisasjonar, reiselivsnæringa, kommuner, lokale matprodusentar og lokale kulturinstitusjonar, lag og foreiningar.
- Legge til rette for eit mangfold av rimelege idretts- og fritidstilbod for barn og unge.
- Prioritere investeringar i anlegg for breiddeidrett, og ta vare på eksisterande anlegg framfor å bygge nye.
- Gi kultur- og friluftstiltak ein større del av spelemidla frå Norsk Tipping.
- Auke støtta til organisasjonar og kommuner som driv med dele- og utlånsordningar av hytter, frilufts- og idrettsutstyr.
- Legge til rette for meir bruk av naturen i offentlege institusjonar som skular og omorgssenter, ved å gjere uteområde eigna for aktivitet og naturopplewingar.
- Utvide aldersgrensa for gratis innlandsfiske til 18 år.
- Styrke barn og unge sin kunnskap om natur og friluftsliv ved å auke løyvinga til Den naturlege skulesekken og forsterke ute- og friluftslivsundervisninga i skulen.
- Innføre ei ordning med rabatterte kulturforkort for barn og unge over heile landet.
- Støtte miljøvennlege alternativ til kunstgras ved utbygging av utandørs idretts- og aktivitetsanlegg.

Les meir om Dei Grøne sine tiltak for gode vilkår for frivillig innsats i kapittelet "Sivilsamfunn og frivillig innsats".

Det språklege mangfaldet i Noreg er ein viktig kulturell verdi og ressurs som må takast vare på og dyrkast. Dei Grøne vil la språkmangfaldet vise igjen og høyraast i kvardagen og utnytte mogleheitene det gir.

Likestilling mellom nynorsk og bokmål må realiseraast, og norsk teiknspråk må få offisiell status. Brukarar av regions- og minoritetsspråka samisk, kvensk, skandoromani og romanes må få styrka sine rettar. Sørsamisk og lulesamisk, og samisk i kystområda, treng eit særskilt løft i samepolitiske spørsmål. Språkkompetansen i innvandrarmiljø må ein sjå på som ein ressurs for heile samfunnet, og bevaring av morsmål må vektleggast som ein nøkkel til integrering. Integreringspolitikk skal fremje barns fleirspråklegheit og barnet sin fleirspråklege kompetanse.

Dei Grøne vil:

- Sikre minoritetar sin rett til språk og kultur.
- Bevare statlege sameskular som samiske alternativ i grunnutdanninga og nasjonale senter for språkopplæring.
- Styrke retten til opplæring på samisk utanfor språkbevarings- og språkvitaliseringskommuner, ved at minstekravet på ti elevar blir redusert til tre elevar.
- Arbeide for at samiske språk blir styrka, blant anna ved etablering av fleire språksenter, og auka støtte til omsetting av litteratur og film, særleg for barn.
- Styrke og teikntolketenesta og gjere den rettsleg.
- Gi norsk teiknspråk offisiell status og større plass i det offentlege rom.
- Bevare nynorsk som sidestilt med bokmål i offentleg kommunikasjon.
- Starte sidemålsopplæring allereie i barneskulen gjennom bøker, song og leik.
- Handheve og styrke elevane sine språklege rettar, som retten til lærebøker på hovudmålet.
- Vidareføre ordninga med karakterar i sidemål.
- At elevar som er fritekne frå sidemålsundervisning også skal møte litterære tekstar og sakprosa på sidemålet.
- Sikre vidare utvikling av lærermiddel og læringsressursar på nynorsk for vaksne innvandrarar.
- Støtte universitets- og høgskulesektoren i utvikling av norsk fagterminologi, for å hindre domenetap til engelsk.
- Gi støtte til digitale, fritt tilgjengelege norske ordbøker.
- Styrke døve og deira familiar sin rett til teiknspråkopplæring, og styrke arenaer for døvekultur.
- Synleggjere fleirspråklegheit ved å utvide bruken av minoritetsspråk i det offentlege rom.
- Stimulere til at fleire kommunar blir innlemma i forvaltningsområde for samelova sine språkreglar.
- Initiere ei nasjonal satsing på utvikling og revitalisering av kvensk språk.
- Initiere nasjonale satsingar for å synleggjere og fremje romani og romanes.
- Tilrettelegge for at minoritetsspråklege barn i større grad får mogleheit til å styrke morsmålet sitt i norskopplæringa.
- Støtte bruk av andre skandinaviske språk i tv og film for barn.
- Fremje og styrke fleirspråkleg kompetanse i relevante yrkesgrupper.

Les meir om Dei Grøne sine tiltak for å sikre mangfold og urfolk og minoritetar sine rettar i kapitla "Urfolk og nasjonale minoritetar" og "Fridom og mangfold".

Kulturarven vår knyt samfunnet saman. Den er viktig i kommunikasjon mellom ulike grupper, generasjonar og mellom Noreg og verda. Kulturarven omfattar både fysiske kulturminne og immateriell kulturarv, som handverk, kunnskap og tradisjon. Dette styrker personleg, lokal, regional, nasjonal og transnasjonal identitetsdanning.

Klimaendringane trugar dei fysiske kulturminna fordi ekstremvêr og mildare og fuktigare klima aukar skaderisikoen. Auka kunnskap gjennom miljøovervaking må føre til betre framtidig vern av alle typar kulturminne. Dei Grøne vil ta vare på tidlegare bygningskultur og -struktur for å sikre sær preg i byar og tettstader.

Frivillige organisasjoner har vore og skal vere ein viktig del av norsk kulturvern. Dei Grøne vil styrke deira rolle som samfunnsaktørar.

Dei Grøne vil:

- Sikre ei heilskapleg forvaltning av Noregs kulturarv og samle ansvaret for både materielle og immaterielle kulturminne i det same departementet.
- Gjenskape og vedlikehalde område med verneverdige kulturlandskap.
- Etablere eit nasjonalt register over Noregs immaterielle kulturarv, som tradisjonelt handverk, folkemusikk, folkedans og andre tradisjonelle kulturuttrykk.
- Styrke arbeidet med å digitalisere musea sine samlingar, under frie lisensar.
- Vidareføre staten som beslutningstakar ved dispensasjonar frå Kulturminnelova, for å sikre fellesskapet sine interesser i våre uerstattelege kulturminne.
- Styrke miljøovervaking av kulturminne.
- Prioritere kulturminneforsking på klimatilpassa bygnings- og fartyvern, klimapåverknad på kulturminne, minoritetars kulturarv og urfolks/samisk kulturarv.
- Etablere eit program hos Innovasjon Noreg retta mot verdiskaping ved bruk av kulturarv.
- Forenkle regelverk for å bruke tekniske kulturminne som køyretøy, båtar og lokomotiv.
- Kartlegge kyrkjebygg og gravplassar sin kulturminneverdi.
- Bidra til etablering av statlege bygnings- og fartyvernsenter i alle regionar.
- Styrke Kulturminnefondet ved å gjenopprette fordeling av rentemidlane til bygningsverntiltak.
- Stimulere eigarar av verna bygningar til å gjennomføre førebyggande og akutt vedlikehald.
- Gi kommunane fleire verktøy for å motvirke spekulativt forfall av verneverdige bygningar.
- Sikre kvenske kulturminne ved å gi dei eit vern på same nivå som samiske.
- Støtte oppretting av Skogfinsk Museum.
- Styrke og vidareutvikle Vadsø Museum til eit nasjonalt museum for kvener.
- Nasjonalt og regionalt viktige krigsminne skal inkluderast i kulturminnelova.
- Bevare truga immaterielle uttrykk, som tradisjonell song, dans og handverk, gjennom garantiønn for utøvarar.
- Gjennomføre eit nasjonalt kartleggings- og karakteriseringsprogram for kulturminne, tilsvarannde det som er gjort for vassressursane i landet.
- Ta vare på NRK som arkiv- og formidlingsinstitusjon og utvikle eit system for årleg registrering og publisering av verk som fell fritt når vernetida går ut.

JUSTIS OG BEREDSKAP

Arbeidsprogram
2017-2021

Trygge, sterke og levande samfunn er i hjertet til Dei Grøne sin visjon for Noreg. Det er eit Noreg der vi deler ansvar og har respekt for kvarandre. Eit slikt samfunn føreset openheit og eit effektivt og godt fungerande rettssystem, som har tillit hos folk flest. Ein må førebygge ulykker, terror og kriminalitet, og samfunnet må ha beredskap til å handtere kriser.

Noreg er eit av dei tryggaste landa i verda å bu i. Like mogleheter og kort avstand mellom menneske i ulike posisjonar har bidratt til dette. Det å legge til rette for at enkeltmenneske kan leve meiningsfulle liv, kjenne samkjensle til storsamfunnet og ha tillit til kvarandre, er i seg sjølv viktig førebyggande arbeid. Dette gjeld både i kampen mot kriminalitet og i kampen mot politisk ekstremisme.

I ein liberal rettsstat er alle uskyldige til det motsatte er bevist, og alle skal møtast med respekt og likeverd. I møtet med større internasjonalt press og usikkerheit vil Dei Grøne aktivt ta vare på og styrke enkeltmennesket sin rettstryggleik. Den enkelte sitt høve til å uttrykke og utfalde seg må vernast innanfor rammene av menneskerettane og andre sin likeverdige fridom. Personvernet er ein viktig menneskerett, og ein må vurdere balansen mellom fridom og kontroll nøye.

PERSONVERN OG RETTSSIKKERHET

Arbeidsprogram
2017-2021

Rettstryggleiken skal ta vare på alle enkeltmenneske i eit samfunn. Både det sivile arbeidet og arbeidet i rettssystemet må fremje likebehandling og styrke rettstryggleiken. Ingen skal lide rettstap på grunn av mangelfull økonomisk evne eller mangel på informasjon. Vi må framleis sørge for at rettshjelp er tilgjengeleg for dei som treng det. Dei Grøne ønsker revisjon av lov om fri rettshjelp for å styrke det offentlege rettshjelpstilbodet. Dette gjeld særleg for konflikter i arbeidslivet, og saker knytt til utlendingsrett og straffegjennomføring.

Eit sterkt vern om enkeltmennesket sitt privatliv er også grunnleggande i eit demokratisk samfunn. Kvar enkelt har rett til vern mot utilbørlig registrering, ubegrutta overvaking og inngrep i privatlivet. Digitalisering fører til at stadig meir av både privat og offentleg verksemd skjer på nett. Det fører også til større press på personvernet, større fare for misbruk og auka risiko for nettbasert kriminalitet. Dei Grøne meiner at ein må stille strengare krav til lagring og bruk av informasjon, og vil styrke lovverket og sette av fleire ressursar til Datatilsynet.

Dei Grøne vil:

- Arbeide for å utvide tilbodet om rettshjelp.
- Heve inntektsgrense for fri rettshjelp og inkludere personleg gjeld i beregninga.
- Auke støtta til spesialiserte organisasjoner som gir gratis rettshjelp.
- Skjerpe lov og regelverk for, og handheving av, bruk av varetekts og glattcelle.
- Styrke elevar sin rettstryggleik og personvern ved å sette klare krav til heimel for politiaksjonar og andre krenkingar av elevar sine grunnleggande fridomar.
- Auke Datatilsynet sine ressursar.
- Auke løvyingane og ressursane som samfunnet treng for å handtere auka IT-kriminalitet.
- Sette strenge krav til politiet sin bruk av inngripande etterforskningsmetodar.
- Sikre at inngrep i borgarane sin kommunikasjon, utan den enkelte sitt uttrykkelige samtykke, berre skjer under domstolskontroll og når det ligg føre konkret mistanke om kriminell åtferd hos den enkelte.

Les meir om personvern i kapitla "Eit digitalt Noreg" og "Digitale rettar".

BEREDSKAP

Katastrofeforebygging og beredskap blir stadig viktigare for samfunnet. Politiet har hovudsvar for å leie og koordinere handtering av ulykker, kriminalitet og kriser. Samtidig er det avgjerande med eit godt samarbeid mellom politiet, Sivilforsvaret, Forsvaret og andre beredskapssetatar. Slik kan vi raskt sikre nødvendig helsehjelp, gjenopprette infrastruktur og hindre at endå fleire liv og verdiar går tapt.

Det er grunn til å frykte fleire klimarelaterte naturulykker i Noreg i åra som kjem. Blant dei er flaum og skred, som kan sette infrastruktur ut av spel og menneskeliv og helse i fare. For å møte denne utfordringa trengst meir samarbeid og målretta innsats i fleire etatar og på fleie samfunnsområde. Klimatilpassing er avgjerande for å ruste samfunnet til å møte framtidige klimaendringar og det ekstremvêret vi alt har. Utan gode førebuingar vil klimaendringane få store konsekvensar for kritiske funksjonar i samfunnet, og

gjere oss langt meir sårbare.

Eit stadig meir digitalt samfunn skaper også nye utfordringar når det gjeld beredskap. Dei Grøne vil arbeide for å minske denne sårbarheita. Det må gjerast ved å satse på utvikling av tryggleikssystem, gode rutiner og effektive metodar, som gir oss tryggleiken vi treng.

Dei Grøne vil:

- Betre politiet sitt samarbeid med Forsvaret, Sivilforsvaret og andre naudetatar ved større ulykker, katastrofer og moglege terrorangrep. Fleire øvingar er nødvendig for å lukkast med dette.
- Styrke Sivilforsvaret si evne til å respondere i kriser og unntakssituasjonar i Noreg.
- Bygge kompetanse og kapasitet innan miljøinnsats og fredelig konfliktløysing.
- Styrke arbeidet med samordning, koordinering og kultur i politiet.
- Styrke beredskapen for handtering av skred, flaum og andre naturfarar, og gjere ansvaret til kvar enkelt beredskapsinstans tydeleg.
- Arbeide for betre planleggings-, koordinerings- og gjennomføringsevne av søk- og redningsoperasjonar til havs i Nordområda.
- Sikre forsvarlege økonomiske rammer for frivillige organisasjonar som bidreg i beredskapsarbeid.
- Kartlegge kvar frivillige aktørar kan bidra i beredskapsarbeid og sikre god koordinering.
- At frivillige ikkje skal lide økonomiske tap ved å delta i redningsarbeid.
- Kartlegge kommunene som er mest sårbare for naturkatastrofer og innarbeide potensielle faresoner i kommunene sin arealdel.
- Opprette støtteordning til førebyggande tiltak og klimatilpassing i dei kommunene som er mest utsett for naturkatastrofer.
- Sørge for at staten i samarbeid med kommunene gjennomfører beredskapslagring av matkorn for minst eitt års forbruk.
- Legge til rette for auka satsing på forsking og utvikling innan cybertryggleik.
- Følgje opp tiltak foreslått i Sårbarhetsutvalget si utgreiing om digital sårbarheit.

Les meir om korleis Dei Grøne vil forebu samfunnet på klimaendringar i kapitlet "Tilpassing til klimaendringar".

KRIMINALITET

Lovbrytarar skal stillast til ansvar for lovbrota dei har begått, få høve til å gjere opp for seg og ha moglegheit til å vende tilbake til samfunnet etter endt straff. Dei Grøne støttar økt bruk av alternative straffreaksjonar. Bruk av fengselsstraff må og vere knytt til rehabilitering, til dømes gjennom yrkesretta utdanning, opplæring og sysselsetting.

Ein svært stor del av kapasiteten til domstolane og fengselsvesenet går i dag med til narkotikarelaterte lovbro. Erfaringar frå andre europeiske land tyder på at ein kan unngå mange av desse lovbrota gjennom ein betre politikk for å følge opp rusmiddelavhengige. Rusmiddelmisbruk kan og bør primært handterast som eit helseproblem. Dei Grøne ønsker ei større rusreform, og vil i den samanheng avkriminalisere det å ha illegale rusmidlar til eige bruk, etter portugisisk modell. Vi vil også greie ut om regulert omsetnad av lettare rusmidlar kan begrense skade og redusere kriminalitet.

Eit synleg politi med lokalkunnskap og brei kompetanse er viktig i det daglege politiarbeidet. Det er også viktig at politiet speglar mangfaldet i samfunnet elles.

Arbeidsprogram
2017-2021

Dei Grøne vil:

- Redusere bruk av fengselsstraff og auke bruk av samfunnsteneste og andre soningsformer.
- Styrke innsatsen for rehabilitering av lovbytarar ved forsoning med ofra og samfunnet elles.
- Arbeide for eit synlig politi som er til stades i heile landet, med forsvarleg responstid og tilstrekkeleg synleg, også til å drive godt førebyggande arbeid.
- Gå imot generell væpning av politiet.
- Fjerne straff for bruk og besittelse av brukardosar av illegale rusmiddel, og heller satse på skadereduksjon, og på frivillige og individuelt tilpassa helsetilbod for rusavhengige.
- Greie ut om ulike modellar for strengt regulert omsetnad av lettare rusmiddel som i dag er illegale, kan bidra til redusert rusbruk, avhengigkeit, kriminalitet og andre skadeverknadar.
- Styrke arbeidet mot valdeleg ekstremisme, gjennom førebyggande arbeid på lokalsamfunnsnivå, gjennom exit-arbeid og ved å løfte kompetanse hos førsteline og politi.
- Gå imot nasjonale og lokale tiggeforbod.
- Endre den juridiske definisjonen av valdtekst, slik at den omfattar seksuell omgang utan samtykke.
- Sikre nødvendige løvningar til krisesenter for både kvinner og menn.
- Halde på forbodet mot kjøp av seksuelle tenester.
- Sikre føreseieleg finansiering for organisasjonar som arbeider med å hjelpe menneske ut av prostitusjon.
- Styrke politiet sitt arbeid mot organisert kriminalitet, inkludert menneskehandel.
- Styrke politiet sin kompetanse på sjikane, trugslar og annan kriminalitet i digitale medium.
- Styrke innsatsen mot vald i nære relasjoner.
- Styrke innsatsen mot svindel, skatteunndraging, kvitvasking av pengar og anna økonomisk kriminalitet.

Les om Dei Grøne sin ruspolitikk i kapittelet "Rusomsorg".

NOREG I VERDA

Vi som lever i dag opplever ein ekstraordinær augneblink i menneska si historie. Vegvala som blir gjort av vår generasjon blir avgjerande for livsvilkår til alle framtidige generasjoner, og gjeld alle menneske i fellesskap. Eit effektivt og varig samarbeid om globale miljøutfordringar føreset at vi utviklar ein djuptgripande solidaritet på tvers av landegrenser og kontinent. I åra som kjem må lojaliteten vår bli retta ut mot det globale fellesskapet, ikkje innover mot nasjonalstaten. Dei Grøne vil møte nasjonalistiske strøymingar med eit brennande og grenselaust engasjement for menneska si felles framtid, og ein oppriktig vilje til å sette omsynet til det globale fellesskapet framfor kortsiktige nasjonale interesser.

I prinsippet har alle menneske på jorda same rett til våre felles naturressursar, og til å skape seg eit liv med fridom og tryggleik. Difor vil vi motarbeide urettferdig og ujamn fordeling mellom grupper, land og kontinent. Vi vil jobbe for jamnare fordeling av makt ved å bygge eit sterkare internasjonalt rettssystem og eit meir slagkraftig FN, med eit større tyngdepunkt i generalforsamlinga, der alle land er representerte. Vi vil arbeide for jamnare fordeling av ressursar mellom nasjonar og folkegrupper, ved at rike land reduserer sitt økologiske fotavtrykk til eit berekraftig og rettferdig nivå. Samtidig vil vi dele meir av vår rikdom for å bidra meir til å løyse felles globale problem, som miljøutfordringar, fattigdom og humanitær naud. Ein human og anstendig migrasjonspolitikk, der asylretten blir forsvar, er ein viktig del av ein politikk forankra i omsynet til det globale fellesskapet.

Dei Grøne ber på ein langsiktig visjon om ei verd der global nedrusting og avskaffing av masseøydeleggingsvåpen er mogleg. Vi er overbeviste om at ikkjevaldeleg motstand og dialog er gode verktøy for å dempe og løyse konflikter, og vi vil alltid strekke oss etter ei framtid der behovet for valdsmakt er redusert til eit minimum. Ei slik utvikling må vekse fram gradvis ved å bygge gjensidig tillit og fellesskap på tvers av grensene. Dei Grøne meiner samtidig at dagens storpolitiske røyndom tilseier at det er nødvendig å sikre norsk suverenitet ved å oppretthalde ei truverdig forsvarsevne, og vidareføre norsk medlemskap i NATO, som i dag gir Noreg vern. Dei Grøne vil jobbe for at NATO held seg innanfor kjerneoppdraget og bidreg til avspenning i Europa.

Noreg er i ein unik posisjon i Arktis. Store havområde ligg under norsk mynde, og vi har viktige isfrie leier og utbreidd kommersiell verksemd gjennom skipsfart og fiske. Heile 80 prosent av skipsfarten i Arktis går gjennom norske farvatn. Difor er berekraftig og fredeleg utvikling i Arktis eit sentralt mål for grøn utanrikspolitikk.

Dei Grøne mener at bistand og internasjonal solidaritet må prioriterast høgt. Rettferdig fordeling er ein føresetnad for at alle menneske skal få høve til å leve rike, trygge og frie liv. Samtidig vil bevaring, og berekraftig forvaltning, av naturlege økosystem førebygge fattigdom. For å klare å gjennomføre FN sine berekraftsmål, må klima- og miljørarbeid bli monaleg styrka i utviklingspolitikken.

For Dei Grøne er det eit grunnleggande premiss at bistand og internasjonal solidaritet skal skje på mottakar sine premiss og ha lokalt eigarskap. Norsk bistand skal ikkje bidra til å gjere land bistandsavhengige. Sterke, lokale sivilsamfunn og berekraftige næringar er ein føresetnad for at bistand skal gagne fattige land. Naudhjelp og gunstige lån utan korruption er nødvendig, men på lengre sikt må landa bli i stand til å produsere verdiar og ressursar for å dekke eigne behov og delta i verdshandelen.

Dei Grøne vil prioritere tilgang til rein energi, ein meir berekraftig matproduksjon, berekraftig og rettsbasert naturressursforvaltning, og styrking av demokratiske strukturar. Som eit land som har tent store pengar på fossil energi, har Noreg eit spesielt ansvar for å finansiere ein ekstraordinær innsats i ei avgjerande tid for verdens klima. Paris-avtalen slår fast at industrieland skal gi klimafinansiering til utviklingsland for å bistå med utsleppsreduserande tiltak og tilpassing til klimaendringar. Innføring av ein klimaprosent vil bety ei dobling av Noregs internasjonale innsats for miljø, og ei dobling av bistanden. Klimabistand er ein ekstraordinær innsats som ikkje kan gå ut over ordinær bistand.

Dei Grøne vil:

- Att minst éin prosent av nasjonalinntekta skal gå til bistand og internasjonal solidaritet.
- Innføre ein klimaprosent der éin prosent av nasjonalinntekta årleg blir overført frå Statens Pensjonsfond Utland til klimatiltak i utviklingsland.
- Arbeide for å slette illegitim gjeld, og for eit bindande internasjonalt regelverk for ansvarlege utlån.
- Prioritere arbeid for å sikre kvinner utdanning og for å styrke kvinner sine rettar i utviklingsland.
- Ta initiativ til ein global opptrappingsplan for innsats mot mødredødsfall og barne-dødsfall.
- Avvikle Olje for utvikling-programmet og overføre ressursane til eit nytt offensivt program for fornybar energi med vekt på å utvikle lokal produksjon og eigarskap.
- Prioritere berekraftig jordbruk høgt i norsk utviklingssamarbeid, som eit verktøy for å redusere fattigdom og sikre produksjonsauke, utan at det går ut over naturen.
- Styrke arbeidet med fiskeribasert bistand og berekraftig forvaltning av fiskeressursar.
- Ta initiativ til ein ny internasjonal konvensjon om finansiell openheit, og utvide krava til land-for-land-rapportering.
- Bidra med å bygge opp robuste skattemynde i land som treng bistand, ved å styrke program som "Skatt for utvikling".
- Stimulere til fleire norske private investeringar i utviklingsland.
- Bruke Norfund aktivt til å investere i utviklingsland, med klare krav til berekraft og utviklingseffekt.
- Integrere omsynet til berekraftig forvaltning av naturressursar, som skog, jord og vatn, i alle utviklingsstrategiar og planer som Noreg støttar gjennom bistand.
- Jobbe for at WTO og handelsavtalar gir utviklingsland rett til å beskytte miljø og biologisk mangfold, eigen næringsutvikling, menneskerettane, rett til fagorganisering og urfolk sine rettar.
- Prioritere støtte til organisasjonar i sivilsamfunnet og uavhengige medium, for å styrke

- offentlegheit og ansvarleggjering i mottakarlanda.
- Aktivt støtte ikkjevaldelege aktørar som kjemper for demokrati og menneskerettar, og støtte opplæring i ikkjevald.
- Trappe opp Noreg sin innsats for å bevare regnskog ved å auke støtta til regnskogbevaring, trekke oljefondet ut av investeringar som fører til tap av regnskog og unngå import av varer som bidreg til at regnskog blir øydelagt.
- Auke støtta til vaksinering mot sjukdomar som råkar mange i fattige land, og til å gjere medisin med god kvalitet tilgjengeleg for desse landa. Under store sjukdomsutbrot må medisin vere gratis.
- Auke støtta til kamp mot neglisjerte tropiske sjukdomar.

FRED OG INTERNASJONAL KONFLIKTLØYSING

Dei Grøne ser på ikkjevaldeleg motstand og dialog som eigna verktøy til å dempe og løyse konfliktar når dei oppstår. Vi vil bidra til ein kultur der bruk av valdsmakt blir redusert til eit minimum. Noreg har vore eit føregangsland i å innføre internasjonale forbod mot klasevåpen og landminer. Dei Grøne ønsker tilsvarende innsats i arbeidet for eit forbod mot kjernevåpen, som er eit grunnleggande trugsmål mot menneske og miljø. Vi vil også arbeide for eit internasjonalt regelverk som gjeld autonome, robotstyrte våpen.

I situasjonar der ein stat ikkje er i stand til å verne eigne borgarar mot lovbroten mot menneske, som folkemord og etnisk rensing, eller der ein stat sjølv utøver slike lovbroten, har verdssamfunnet både rett og plikt til å gripe inn. Dersom dialog og diplomati ikkje fører fram, godtek Dei Grøne at også militær maktbruk kan vere nødvendig i slike situasjonar. Det er avgjerande for Dei Grøne at avgjerder om bruk av militærmakt blir kombinert med forpliktande planar for humanitær hjelp, gjenoppbygging og fredsbystygging, og sikre grunnleggande menneskerettar. Militære middel må, i tråd med FN-pakta, vere absolutt siste utveg, og må kombinerast med sivil, ikkjevaldeleg og humanitær innsats, også i etterkant. Norsk deltaking i internasjonale militære operasjonar må vere godkjent i eit FN-mandat.

Dei Grøne meiner Noreg aktivt bør bidra til internasjonal konfliktløysing, og at vi bør ta ei leiande rolle i kampen for ei verd utan kjernevåpen. Dei Grøne ønsker også ein langt meir restriktiv politikk for norsk våpeneksport, for å hindre at norskproduserte våpen endar i land som gjer alvorlege brot mot menneskerettar.

Dei Grøne vil:

- At Noreg skal fremje ikkjevaldeleg konflikthandtering i alle relevante forum.
- Arbeide for global nedrustning.
- Endre Grunnlova slik at norsk deltaking i krigsoperasjonar i utlandet må vere vedtatt av Stortinget.
- Stille krav om at operasjonar der Noreg deltek følger internasjonal humanitær rett, og bidra til at alle FN-soldatar får grundig folkerettsleg opplæring.
- Ha som føresetnad for norsk deltaking i internasjonale militære operasjonar at dei er i tråd med folkeretten og godkjent i eit FN-mandat.
- Støtte ei reform av FNs Sikkerhetsråd der representativiteten og legitimitet blir styrka.
- Arbeide aktivt for eit internasjonalt forbod mot atomvåpen, på line med forbod mot andre masseøydeleggingsvåpen.
- Legge til rette for å styrke informasjonsarbeidet om dei humanitære og økologiske

konsekvensane av atomvåpen.

- Arbeide for eit internasjonalt regelverk mot autonome, robotstyrte våpensystem.
- Styrke det internasjonale rettsvernet for natur og miljø.
- Styrke det norske bidraget til sivil overvakning av internasjonale konfliktsituasjoner, og auke støtta til internasjonale sivilsamfunnsaktørar som vernar sivile mot vald og overgrep.
- Sikre at norske våpenprodusentar ikkje har høve til å selge våpen til autoritære regimer og til statar som gjer alvorlege brot mot menneskerettar.
- Arbeide for krav om sluttbrukarerklaering frå alle land som kjøper våpen og ammunisjon produsert i Noreg.
- Noreg må anerkjenne Palestina som sjølvstendig stat. Eit underliggende motiv er å bidra til fredsprosessen i området.

FORSVAR

Det norske forsvaret skal verne om vårt sjølvstende, vårt demokrati og vår fridom.

Dei Grøne vil ha eit sterkt, folkeleg forankra forsvar. Godt samarbeid mellom sivile og militære aktørar er viktig for forsvarsevna og beredskapen vår. Dei Grøne ønsker også eit tettare forsvarspolitisk samarbeid med dei nordiske nabolanda våre. Heimevernet har ei viktig rolle i eit folkeleg forankra forsvar, og MDG er imot nedskjeringane i denne forsvarsgreina. Greina bør styrkast, også med tanke på Heimevernet si viktige rolle som del av den sivile katastrofeberedskapen.

Den tryggleikspolitiske situasjonen er i dag prega av fleire utfordringar. Spenningsnivået mellom Russland og andre europeiske land har auka, og internasjonal organisert kriminalitet og terrorisme utgjer eit betydelig trugsmål. Cyberangrep mot store samfunnsinstitusjonar og infrastruktur kan gjere stor skade, og samfunnet er difor avhengig av sterk cybertryggleik for å forebygge slike angrep.

Dei Grøne vil oppretthalde norsk medlemskap i NATO, men aktivt arbeide for at forsvarsalliansen skal halde seg innanfor kjerneoppdraget. Det betyr at vi vil prioritere fredeleg konfliktløysing, førebygge konflikter, og forsvare medlemmene sine territorium, framfor såkalla "out-of-area"-operasjonar. Norsk deltaking i militære operasjonar utanlands må vere folkerettsleg forankra, og skal ikkje gå ut over Forsvaret sine primær oppgåver.

Avspenning må framleis vere eit viktig mål for norsk forsvars-, tryggleiks- og utenrikspolitikk. Dei Grøne vil difor arbeide for at NATO unngår å auke spenningsnivået i Europa eller i konfliktoner i andre deler av verda. Vi meiner vidare at Noreg må jobbe for at NATO-samarbeidet ikkje skal basere seg på bruk av kjernevåpen.

Dei Grøne vil:

- Arbeide for føreseieleg, langsiktig finansiering av Forsvaret.
- Halde fast på norsk medlemskap i NATO.
- Seie nei til utplassering av rakettkjold i NATO-regi på norsk jord.
- Styrke det nordiske forsvarssamarbeidet, blant anna innan informasjonsdeling, øvingar og samarbeid om utvikling og innkjøp av utstyr.
- Halde fast på dagens verneplikt, men også ta vare på retten til å nekte militærtene ste av samvitsårsaker.
- Styrke Kystvakta for å ta vare på norske ressursar og sårbare miljø langs kysten og i Arktis.

- Føre ein tydeleg og dialogbasert politikk overfor Russland, med vekt på menneskerettar, demokrati og folkerett, med mål om eit vedvarande godt naboskap og sivilt samarbeid, særleg i Barentsregionen.
- Styrke Sivilforsvaret si evne til å respondere i kriser og unntakssituasjonar i Noreg, og bygge kompetanse og kapasitet innan miljøinnsats og fredeleg konfliktløysing.
- Styrke Cyberforsvaret og arbeidet for cybertryggleik.
- Styrke Forsvaret sitt likestillingsarbeid.
- Styrke ettervernet for veteranar.
- Arbeide for grundige evalueringar av norsk deltaking i internasjonale militære operasjonar.
- Arbeide for at Forsvaret i større grad blir uavhengig av fossil energi.
- Redusere innkjøpet av F-35 jagarfly.
- Styrke finansieringa av Heimevernet for å ta vare på eit sivilt forankra minimumsvarsvar.
- Dei Grøne vil oppretthalde norsk basepolitikk frå 1949 som ikkje opnar for framande baser av styrkjer på norsk jord i fredstid

EUROPAPOLITIKK

Et tett og forpliktande europeisk samarbeid er avgjerande for å løyse store utfordringar som klimaendringar, tap av biologisk mangfald, migrasjon og flyktningkriser, terrorisme, økonomisk ulikskap og kapitalflukt til skatteparadis. Dei Grøne vil føre ein aktiv europapolitikk og vil utvikle vårt samarbeid med EU. EU har bidratt positivt til fred og samarbeid i Europa etter andre verdskrig, og har vore den fremste føregangsregionen for klimapolitikk i verda.

Samtidig viser Brexit at den folkelege tilliten til EU i 2016 er på eit historisk lågmål, eit resultat av blant anna større økonomiske skilnader, frykt for konsekvensane av auka innvandring og demokratisk underskot. Saman med våre europeiske søsterparti vil Dei Grøne arbeide for reformer i EU-systemet og i EØS-avtalen, med meir innsyn, meir demokrati, betre ivaretaking av klima- og miljøomsyn, og meir deltaking som mål. Dei Grøne meiner at Noreg, som andre land, har ansvar for å bidra til å styrke internasjonalt samarbeid og internasjonale institusjonar. Samtidig vil ein eventuell ny diskusjon om norsk EU-medlemskap føresette reformer som styrker unionen sin demokratiske legitimitet. eit spørsmål av så djuptgripande karakter må avgjerast ved folkerøysting.

Dei Grøne vil:

- Føre ein aktiv europapolitikk og bidra til meir debatt om felleseuropæiske spørsmål i Noreg.
- Samarbeide tett med EU om gjennomføring av klimapolitikk, samtidig som vi set klare mål for nasjonale utslepp.
- Bidra til felleseuropæiske løysingar for migrasjon, i tråd med Flyktningkonvensjonen og retten til fri bevegelse i Schengenområdet.
- Bruke reservasjonsretten i EØS-avtalen mot direktiv som strid mot viktige klima- og miljøomsyn, eller som grip inn i saker som klart må bli avgjort av nasjonalstaten.

FLYKTNINGER OG ASYLPOLITIKK

Arbeidsprogram
2017-2021

FNs klimapanel har advart om at klimaendringar kan føre til store flyktningstraumar i tiåra som kjem. Å løye klimaproblema blir avgjerande, saman med ein aktiv fredspolitikk og styrking av demokrati, menneskerettar og økonomisk utvikling. Internasjonalt samarbeid er tvingande nødvendig om vi skal skape ei verd der færre menneske fortvila ser seg nøydde til å forlate heimane sine.

Noreg har eit grunnleggande ansvar for å bidra i ei verd der mange er på flukt frå krig, førfølging og klimaendringar. Dei Grøne vil stå opp for flyktningretten, og ønsker ein ansvarleg og anstendig flyktningpolitikk. Den vil vere forankra i tilrådingane frå FNs høg-kommisær for flyktningar, og i våre lange tradisjonar for å bidra internasjonalt og her heime. Eit tett samarbeid i Europa, og med land i nærområde til Europa, er nødvendig for å ta vare på grunnleggande rettar til asylsøkjarar og flyktningar, og for å ta vare på både flyktningane og den økonomiske, økologiske og sosiale berekrafta i landa som tek imot dei.

Både i konfliktsituasjonar og som flyktningar er kvinner og barn ofte særleg utsatte. Dei Grøne vil difor støtte målretta hjelpe tiltak på området.

Dei Grøne vil:

- Styrke den humanitære bistanden for å hjelpe internt og regionalt fordrivne menneske.
- Grunnlovsfeste retten til å søkje asyl.
- At Noreg solidarisk skal ta imot ein anstendig del kvoteflyktningar i samsvar med FN sine tilrådingar.
- Arbeide for internasjonale avtalar som sikrar lovlege vegar til Europa for dei som treng vern.
- Bidra til felleseuropæiske løysingar for å ta vare på menneske på flukt.
- Legge større vekt på omsynet til barns beste i asylsaker.
- Gi betre vern til menneske som flyktar på grunn av miljøkatastrofar og naturøydeleggingar.
- Verne om retten til familieliv ved å sikre at flyktningar og andre utlendingar har reelt høve til å vere saman med familiemedlemmer i Noreg.
- Forkorte saksbehandlingstida i asyl- og familieinnvandringssaker.
- Styrke rettshjelpa i utlendingssaker og gi betre informasjon om flyktningane sine rettar.
- Styrke rettstryggleiken til asylsøkjarar i søker- og klageprosessen, og gi asylsøkjaren rett til personleg framme og juridisk bistand i behandling av ankesak.
- Styrke kompetansen hos utlendingsforvaltninga i LHBT+-spørsmål, og sikre menneske som flyktar på grunn av kjønnsidentiteten sin eller seksuell legning, høve til å søke asyl i Noreg.
- Legge til rette og motivere for frivillig retur, og gjennomføre raskare retur etter endeleg avslag.
- Gi opphaldsløyve til papirlause vaksne, som har budd i Noreg i sju år, og barn som har vore her i fire år.
- Styrke arbeidet med å identifisere statslause, og gi dei rettane som følger av FN-konvensjonen om statslause si stilling.
- Ikkje ta ifrå nokon statsborgarskap dersom det fører til at dei blir statslause.
- Oppheve ordninga med midlertidig opphold for einslege mindreårige asylsøkjarar mellom 16 og 18 år.
- Ikkje returnere menneske til land som blir definert som utrygge av FN.
- Sikre at bebruarar på asylmottak får rett til behandling av traumer, og god oppfølging.

ARBEIDSINNVANDRING

Arbeidsprogram
2017-2021

Arbeidsinnvandring er positivt for norske bedrifter, som slik kan rekruttere nødvendig og kvalifisert arbeidskraft frå utlandet. Noreg er eit rikt land med ein attraktiv arbeidsmarknad, og EØS-avtalen har bidratt til auka arbeidsinnvandring. Dei Grøne ønsker å legge til rette for arbeidsinnvandring også frå land utanfor EØS-området, med utgangspunkt i norske bedrifter sine behov for kompetanse og arbeidskraft. Det fordrar eit enkelt og føreseieleg regelverk både for bedrifter og arbeidstakarar, og redusert saksbehandlingstid.

Samtidig gir arbeidsinnvandring utfordringar, både i form av meir konkurranse på arbeidsmarknaden, særleg for unge arbeidstakarar, og i form av sosial dumping. Dei Grøne ønsker ein planmessig innsats mot sosial dumping, både på nasjonalt og europeisk nivå.

De Grønne vil:

- Arbeide for eit enkelt og føreseieleg regelverk for arbeidsinnvandring, for å sikre raskare tilgang på kvalifisert arbeidskraft, også frå land utanfor EØS-området.
- Støtte tiltak for å bekjempe sosial dumping knytt til arbeidsinnvandring.
- Utvide tilgangen arbeidstakarar utanfor EØS-området har til å søke midlertidig arbeidstillatelse i Noreg.
- Støtte tiltak som kan dempe og vege opp for hjerneflukt frå fattige land.